

Den norske solidaritetsrørsla for Palestina, 1967–1986

Tarjei Vågstøl



HOVUDOPPGÅVE I HISTORIE
INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, KONSERVERING OG HISTORISKE STUDIER
UNIVERSITETET I OSLO
VÅREN 2007

Innhald

Innhald	iii
Føreord	v
Oversyn over bokstavforkortingar	vii
Kapittel 1. Presentasjon og teori	1
Kort oversyn over perioden	1
Tidlegare forskning	4
Val av framstillingsform	6
Kva er ei solidaritetsrørsle?	7
Kva er ei rørsle?	8
Kjeldesituasjonen	11
Eigen ståstad	13
Kapittel 2. Føresetnader og formative år (1967–75)	14
Politisk rom og politisk klima	15
Solidaritetsrørsla for Vietnam	17
MI-rørsla veks fram	20
Norske haldningar til Israel og palestinarane før 1967	21
PLO: Ein palestinsk frigjeringsorganisasjon	23
Var Seksdagarskrigen i 1969 eit vendepunkt?	24
Arbeidsgruppe for Fritt Palestina, 1969–1970	27
Delegasjonsreisa til Jordan, september 1970	29
Skipinga av Palestinakomiteen	30
Det ideologiske grunnlaget for Palestinakomiteen	34
Avisa “Fritt Palestina”	37
Overvaking og tryggingsspolitikk	39
Oppsummering	41
Kapittel 3. To Palestina-organisasjonar (1975–79)	45
Stoda i Midtausten: PLO vert pressa	45
Sovjetunionen – ein fiende av Palestina?	46
Brotet i Palestinakomiteen	50
Årsakene til splittinga	52
Krisehjelp og solidaritet. Innsamlingane hausten 1976.	57
Palestinafronten	59
Politiske særdrag ved Palestinafronten	64
Gjennombrøt på gata	67
Oppsummering	69

Kapittel 4. Gjennombrot mot det sivile samfunnet (1980–1987)	73
Tilbakeslag for PLO	73
Ein blå vind?	75
Fellesutvalget for Palestina	77
Gjennombrot mot fagrørsla	81
Helseteam	85
Libanon, 1982: Kriseteam og Norsk Folkehjelp	89
UNIFIL i Libanon	91
Oppsummering	92
Kapittel 5. Analyse av grunndraga ved palestinarørsla	95
Er solidaritetsrørslene “sosiale rørslar”?	95
Handlingsrom – vilkåra for rørsla	97
Repertoar – korleis handla rørsla	98
Innramming – kvifor handla rørsla slik ho gjorde?	99
Mobilisering og organisering – korleis organiserte palestinarørsla seg?	107
Protestsyklus	108
Ei eiga rørslar?	110
Konjunkturane i Midtausten	111
Konklusjon	112
Vidare forskning	113
Kjelder	115
Litteratur	117

Føreord

Denne oppgåva handlar ikkje om Palestina, men det er likevel ikkje å unngå at tankane fer dit når eg no er i ferd med å avslutta arbeidet. Sjølv det kom eit ljospunkt for dei palestinske sjølvstyremaktene då Noreg tok oppatt kontakten denne våren, er dei framleis isolerte frå diplomatiske kontaktar og økonomisk stønad. Årsaka er at det partiet som vann det demokratiske valet i 2005, Hamas, står på internasjonale lister over terroristorganisasjonar. Frå denne ståstaden er det vanskeleg å forestella seg den tida eg skildrar i denne oppgåva, då PLO stod utan land eller internasjonal godkjenning, men der dei likevel vona å vinna i framtida. Det beste palestinarane kan vona på i dag, er å overleva.

Det er fleire som fortener å takk for å ha fått meg gjennom arbeidet med denne oppgåva. Fyrst vil eg takka Knut Kjeldstadli, rettleiaren min. Knut har vore tolsam, oppmuntrande og kritisk, alt etter kva som har vore naudsynt, og han har dessutan bidrege til å fylla store hol i kunnskapen min om venstresida i 1970-åra. Dessutan vil eg takka kona mi, Gudrun. Ho har lese både delar og heile oppgåva fleire gonger, kommentert, kritisert og lese korrektur. Gudrun har vore akkurat så lite tolsam som har vore naudsynt for å få meg til å gjennomføra. Det same har Dagny, dottera mi.

Alle informantane mine skal òg ha takk. Dei har sett av tid til lange intervju, fortalt og forklart meg korleis dei tenkte, skildra sine eigne historier eigedomeleg nøkternt og distansert. Til sist vil eg gjerne takka Lars Akerhaug, Ingrid Baltzersen og Mass Soldal Lund. Med alle tre har eg hatt mange lange og nyttige ordskifte om historia til solidaritetsrørsla i Noreg – eg har tru på at dei vil kjenna att mange analysar i denne oppgåva.

Tarjei Vågstøl

Oslo, april 2007

Oversyn over bokstavforkortingar

Dette oversynet dekkjer dei palestinske organisasjonane som er nemnde i oppgåva:

PLO	Palestine Liberation Organization
Fatah	Harakat al-Tahrir al-Watani al-Filastini (HaTaF > FaTaH)
PNC	Palestine National Congress
ALF	Arab Liberation Front
PLF	Palestine Liberation Front
PFLP-GC	Popular Front for the Liberation of Palestine – General Command
PFLP	Popular Front for the Liberation of Palestine
DFLP	Democratic Front for the Liberation of Palestine
PWU	Palestinian Women’s Union, Palestinian Workers’ Union
GUPW	General Union of Palestinian Workers

Kapittel 1.

Presentasjon og teori

Emnet for denne oppgåva er den norske solidaritetsrørsla for Palestina frå 1967 til 1986. Denne perioden dekkjer åra frå dei fyrste stega mot ein norsk solidaritetsorganisasjon for Palestina vart tekne fram til Arbeiderpartiet overtok regjeringsmakta i Noreg og byrja å føra ein tydeleg meir Palestina-venleg politikk i 1986.

Den viktigaste problemstillinga eg ynskjer svar på, er korleis palestinarørsla organiserte seg i denne perioden, og kva strategiar dei valde for å vinna oppslutnad i opinionen og hjå viktige aktørar. Eg ynskjer å sjå i kva grad politikken, arbeidsformene og organiseringa endra seg i perioden, og kva tilhøve som i så fall styrte denne endringa: var det ein indre dynamikk i rørsla, det politiske klimaet i Noreg eller hendingar og aktørar i Midtausten?

Arbeidshypotesen min er at ei lita gruppe normdannarar ganske tidleg etablerte eit sett med politiske grunnprinsipp innanfor eit allereie etablert politisk univers, og at seinare generasjonar aktivistar heldt seg til desse, samstundes som arbeidsformene til rørsla utviklar seg noko som følgje av endringar i det politiske klimaet og konjunkturane i Midtaustenkonflikten.¹

Kort oversyn over perioden

Med “solidaritetsorganisasjonane for Palestina” meiner eg dei organisasjonane som arbeidde i perioden for å auka støtta i Noreg for palestinarane: Palestinakomiteen (frå 1970), Palestinafronten (frå 1976, i 1986 omdøyppt til Palestinagruppene i Norge) og Fellesutvalget for Palestina (FUP, frå 1980). Hovudvekta vil liggja på Palkom og Palfront; Fellesutvalget kan best skildrast som Palfront sitt samarbeidsorgan og går dimed inn i framstillinga av denne.²

¹Det er fleire moglege nemningar som er råd å bruka på konflikten rundt Palestina. Eg vel å referera til han som Palestina-konflikten eller Midtausten-konflikten.

²Eg kjem til å bruka forkortingane Palkom (Palestinakomiteen), Palfront (Palestinafronten), PgN (Palestinagruppene i Norge), FUP (Fellesutvalget for Palestina) ganske ofte, sidan organisasjonsnamna er lange og tunge, og organisasjonane sjølve bruker desse namna på seg sjølve i trykt materiale. Eg vil ofte bruka nemninga palestinarørsla om solidaritetsrørsla for Palestina. I kjeldene finst òg forkortingar som

Dei to solidaritetsorganisasjonane var på ingen måte åleine om å ta stilling til konflikten i Midtausten. I perioden oppgåva dekkjer, endra delar av den norske opinionen seg frå klår støtte til Israel over i meir pro-palestinsk retning.³ Mange organisasjonar – mellom anna fagforbund, politiske parti, naudhjelpsorganisasjonar og kristne organisasjonar – endra syn og nokre byrja arbeida aktivt for palestinarane. Å ta føre seg heile denne breie opinionsendringa er ei uoverkomeleg oppgåve. Eg vel difor å sjå på dei særleine Palestina-organisasjonane; både fordi det er rimeleg å rekna med at dei har vore leverandørar av meiningar, målsetjingar og argumentasjon, og fordi dei er aktørar det er mogleg å studera over lang tid.

Palestinakomiteen vart skipa i september 1970, då “Midtøsten [var internasjonalt] i brennpunkt”.⁴ Tre år før hadde Israel okkupert Gaza, Vestbreidda, Sinai-ørkenen og Golan-høgda. I 1969 fekk Yasir Arafat og partiet Fatah kontroll over PLO, den palestinske frigjeringsorganisasjonen, og organisasjonen byrja med militære åtak i dei okkuperte områda frå basar i Jordan.⁵ I 1970 rekna jordanske styremakter denne aktiviteten som eit så stort trugsmål at dei gjekk til militært åtak på PLO (operasjonen er kjend under namnet “Svart September”). Jamvel om konflikten i området har røter attende til mellomkrigsåra, var det fyrst frå slutten av 1960-åra at palestinarane sjølve organiserte noko som kan likna på ei nasjonal frigjeringsrørsle.

Samstundes var det politiske klimaet i Noreg moge for ein solidaritetsorganisasjon for Palestina. Vietnam-krigen hadde vist at eit fattig folk med småe ressursar kunne halda stand mot den sterkaste militærmakta i verda. I politisk radikale miljø fekk førestellinga om at alle folk slåss mot same fienden – USA-imperialismen – stadig større oppslutnad. I Noreg hadde det, som i andre land, vore mogleg å byggja ei sterk solidaritetsrørsle – og på få år hadde opinionen snudd. For radikale, unge menneske på slutten av 1960-åra kunne det sjå ut til at det neste store slaget mot imperialismen skulle stå i Palestina.

Initiativet til skipinga av ein solidaritetsorganisasjon kom frå medlemmer i SUF(ml), mellom andre Finn Sjøe og Peder Martin Lysestøl som hadde vore på vitjing hjå PLO i Ammān.⁶ I desember var det kome til fleire studiegrupper, ein sette ned eit

FUFp, PK, Komiteen og Fronten.

³Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne,” *Vardøger* 29(2004), 172–73.

⁴Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel. Oslo–Jerusalem 1948–78* (Oslo: Cappelen, 1996), 453.

⁵Ilan Pappé, *A History of Modern Palestine. One Land, Two Peoples* (Cambridge: Cambridge University Press, 2004), 193.

⁶Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 453.

mellombels landsstyre, og i 1971 vart det fyrste formelle landsmøtet halde.

Utover 1970-talet konsoliderte Palkom seg som ein aktivistorganisasjon, og knytte kontaktar både til det sivile samfunnet i Noreg og til PLO. I 1975–76 forsvann ein del av dei aktive medlemene frå Palkom, med bakgrunn i ei usemje om det var slik at Sovjet var eit like stort trugsmål mot Palestina som USA. Desse skipa Palestinafronten i 1976. I mesteparten av perioden oppgåva dekkjer, eksisterte det altså to organisasjonar som arbeidde for å fremja Palestina-solidaritet i Noreg.

Dei fyrste åra var tonen mellom organisasjonane ganske krass, og båd gjekk langt i å hevda at “den andre” organisasjonen eigentleg ikkje arbeidde for palestinarane i det heile, men hadde ein løynd agenda og nærast motarbeidde solidaritetsarbeidet. Etter nokre år vart klimaet rolegare, og organisasjonane utvikla særdrag som gjorde at dei i større grad utfylde kvarande. Palestinakomiteen la hovudvekta på å vera ein masseorganisasjon (rett nok aldri med særleg meir enn tusen medlemmer), og dei fremste verkemidla deira var aksjonisme (demonstrasjonar og markeringar) her heime, og å senda grupper med helsearbeidarar til PLO. Palestinafronten la større vekt å påverka andre organisasjonar, særleg fagrørsla, parti og kristne organisasjonar. Dei dreiv òg med helsearbeid, men ynskte på lang sikt å overlata dette til profesjonelle hjelpeorganisasjonar.

I 1980 vart Fellesutvalget for Palestina (FUP), eit samarbeidsorgan for alle organisasjonar som ynskte å stø palestinarane, oppretta etter initiativ frå Palfront. Det er ikkje misvisande å skildra dette som “Palestinafrontens fellesutval”, for Palestina-komiteen stod (og vart halden) utanfor Fellesutvalget heilt fram til 1990-talet. Eg har valt å avslutta oppgåva mi i 1986, då Gro Harlem Brundtland danna regjering for Arbeidarpartiet, og ope markerte ein meir palestinavenleg politikk.⁷ Særleg etter at Thorvald Stoltenberg tok over som utanriksminister i februar 1987 (då Knut Frydenlund brått døydde), byrja den norske regjeringa å driva ein meir aktiv palestinapolitikk, noko som i fyrste omgang bidrog til underteikninga av “Oslo-avtalen” i 1993.

Ingen av Palestina-organisasjonane la seg ned, korkje i 1986 eller i 1993. Når eg likevel vel å setja 1986 som sluttstrek, er det fordi åra 1967 til 1986 dannar ein epoke der solidaritetsrørsla stod i markant opposisjon til den offisielle norske

⁷“The new government immediately spoke out in favor of a more PLO-friendly approach, signalling a turning point in the Norwegian Middle East policy.” Hilde Henriksen Waage, *Peacekeeping is a risky business*, PRIO Report (Oslo: PRIO, 2004), 40.

utanrikspolitikken.⁸ Dersom me ser på Midtausten, byrja det òg ein ny epoke etter 1986. Hausten 1987 braut *intifadaen* på Gaza og Vestbreidda ut, og nye aktørar dukka opp, som den islamistiske frigjeringsorganisasjonen Hamas (skipa 1988).⁹ Ein tek truleg ikkje for sterkt i om ein seier at intifadaen gav ny kveik til både den palestinske frigjeringsrørsla og til solidaritetsrørsla i Noreg. Kan henda ein kan gå så langt at ein kan snakka om at dette sette i gang ein ny i syklus konflikten – og i solidaritetsarbeidet.

Tidlegare forskning

Det har ikkje vore gjort akademisk forskning på den norske palestinarørsla tidlegare, jamvel om konflikten i Palestina har fått stor merksemd. Aktørane i rørsla har vore opptekne av å fortelja sin eigne historier, og desse forteljningane har både anekdotiske drag og utkast til analyse. Til dømes oppsummerer Kjell Bygstad endringane i norsk Midtausten-politikk sidan 1970 og freistar å analysa kva rolle palestinarørsla har spela.¹⁰ Mykje av den tidlege historieskrivinga i rørsla har fyrst og fremst hatt eit indremedisinsk føremål: Å styrkja tilhøyrsla til organisasjonen og gje nye aktivistar ei forståing av kva ein har utretta før. Denne funksjonen var kan henda særleg viktig då konflikten mellom Palfrent og Palkom var på sitt sterkaste, og kan illustrerast med eit sitat frå heftet *Brennpunkt Palestina*: “Palestinafronten blei danna våren 1976. Bakgrunnen finner vi i AKP’s sekteriske parti-misbruk av Palestinakomiteen”.¹¹ Slik språkbruk fanst sjølvst på bae sider av konflikten, men sitatet syner korleis (den tidlege) interne historieskrivinga får størst verdi om me ser på henne som ei levning som fortel om aktørane si sjølvforståing.

Forskinga på norske haldningar til Midtausten-konflikten har hatt den norske staten, media eller tunge organisasjonar som forskingsobjekt: Hilde Henriksen Waage granska den norske staten sitt tilhøve til Israel kring opprettinga i 1948 og har dessutan

⁸Denne setninga må ikkje skjønast som om solidaritetsrørsla og norske styremarkter etter 1986 var samde om Palestinapolitikken. Den offisielle politikken var fyrst og fremst retta inn mot å leggja til rette for ei forhandlingsløysing, medan solidaritetsrørsla framleis arbeidde for støtte til PLO. Likevel er det teikn på at solidaritetsorganisasjonane stod framføre solid ideologisk nyorientering etter 1993: I studieheftet *Framtid for Midtøsten?* (Oslo: Sosialistisk opplysningsforbund, 1994) vert spørsmålet om tilgang til vassressursane i området gjort til hovudtema for bolken som handlar om “stoda i dag”.

⁹Det arabiske ordet *intifāda* tyder “opprør”, og vert brukt for å skildra ulike (folkelege) opprør i Midtausten. Brukt åleine, *intifadaen*, syner det likevel vanlegvis til opprøret på Gaza og Vestbreidda som byrja i 1987 og tok slutt i 1993.

¹⁰Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne.” Denne framstillinga er vorten kritisert av medlemmer i Palestinakomiteen, sjå Rolf Rynning Hansen, “Historieforfalskning?,” *Rødt* 2005, nr. 3 (2005): 76-78, noko som illustrerer at det kan vera vanskeleg å vanskeleg for aktørane å skriva historia.

¹¹*Brennpunkt Palestina* (Oslo: Sosialistisk Opplysningsforbund, 1979), 53.

skrive ein analyse av Noreg si rolle i fredstingingane i 1993.¹² Øystein J. Rovde har skrive hovudoppgåve om LO og Midtausten i perioden 1947 til 2002¹³, og eg har òg hatt nytte av hovudoppgåvene til Morten Ivarsen og Heidi Olsen, som båe tek føre seg Seksdagerskrigen i 1967 som vendepunkt i den norske opinionen.¹⁴ I ei særstilling står dessutan Odd Karsten Tveits dokumentarbøker *Alt for Israel og Krig og diplomati*, som med utgangspunkt i personlege røynsler, mediadekkinga og eigne intervju følgjer Noreg si rolle andsynes Israel og palestinarane i perioden 1948–96 frå dag til dag.¹⁵ Trass i at desse bøkene er “populærhistoriske”, byggjer dei på eit solid kjeldegrunnlag, og eg har hatt stor nytte av dei som oppslagsverk.

Sidan oppgåva mi i stor grad handlar om solidaritetsrørsla som *norsk* politisk rørslle, har eg ikkje i særleg grad gått inn i faglitteraturen om Midtausten-konflikten. Eg har stort sett nytta oversynsverk om Midtausten etter 1900.¹⁶

Ved sidan av forskning på Palestina-konflikten har eg nytta den forskinga som har vore gjort på andre solidaritetsorganisasjonar. Dette gjeld særleg solidaritetsrørsla for Vietnam, som nærast kan reknast som ein forløpar for palestinarørsla. Her har eg hatt god nytte av Kim Salomons framstilling av den svenske Vietnam-rørsla.¹⁷ James Godbolt arbeider med ei avhandling om Vietnam-arbeidet i Noreg, og eg har nytta eit tidleg utkast til denne avhandlinga.¹⁸

Det er umogleg å skildra den norske palestinarørsla utan å kjenna til historia til den norske venstresida. Ein stor del av perioden eg tek føre meg var prega av den djupe kløfta mellom AKP(ml) på eine sida og SF/SV på hi, med sympatisørar på båe sider.¹⁹

¹²Hilde Henriksen Waage, *Norge – Israels beste venn. Norsk Midtøsten-politikk 1949-1956* (Oslo: Universitetsforlaget, 1996) og Hilde Henriksen Waage, *Peacekeeping is a risky business*.

¹³Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn. LOs forhold til Midtøsten 1947–2002” (Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2004).

¹⁴Morten Ivarsen, “Holdning til Seks-dagers krigen mellom Israel og araberne i 1967 i et utvalg av norske aviser.” (Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1995); Heidi Olsen, “Seksdagerskrigen – et vendepunkt? Norge og Midtøsten-konflikten på 1960-tallet” (Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1998).

¹⁵Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*; Odd Karsten Tveit, *Krig og diplomati. Oslo–Jerusalem 1978–1996* (Oslo: Aschehoug, 2005).

¹⁶Særleg William L. Cleveland, *A History of the Modern Middle East*, 2. utg. (Boulder, CO: Westview, 2000) og M. E. Yapp, *The Near East since the First World War* (Harlow: Pearson Education, 1996).

¹⁷Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden. FNL-rørelsen och 60-talets politiska ritualer* (Stockholm: Rabén Prisma, 1996).

¹⁸James Godbolt, “Vietnamspørsmålet og det norske samfunnet”, arbeidsutkast til ei upublisert doktoravhandling, (presentert på arbeidsseminar om sosiale rørsler ved IAKH, UIO, 6.–7. desember 2004).

¹⁹Det er utan tvil fleire parti og ungdomsorganisasjonar som høyrer heime på venstresida, som AUF, NKP, NKU og KU. Dertil eksisterte fleire ml-smågrupper, der Kommunistisk Universitetslag (KUL) kan henda er den mest kjende. Når eg både her og seinare legg mest vekt på SF/SV og AKP(ml), er det fordi konflikten mellom desse prega palestinarørsla.

Denne kløyvinga vart òg spegla i solidaritetsrørslene, både organisatorisk og politisk. For å kunne gripa innhaldet i politiske motsetnader som i dag framstår som spissfindigheiter, har det vore naudsynt å gå inn i forkinga som har vore gjort på norsk ml-rørsle. Eg har i stor grad halde meg til hovudfagsoppgåvene til Ragnhild Mork, Hans Peter Sjøli og Håkon Kolmannskog. Desse tre utfyller kvarandre i stor grad, men særleg har eg hatt stor nytte av oppgåva til Kolmannskog.²⁰

Eg vonar difor at denne oppgåva kan fylla ut ei blank side, både i historia om norsk politikk andsynes Palestina-konflikten og i historia om dei nye rørslene i 1970-åra.

Val av framstillingsform

Eg vil følgja palestinarørsla gjennom perioden og finna dei faktorane som styrte utviklinga av organisasjonen og endringa av politikken. Dette er eit breitt anlagt perspektiv; og det tilgjengelege kjeldematerialet er omfangsrikt. Det hadde vore mogleg å stilla meir avgrensa spørsmål knytt til delar av historia til rørsla, til dømes skipinga i 1970 eller historia til helseteama i Libanon. I båe tilfella hadde det vore meir enn nok stoff til å fylla ei hovudoppgåve. Det let seg likevel gjera å forsvara å velja eit så omfattande tema for oppgåva som det eg har gjort. For å kunna følgja rørsla over tid og studera korleis ho får gjennomslag, er tidsdimensjonen naudsynt. Dessutan opnar dette perspektivet for å presentera det mangfaldige arbeidet som rørsla dreiv gjennom perioden. Kan henda oppgåva slik kan verta interessant for meir enn eit fagleg publikum?

Når det gjeld framstillinga, vekslar eg mellom å framstella leiande aktørar og å la organisasjonane sjølve opptre som aktørar. Det siste grepet er mogleg å problematisera. I ei framstilling som stort sett tek føre seg det indre livet i organisasjonane kan formuleringar som “Palestinakomiteen meinte ...” pulverisera aktøren. I den grad slike formuleringar førekjem, tyder dei at “det offisielle synet frå leiinga i Palestinakomiteen var ...”. Fokuset på leiinga er derimot fundert i stoffet. Motivasjonen for dei fleire tusen aktivistane som vart med i solidaritetsarbeidet, kan me ikkje vita noko om, men det er rimeleg å rekna med at dei ofte hadde reine humanitære eller moralske grunnar.²¹

²⁰ Ragnhild Mork, “Kinas raude sol” (Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1996); Hans Petter Sjøli, “Fra raddis til kader: Kineseri i tidens ånd. Om ml-erne og det antiautoritære opprøret” (Universitetet i Oslo, 1996); Håkon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla. Det umogleges kunst 1965–1980.” (Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2006).

²¹ Som Ebba Wergeland formulerte det: “Det var ganske få som var politiske feinschmeckarar, og

Likevel var palestinaorganisasjonane tungt “politiserte”, i tydinga at både dei politiske linene og organisasjonsarbeidet vart grunngeve med ideologiske prinsipp. Dette har gjeve organisasjonane eit stort “korpus” av ideologi, historieforståing og strategisk forståing av sine eigne roller som solidaritetsorganisasjonar. Dette korpuset har i fyrste rekkje vore formulert og formidla av leiingane. Eg har difor prioritert å skildra vurderingane til det ein kan kalla normdannarar; dei som la føringar for kvifor og korleis resten av rørsla skulle oppfatta konflikten.²² Naturen til solidaritetsarbeidet gjer òg at det er naturleg å fyrst og fremst sjå på leiinga. Den daglege leiinga av organisasjonane måtte reagere raskt når hendingar i Midtausten eller Noreg baud på politiske sjansar, og dei hadde ikkje tid til å venta på at framlegg skulle førehavast i heile organisasjonen (landsstyret i Palestinafronten møttest til dømes berre ein gong i året utanom landsmøta). Såleis kom både Palkoms helseteam i 1976 og Palestinafrontens framstøyt mot Norsk Folkehjelp i 1982 i gang utan at dette var planlagt i arbeidsprogramma.

Kva er ei solidaritetsrørsele?

I oppgåveformuleringa har eg omtala palestinarørsla som ei “solidaritetsrørsele” og Palestinakomiteen og Palestinafronten som “solidaritetsorganisasjonar”. Denne merkjelappen kjem frå organisasjonane sjølve, og stod sentralt i sjølvforståinga deira. I polemikk mot Palfront etter splittinga skreiv Palkom:

Vi tror det trengs en *solidaritetsorganisasjon*, en anti-imperialistisk organisasjon, som skal arbeide fram en aktiv *solidaritet* mellom det palestinske og det norske folket. Vi tror ikke at “Palfront” er en organisasjon som skal gjøre dette. [mine uthevingar]²³

Trass tonen i dette sitatet er det ikkje eintydig kva som ligg i omgrepet “solidaritet”. Den moderne tydinga dukka opp på slutten av 1700-talet i Frankrike for å skildra den interessefellesskapen som eksisterte i føremoderne samfunn, og vart seinare nytta av Emilie Durkheim som ein sosiologisk term for å skildra korleis menneske er gjensidig

kunne dette til botns. Alle andre støtta dette fordi dei støtta palestinarane.” Ebba Wergeland, intervju av Tarjei Vågstøl, 29. november 2006.

²²Håkon Kolmannskog, “Idelogisk leiarskap i ml-rørsla”, 137–45, drøftar korleis leiinga i AKP(ml) fungerte som normforvaltarar innanfor eit “maoistisk univers”, og viser til at dette er mekanismar som gjer seg gjeldande i *alle* organisasjonar.

²³*Fritt Palestina*, “Hva mener ‘Palestinafronten’?”, 1976

avhengige av kvarandre i samfunnet. Omgrepet vart òg brukt politisk for å skildra samhald, empati og interessefellesskap: I marxistisk tyding mellom medlemene av ei klasse eller gruppe som har sams interesser (Sidney Tarrow peiker på at solidaritet er ein form for identifikasjon med dei ein slåss for, naudsynt for ei sosial rørsle²⁴), i kristen og sosialdemokratisk tyding omsut og støtte til alle menneske som har det vanskeleg. Nynorskordboka definerer det som “samhald”.²⁵ Steinar Stjernø viser korleis grensene for denne solidariteten gradvis har vorte utvida i etterkrigstida:

Men det er likevel studentopprøret i 1968 som virkelig førte til en revitalisering og spredning av solidaritet som ideologisk nøkkelbegrep. I de sosialistiske og de sosialdemokratiske partiene førte det til at solidaritet nå ble et nøkkelord i forhold til den tredje verden, i kvinnes kamp for frigjøring og i kampen mot diskriminering av minoriteter som funksjonshemmede, homofile, og av etniske minoriteter. Slik ble solidaritetens grenser stadig utvidet og begrepet ble mer inkluderende.²⁶

Jamvel om palestinarørsla brukte “solidaritetsorganisasjon” som honnørord, er det ikkje klårt at det alltid tydde det same. Det vart brukt for å avgrensa seg mot fredsrørsla, bistandsarbeid og informasjonsarbeid, men eg har inntrykk av at det endra meining over tid, og at fleire tydingar av ordet var operative samstundes: Skulle ein ha solidaritet med palestinarane fordi dei var undertrykte, eller fordi dei kjempa ein “rettferdig kamp”? Korleis skulle ein “aktiv solidaritet mellom det palestinske og det norske folket” arta seg? Eg trur ikkje det let seg gjera å finna konsise og eintydige definisjonar av kva som låg omgrepet, men eg vil undersøkje korleis det vart brukt i ulike kontekstar på ulike tidspunkt. Dette kan hjelpa til å kasta ljøs over kva forståing (dei ulike delane av) palestinarørsla hadde av føremålet sitt og arbeidsoppgåvene sine.

Kva er ei rørsle?

Om det kan vera vanskeleg å vita kva som ligg i “solidaritet”, er det lettare å vita kva som ligg i “rørsle”. I norsk daglegtale bruker me ordet om ein politisk tendens som femnar vidare enn berre ein organisasjon. I forskinga på sosiale rørsler, eit felt som er

²⁴ Sidney Tarrow, *Power in movement. Social movements and contentious politics*. (Cambridge: Cambridge University Press, 1998), 118–20.

²⁵ *Nynorskordboka*, (Oslo: Samlaget, 1994), s.v. “Solidaritet”.

²⁶ Steinar Stjernø, *Solidarity in Europe. The history of an idea* (2005), sitert frå presentasjon 11. februar 2005

delt mellom historie og sosiologi, vert ordet brukt omlag på same måten. Kim Salomon definerer “sosial rørsle” slik når han skriv om den svenske vietnamrørsla:

Begreppet social rörelse definieras vanligtvis som ett kollektivt organiserat handlande. Deltagarnas aktiviteter utgör den väsentligaste ressursen, och syftet är att endra samhällsutvecklingen. Rörelsen får sin kraft genom anhängarnas aktiva deltagande och vilja att förverkliga rörelsens mål.²⁷

I boka *Power in Movement* presenter Sidney Tarrow eit større teoretisk rammeverk for å forklara korleis folkeleg protest (*collective contentious action*) oppstår og kva vilkåra er for at slik protest kan utvikla seg til sosiale rørsler:

I argue ... that contentious politics is triggered when changing political opportunities and constraints create incentives for social actors who lack resources on their own. They contend through known repertoire of contention and expand them by creating innovations at their margins. When backed by dense social networks and galvanized by culturally resonant, action-oriented symbols, contentious politics leads to sustained interaction with opponents. The result is social movement.²⁸

Eldre teori om sosiale rørsler såg dei som uttrykk for “anomali”, eller eit teikn på at det politiske systemet ikkje greidde å løysa interessekonflikter innanføre institusjonaliserte ramar.²⁹ Sidan 1960-talet har teorien gradvis teke meir utgangspunkt i at folkeleg protest finst i alle samfunn, og synt korleis dei sosiale strukturane i moderne samfunn gjer det mogleg å konsolidera slik protest til sosiale rørsler. Det er difor nyttig å vurdere palestinarørsla i høve til modellen Tarrow presenterer. Her vil eg kort presentera dei viktigaste omgrepa, og skissera korleis dei opnar for viktige spørsmål. Omgrepa kjem konkret til nytte når eg gjev ei overordna analyse av palestinarørsla i kapittel 5.

Eit grunnleggjande vilkår for kollektiv protest er at aktørane opplever handlingsrom (*opportunities*), høve til å vinna noko på å handla kollektivt. Dette handlingsrommet er ikkje konstant, men vert skapt i samhandlinga mellom mellom ulike rørsler og grupper og styremaktene. Denne prosessen skapar protestsyklusar

²⁷Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, 17.

²⁸Sidney Tarrow, *Power in movement*, 2.

²⁹Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, 19, og Sidney Tarrow, *Power in movement*, 14.

(*cycles of contention*) der intensiteten av folkeleg protest svingar. Vokster og nedgang i slike syklusar kan sporast attende til både interne og eksterne faktorar.

Det var visse aktivitetar som var gjengangarar i solidaritetsarbeidet: utdeling av flygeblad, stands, sal av aviser og effektar, lesarbrev til avisene, studiesirkklar, debattmøte, punktdemonstrasjonar og massedemonstrasjonar. Etter kvart dukkar det opp fleire: pengeinnsamling, helseteam og samarbeidsforum. Tarrow kallar dette for repertoar (*repertoire*): “It is easiest for people to employ a form of collective action they know how to use, and this is what best explains the predominance of conventional forms over all others”.³⁰ Når palestinarørsla prioriterte å senda aktivistane ut på gata for å stå på stand, var det ikkje fordi nokon fann opp plakatbukken på eit styremøte; dei tok i bruk ei politisk ytringsform som fall naturleg fordi dei kjende henne. For å finna ut korleis rørsla endrar seg, kan det vera fruktbart å sjå korleis repertoaret endrar seg. Tarrow reknar opp fire årsaker til at dette skjer: institusjonalisering (*institutionalization of contention*), vidareutvikling (*innovation at the margins*), taktisk samhandling (*tactical interaction*) og paradigmeskifte (*paradigmatic change*).³¹

Dersom ei rørsla skal vera i stand til å mobilisera, må ho nytta symbol som folk flest har eit tilhøve til, men samstundes “ramma dei inn” slik at symbola vert tolka på rett måte (*framing*).³² Denne innramminga vert ikkje funnen opp medan striden står, men “existing cultural frames” vert kopla til saka (*frame bridging*), forsterka (*frame amplification*), utvida (*frame extension*) eller omdanna (*frame transformation*). Innramminga kan på eit vis skildast som “omgrepsrepertoaret” til rørsla, det ho bruker for å presentera ideologien sin. Endringar i rammeverket kan både tyda at ideologien har endra seg, eller at ein prøver seg på nye måtar å nå fram til fleire på.

Modellen til Tarrow byr på gode omgrep for å svara på delar av problemstillinga. Fyrst og fremst peikar han på mobilisering, repertoar og innramming som det som særpregar ei sosial rørsla, eller uttrykt med spørjeord: kven, korleis og kvifor. Eventuelle endringar i rørsla vil difor koma til syne i desse tre komponentane. Omgrepa *handlingsrom* og *protestsyklus* gjev tilsvarende omgrep for å skjønna det som lausleg vert kalla “den politiske situasjonen i Noreg” og “det politiske klimaet”. Om palestinarørsla var ei sosial rørsla i streng forstand, kjem eg attende til i analysekapitlet.

³⁰Sidney Tarrow, *Power in movement*, 98.

³¹Ibid., 101.

³²Ibid., 110.

Kjeldesituasjonen

I arbeidet med oppgåva har det vore naudsynt å finna ut både *kva* som skjedde i palestinarørsla og kjelder som kan fortelja om om *kvifor* dette skjedde. Eg har valt å hovudsakleg nytta to kjelder: Dei opne informasjonsavisene *Palestina-Nytt* (Palestinafronten) og *Fritt Palestina* (Palestinakomiteen) og intervju med ti sentrale aktørar.

Diverre har eg ikkje hatt fullstendig tilgang til organisasjonsarkiva. Det gjer at eg berre i avgrensa grad har hatt tilgang til referat frå landsmøte, sentralstyremøte og landsstyremøte. Dette kjem ikkje av motvilje frå forskingsobjekta, men av at Palestina-organisasjonane heile tida har vore små organisasjonar utan store kontor og administrasjonsstabar. Ingen av dei har teke vare på heile organisasjonsarkiva sine. Palestinakomiteen kasta arkiva sine i samband med leiarskiftet i 1986.³³ For Palestinafronten er stoda noko betre. Der finst det interne medlemsbladet *Al-Thawra/Medlemsblad* komplett på kontoret til Fellesutvalget for Palestina. Dette var informasjonskanalen leiinga i Palfrent nytta for å nå dei aktive medlemene sine, og her finst referat og sakpapir frå landsstyremøta og landsmøta, rapportar frå lokallaga og til ein viss grad referat frå sentralstyremøta. Medlemsbladet fungerte òg til tider som debattforum, der ulike syn på saker kom til uttrykk. Diverre hadde bladet ujamn utgjevingstakt: stundom kom det eit nytt nummer kvar veke, andre gonger gjekk det eit halvår mellom kvart nummer. Medlemsbladet har likevel vore ei svært verdifull kjelde, og gjer at eg har vesentleg betre kjeldegrunnlag for å seia noko om dei interne analysane og ordskifta i Palestinafronten enn i Palestinakomiteen.

Dei opne informasjonsavisene *Fritt Palestina* og *Palestina-Nytt* finst derimot komplett på Nasjonalbiblioteket. Desse avisene formidla nyhende og kommenterte både stoda i Midtausten og stoda i solidaritetsrørsla i Noreg, og retta seg mot medlemmer og sympatisørar. Eg har òg gått gjennom nokre andre publikasjonar, særleg boka *Palestinerne – historie og frigjøringskamp* av Peder Martin Lysestøl (Oslo: Oktober, 1974), studieheftet *Brennpunkt Palestina* (Oslo: Sosialistisk opplysningsforbund 1979) og heftet *For PLO i Libanon. Brev fra Palestinakomiteens helseteam 1976–78* (Palestinakomiteen, 1979). Ofte er desse tekstane skrivne i ein kraftig retorisk stil, med regelrette åtak på og utskjellingar av meiningsmotstandarar. Dette heller styrkjer enn

³³Opplysning frå Helga Hvidsten, økonomiansvarleg i Palestinakomiteen, 5. november 2004

reduserer verdien av kjeldene om ein ser dei som levningar, sidan dei politiske standpunkta til organisasjonane og dimed rammeverket dei opererte innanføre, kjem klårt fram. Stundom vart debattane førte utanfor rørsla, til dømes i avisa *Klassekampen* eller i *Dagbladet*, *Aftenposten* og *Arbeiderbladet*. Eg har i liten grad lagt vekt på desse avisene som kjelde.

Om mangelen på interne sakspapir har vore eit problem, er heldigvis dei aller fleste som har vore leiande i solidaritetsrørsla i live og tilgjengelege for intervju. Etter å ha gått gjennom dei trykte kjeldene, laga eg ei liste over ti sentrale aktørar og spurde desse om å få gjera intervju (sjå kjeldelista for oversyn over intervjuobjekta). Alle var viljuge til å lata seg intervju, og ingen hadde motførestellingar mot at intervju vart tekne opp, brukte som underlag og deponerte ved eit arkiv for framtidig bruk. Alle intervju vart tekne opp og seinare transkriberte.³⁴

Intervju vart haldne i samtaleform, og spørsmåla mine varierte frå intervjuobjekt til intervjuobjekt. Eg brukte altså ikkje eit fastlagt intervjukjema, men følgde likevel eit visst mønster. Fyrst bad eg objektet fortelja om korleis han/ho kom med i palestinarørsla, og aktiviteten sin der, så følgde eg opp med oppfølgjingsspørsmål, anten for å få meir greie på faktiske hendingar eller for å stilla spørsmål om “kvifor tenkte de ...”. I nokre tilfelle svara intervjuobjekta fyrst og fremst på spørsmåla eg stilte, og i andre tilfelle styrte dei heile intervjuet gjennom å fortelja historia si svært grundig (og svara slik på alle spørsmåla eg hadde førebudd). Den “frie” metoden var naudsynt fordi eg avgrensa meg til så få intervju, og fordi objekta var plukka ut som representantar for *ulike* sider ved rørsla. Eg hadde difor ulike spørsmål til alle, og ynskte både å skaffa informasjon om det som faktisk hende, og å gripa kva for politiske analysar som låg til grunn. Nokre av intervjuobjekta har òg delteke i avisdebattar om visse sider ved solidaritetsarbeidet; i nokre tilfelle har eg brukt utsegner frå desse debattane for å utfylla det som kom fram i intervju.

Føremonen med ein slik metode er at alle intervjuobjekta fekk fortelja historia på sin måte, og at det vart skapt ein tillit til at eg ynskte å lata deira synspunkt koma til uttrykk. Ulempene er òg lette å få auge på: Sidan eg var på jakt etter både historikk og analysar, er det lett for intervjuobjekta å styra mi framstilling av historia, ved at dei

³⁴ Ved tre av tilfella braut opptaksutstyret saman, og eg var nøydd til å gjera notatar på papir. I alle tilfella bortsett frå eitt vart intervju normaliserte til nynorsk då eg skreiv dei inn, og samstundes vart nokre formuleringar redigerte for å vera meir lesarvenlege. Når eg seinare siterer intervju direkte, er det altså transkripsjonane eg viser til.

kontrollerer all informasjonen. Det gjeld ikkje så mykje *kva* dei fortel, men like mykje det dei ikkje fortel: Kva sider ved arbeidet legg dei *ikkje* vekt på, kva episodar hugsar dei *ikkje*, kva diskusjonar vart aldri tekne? Mange av intervjuobjekta har òg sjølve analysert historia, og har såleis hatt høve til å påverka mine analysar. I framstillinga har eg prøvd å skilja tydeleg mellom mine og informantane sine analysar.

Til sist, ein liten merknad om skrivemåten av arabiske namn. Denne varierer på norsk. Stundom vert det nytta direkte transliterasjon frå det arabiske alfabet, og stundom vert det nytta etablerte norske og engelske skrivemåtar av varierende opphav. Som hovudregel har eg nytta den skrivemåten kjeldene bruker, men dersom denne varierer, har eg nytta vanleg akademisk transliterasjon.³⁵

Eigen ståstad

Eg skuldar lesaren å gjera merksamd på at eg sjølv er medlem i Palestinakomiteen i Noreg (sidan 2004), og sit i landsstyret (sidan 2006). Det personlege engasjementet mitt har vore viktig når eg valde å gå inn i materialet. Delvis har det vore ein føremon – alt før eg starta, hadde eg oversyn over hovuddraga i historia, og det at eg er kjend som “ven” har kan henda hjelpt meg til å få tilgang til dei arkiva som finst og bidrege til at ein del av intervjuobjekta var viljuge til å stilla opp.

Delvis kan dette òg vera ein ulempe. Eg har ikkje kome inn utanfrå og sett på rørsla med friske augo, og akkurat som kjeldene kan “styra” framstillinga, kan mi eiga forståinga av historia ha vore like styrande. Eg vonar at eg har unngått dei mest openberre fellene: at eg har ytt alle delar av palestinarørsla rettferd, og at eg har unngått å fortelja ei subjektiv heltehistorie der alle framgangar for rørsla vert framstilte som objektive sigrar.

³⁵Eckehard Schultz m.fl., *Standard Arabic. An elementary-intermediate course* (Cambridge: Cambridge University Press, 2000), 1–6.

Kapittel 2.

Føresetnader og formative år (1967–75)

Det ville vera grovt misvisande å hevda at ei folkeleg rørsle vart konsolidert då Palestinakomiteen vart skipa 29. september 1970. Snarare tvert imot: Dei 50 som var samla på skipingsmøtet, representerte eit lite mindretal i folket, men dei hadde sett seg føre å endra den norske opinionen i Palestina-spørsmålet.

Etter Seksdagarskrigen i 1967 var det ikkje meir enn fem prosent av folket som støtta “araberstatene”³⁶, og den norske politiske og økonomiske eliten hadde hatt eit nært tilhøve til Israel heilt sidan 1948. Det nære tilhøvet vert illustrert av talen Haakon Lie, generalsekretær i Det norske Arbeidarpartiet, heldt på årsmøtet i Histadrut (israelsk LO) 5. desember 1956:

For meg synes Israel som disse grønne bjørketrærne [i Noreg om våren] – omgitt av kald iset snø. En stor idé så varm som solskinn om våren brakte det fram – etter en lang, lang vinter ... Dere har gått gjennom harde tider. Harde tider ligger foran dere. Men Israel vil leve!³⁷

Mot den massive semja stod ei lita handfull aktivistar som i hovudsak kom frå miljøet kring ungdomsorganisasjonen SUF(ml).³⁸ I dette kapitlet vil eg fyrst presentera eit riss av det politiske landskapet som voks til på den norske venstresida mot slutten av 1960-talet, der me finn røtene til Palestinakomiteen. Dinest vil eg sjå på sjølv skipinga av komiteen, korleis han sakte vart bygd opp som ein typisk medlemsorganisasjon og korleis det politiske programmet vart etablert.

³⁶Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne,” 172. Ei anna spørjegransking, gjort i 1969, synte at berre fire prosent meinte at Israel hadde skulda for uroa i Midtausten, medan helvta av dei spurde meinte at arabarstatane hadde skulda. Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 398.

³⁷Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 253–54.

³⁸Desse aktivistane var ikkje heilt åleine om synspunkta sine. Særleg innanfor Utanriksdepartementet fanst det fleire som var skeptiske til Israel; til dømes Peder Anker. Ein annan som fortener å verta nemnd, er generalmajor Odd Bull. hadde vore FN-observatør i Jerusalem då Seksdagarskrigen starta i 1967 (Ibid., 253–54.). Bull vart seinare ein ressurs for Palestina-aktivistane i Noreg, og var med på aksjonane då den israelske forsvarsministeren Moshe Dayan vitja Noreg i 1977. Boye Ullmann, intervju av Tarjei Vågstøl, 23. juni 2006.

Politisk rom og politisk klima

Frå midten av 1960-åra skjedde det endringar i Noreg som både gjorde at det vart mogleg for “folk flest” å engasjera seg i utanrikspolitiske spørsmål, og at dei tykte det var meiningsfullt. Rolf Tamnes skildrar dette som at “aksjonskanalen” vart ein faktor jamsides med “den korporative kanalen” og “den numeriske kanalen” når norsk utanrikspolitikk skulle utformast. Han grunngjev endringa slik:

I det moderne velferdssamfunnet, der folk flest var sikret sitt daglige brød, ble frivillig engasjement i organisasjoner og aksjoner etter hvert en livsstil for en stor gruppe mennesker. ... Aksjonsdemokratiet ble med dette et normalt element i den politiske kulturen.³⁹

I media vart utanriksdekkinga meir open og kritisk, og gav eit bilete av at utanrikspolitiske spørsmål var noko som vedkom folk flest. Dei som engasjerte seg, kunne dessutan spela på lag med ein tryggingpolitisk opposisjon på Stortinget, stort sett heimehøyrande i SF/SV, Venstre og delar av Arbeidarpartiet.⁴⁰

Det er vanskeleg å seia i kor stor grad denne nye kanalen ålment sett påverka avgjerslene til styremaktene. Tamnes seier til dømes at “den atlantiske orienteringen [var] vel befestet”, og “de store, etablerte partiene avviste tanken om en slik sikkerhetspolitisk kursendring [som det ville vera å melda Noreg ut av Nato]”.⁴¹ Det politiske klimaet var likevel i endring slik at det var eit rom for grupper som Palestinakomiteen til å påverka opinionen.

Kvifor byrja folk å engasjera seg i spørsmål utan relevans til deira eiga, materielle velferd? Sitatet frå Rolf Tamnes indikerer at det er snakk om eit luksusgode: Den sterke velstandsauken i etterkrigsåra gjorde at folk kunne bruka energien sin på “idealisme” i staden. Mange, til dømes Jürgen Habermas, reknar velstandsauken som ein viktig føresetnad for dei nye rørslene i 1960-åra.⁴² Modellen har likevel avgrensa forklaringskraft, mellom anna sidan idealistiske rørslar fanst lenge før etterkrigstida. Kim Salomon observerer at prosessen frå “meaning” til “handling” er så samansett og vanskeleg å gripa at det gjev meir meaning å skildra den politiske kulturen som fører til

³⁹ Rolf Tamnes og Tom B. Jensen, *Oljealder: 1965–1995* (Oslo: Universitetsforlaget, 1997), 452.

⁴⁰ *Ibid.*, 91–93.

⁴¹ *Ibid.*, 91–93.

⁴² Jürgen Habermas, “New Social Movements,” *TELOS* 49, haust (1981), sitert i Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*.

engasjement.⁴³ Han definerer “politisk kultur” slik:

... hållningar til existerande eller utopiska politiska system och som politiskt relevant beteende. Begreppet syftar inte bara på individers attityder til politik i allmänhet utan är också fråga om en mer abstrakt idéstruktur, som tar sig uttryck i ett specifikt språk, beteende og användande av speciella symboler. Politisk kultur utgörs av föreställningar, konstruktioner, metaforer, ritualer, symboler, diskurser, idéfragment og värderingar som är kulturellt tillgängliga när man tänker eller handlar politiskt.⁴⁴

Både det politiske handlingsrommet og den politiske kulturen er ein konstant dialog mellom styremakter, aktivistar og opinionen. Me kan òg tala om “politiske motkulturar” og “politiske subkulturar”, som kan vera meir spesifikke enn den overordna politiske kulturen i eit samfunn, og i delvis stå i motsetnad til eller utanfor denne. Den ålmenne tendensen frå slutten av 1960-åra var at folkelege rørsler kunne ha meir påverknad på norsk utanrikspolitikk, slik Tamnes seier. Den politiske “subkulturen” i dei rørsleane som forsøkte å utøva slik påverknad, såg på det å vera anti-imperialist som ein grunnleggjande, kan henda avgjerande verdi.

Grovt sett kan høyrde desse heime på ei brei venstresida, der “venstre–“ ikkje berre syner partitilknytning, men femnar om dei som deltok i til dømes protestrørsla mot Vietnam-krigen, ml-rørsla, EEC-motstanden i 1972, distrikts- og økologirørsla, nyfeminismen eller studentopprøra. Eit utførleg bilete av heile tidsanda fell klårt utanfor denne oppgåva, men eg vil presentera to område som viktige i utforminga av det ein kan kalla den antiimperialistiske diskursen: Solidaritetsrørsla for Vietnam og ml-rørsla. I tid fell rett nok båe saman med starten på palestinaarbeidet: Radikaliseringa av SUF tok for alvor til det same året som Solidaritetskomiteen for Vietnam vart splitta, medan partiet AKP(ml) vart fyrst skipa i 1973 – tre år *etter* Palestinakomiteen. Likevel er tyngjepunkta noko ulike, og eg vil ta føre meg vietnamrørsla før ml-rørsla, sidan den dominerande oppfatninga er at vietnam-protestane var gneisten som starta heile “den nye” venstresida.

⁴³ Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden-*, 23–24.

⁴⁴ Ibid., 33. Knut Kjeldstadli har ein enklare definisjon av politisk kultur, som “både de underliggende grunnnormene i politikken, og ‘stilen’ eller måten en driver politikk på”. Knut Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget* (Oslo: Universitetsforlaget, 1992), 72.

Solidaritetsrørsla for Vietnam

I ei hovudoppgåve om den norske ml-rørsla skriv Hans Petter Sjøli at “...Vietnamkrigen var den hendelse i samtiden som først og fremst bidro til radikalisering ...”⁴⁵, og James Godbolt hevdar at “Vietnam-saka [var] politisk startkapital for den antiparlamentariske, revolusjonære ungdomsbevegelsen i Norge”.⁴⁶ I USA og Vest-Europa vart det skipa solidaritetsorganisasjonar som protesterte mot den amerikanske krigføringa i Indokina (hovudsakleg åra 1965–75) og i nokon mon støtta frigjeringsrørsla FNL. Den norske utgåva, Solidaritetskomiteen for Vietnam (Solkom) vart skipa i desember 1965, og voks fram mot eit høgdepunkt i 1972–73, då han talde “godt over hundre FNL-grupper og kontaktar”.⁴⁷ Då FNL og nord-vietnamesiske styrkar inntok Saigon 30. april 1975 var krigen over, og aktiviteten i Solkom fall fram til organisasjonen vart nedlagt i 1978. I nærare ti år var altså Solkom eit politisk miljø som sette merke på den politiske diskusjonen, og “fleire tusen fekk sine første politiske røynsler gjennom Vietnamarbeidet”.⁴⁸

Allereie medan krigen føregjekk, vart krigsmotstanden forklart med at dette var den første TV-sende krigen. Kim Salomon meiner at denne forklaringa framleis held: “Få tycktes förberedda på verklighetens våld. Effekterna av TV-bilderna från Vietnamkriget, dess grymheter och blodiga detaljer, blev därför desto större.”⁴⁹ Terje Tvedt seier seg samd i den rolla den nye medieverda spela i Vietnam-krigen, og meiner at nyhenda frå land me i Noreg ikkje visste noko om, stelte nordmenn andsynes ei erkjenningskrise, der sentrum for dei viktige hendingane i verda var flytt vekk frå Europa og til Sørøst-Asia, Afrika og Latin-Amerika.

Hvordan forstå en global endringsprosess hvor Vestens forestillinger om utvikling og Historiens gang (særlig i form av ulike typer marxistisk og nasjonsbyggende retorikk) vant økende global tilslutning, samtidig som verdenspolitikens sentrum åpenbart brøt ut av dens vestlige eller europeiske ramme og den moderne kommunikasjonsrevolusjonen brakte

⁴⁵ Hans Petter Sjøli, “Fra raddis til kader,” Elektronisk samandrag i DUO.

⁴⁶ James Godbolt, “Vietnam-spørsmålet og det norske samfunnet.”

⁴⁷ Elling Njaal Tjønneland, “Solidaritetskomiteen for Vietnam,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).

⁴⁸ Ibid.

⁴⁹ Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, 58.

nyheter om disse “langt-unna-steder” hjem, direkte, i ens egen stue?⁵⁰

Det er ikkje sikkert at me treng leita etter så abstrakte forklaringar som erkjenningskrise. Det å få vår eigen (eller våre allierte sin) brutalitet kringkasta rett inn i stova, kan i seg sjølv ha vore grunn nok til å organisera seg for endring:

... bildet av den brutale vestlige sivilisasjon [ble] brakt til unge inntrykksvare mennesker på jakt etter ståsted og verdensanskuelse. Vesten var imperialistene som holdt “verdens folk” nede. Og Norge var USAs allierte, Arbeiderpartiregimet et av NATO-landenes mest Washington-lojale, og slik sprakk en av etterkrigstidens største “sannheter”: Vesten som frihetens og utviklingens frontherrer.⁵¹

Saman med organiseringa mot Vietnam-krigen skjedde det òg ei aukande orientering mot Kina og maoismen på venstresida i Vesten, særleg i delar av studentmiljøa. Nærast stikkordsprega kan ein oppsummera denne ideologiske vendinga som ei nyorientering mot Marx, Lenin og Stalin, skrap fråstandstaking til Sovjetunionen og interesse for den kinesiske sosialismen og maoismen som politisk teori. Lenins imperialisme-teori vart nytta til å forklara USAs engasjement i tredje verda, og ein tok aktivt stilling for frigjeringsrørslene. Det er vanskeleg å peika på noka eintydig årsaksrekke mellom ein ålmenn systemkritikk frå tidleg 1960-tal, motstanden mot Vietnam-krigen og framvoksteren av ml-rørsla. Hans Petter Sjøli skildrar Vietnam-krigen som ein katalysator, som forsterka og målretta den kimen til samfunnskritikk som allereie låg latent.⁵²

I 1967 skjedde det ei tydeleg radikaliseringsprosess av Solkom, då landsmøtet vedtok parolen “Full støtte til FNL” (i motsetnad til “Fred i Vietnam”). Dette var eit teikn på at SUF hadde vunne kontroll i organisasjonen og at deira syn, “revolusjonær antiimperialisme” heller enn “humanisme og pasifisme” skulle vera grunnlaget for solidaritetsarbeidet. Konsekvensen vart at mindretalet braut ut og skipa Vietnambevegelsen i Norge. Her slutta etter kvart alle andre politiske parti og grupper enn SUF seg til. Godbolt syner at splittinga var ein lengre prosess.⁵³ Usemjene mellom dei to linene for solidaritetsarbeid hadde heile tida vore til stades i organisasjonen, men i

⁵⁰Terje Tvedt, *Verdensbilder og selvbilder* (Oslo: Universitetsforlaget, 2002), 24–25.

⁵¹Hans Petter Sjøli, “Fra raddis til kader,” 49–50.

⁵²Ibid., 49.

⁵³James Godbolt, “Vietnam-spørsmålet og det norske samfunnet.”

1967, då krigsmotstanden hadde vorte normalisert langt inn på Stortinget, førte det til splitting i Solkom: Fyrst forsvann pasifistane i Folkereising mot Krig (FMK), så Norges Unge Venstre (NUV) og til slutt av resten av dei partipolitiske ungdomsorganisasjonane. Likevel heldt Solkom fram med å veksa. Den største demonstrasjonen vart halden i januar 1973, medlemstalet var på topp i perioden 1972–73, og komiteen hadde brei tverrpolitisk oppslutnad.⁵⁴

I Sverige gjekk det føre seg liknande linekampar i solidaritetsrørsla for Vietnam, rett nok i ei litt anna form. Der var dei uttala antiimperialistiske FNL-gruppene heilt frå starten mot den pasifistiske Svenske Vietnamkommittén, og samla seg fyrst seinare i De Förenade FNL-Grupperna (DFFG). “Splittinga” hadde altså skjedd før rørsla vart konsolidert.⁵⁵

To forteljingar er moglege å lesa ut av historia til Solidaritetskomiteen for Vietnam: Den eine er at store deler av miljøet kring Solkom vart radikalisert, og at dette var kimen til SUF(ml) og seinare AKP(ml). Den andre er at SUF vann hegemoniet innanfor Solkom, og omdanna alliansen til ein revolusjonær organisasjon. Båe forteljingane har truleg noko føre seg, og katalysator-metaforen Sjøli bruker (sjå over) illustrerer noko av dynamikken på venstresida på 1960-talet.

Sjølv om Solkom etter kvart stod på ei antiimperialistisk plattform i maoistisk utgåve, dreiv andre grupper på slutten av 1960-åra solidaritetsarbeid ut frå andre politiske prinsipp. AUF, SF, SFs Ungdom (SFU) og NUV slutta ikkje å bry seg med internasjonale spørsmål då SUF tok over Solkom. Fellestrådet for det Sørlege Afrika er eit døme på ein solidaritetsorganisasjon som arbeidde etter andre politiske grunnprinsipp enn Solkom, er. Fellestrådet vart skipa i 1967 som ei vidareføring av Norsk aksjon mot Apartheid (NAMA). Det var ein paraplyorganisasjon (frå 1976 òg open for einskildmedlemer), med organisasjonar, parti og fagforeiningar som medlemer og stor støtte frå LO og Den norske kyrkja.⁵⁶ Fellestrådet hadde mykje av den same praksisen som i Solkom (og seinare Palkom): stands, aksjonsveker, utstillingar, kampanjar, pengeinnsamling og produksjon av informasjonsmateriell.

⁵⁴James Godbolt, “Vietnam-spørsmålet og det norske samfunnet” og Elling Njaal Tjønneland, “Solidaritetskomiteen for Vietnam.”. Det framstår som ei sjølvmotseiing at Solkom berre var støtta av SUF(ml) og likevel hadde “brei tverrpolitisk oppslutning”, slik Tjønneland skriv. Truleg meiner ein då stor oppslutnad frå uavhengige aktivistar, det eg har kalla “eigenorganisering”.

⁵⁵Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, 97-99.

⁵⁶Nina Drolsum, “The Norwegian Council for Southern Africa (NOCOSA): A study in solidarity and activism,” i *Norway and national liberation in Southern Africa*, red. av Tore Linné Eriksen (Stockholm: Nordiska Afrikainstitutet, 2000), 212.

Sambandet mellom Fellestrådet og palestinarørsla er mindre tydeleg, men det er grunn til å tru at Fellestrådet hadde ein viss innverknad på Palestinafronten. Kjell Bygstad, som var “hjernen” bak brotet mellom Palestinakomiteen og Palestinafronten i 1976, hadde vore sekretær i NAMA, og organisasjonsmodellen som vart vald for Fellesutvalget for Palestina (FUP) i 1980, minner om Fellestrådet for det Sørlege Afrika.⁵⁷ Det er òg sannsynleg at Palestina-aktivistane som kom frå AUF og Menighetsfakultetet hadde kjennskap til organisasjonsformene i NAMA og Fellestrådet. På skipingsmøtet for Palestinakomiteen, vart “aktivistprinsippet” halde fram som ein av grunnane til at Solidaritetskomiteen for Vietnam hadde lukkast, men Solkom var neppe den einaste solidaritetsorganisasjonen som var kjend. Likevel var SUF og deira røynslar med Solkom den dominerande inspirasjonskjelda for Palkom dei fyrste åra.

MI-rørsla veks fram

I 1961 vart det politiske miljøet kring avisa *Orientering* ekskludert frå Arbeidarpartiet, fyrst og fremst på grunn av usemjer kring Nato- og atomvåpenspørsmål. Denne gruppa danna Sosialistisk Folkeparti (SF) og kom inn på Stortinget med to mandat (Finn Gustavsen frå Oslo og Asbjørn Holm frå Nordland) – nok til å koma i vippeposisjon og kasta Gerhardsen-regjeringa under handsaminga av Kings Bay-saka i 1963.⁵⁸ Det året vart òg ungdomsorganisasjonen Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF) danna. På få år vart ungdomsorganisasjonen kraftig radikalisert og kom i sterk opposisjon til houvdflyoen i morpartiet. Konflikten, som byrja på SUF-landsmøtet i oktober 1967 og leidde til at SUF-benken marsjerte ut av landsmøtesalen på SF-landsmøtet 9. februar 1969, førte SF “inn i en alvorlig krise”⁵⁹ og eit valnederlag same haust.⁶⁰ SUF, på si side, “fikk ... en flyng start som uavhengig organisasjon” og arbeidde fram mot skipinga av AKP(ml) i 1973.⁶¹

Det er gode grunnar til å sjå konflikten – og brotet – mellom SF og SUF som ein opptakt til skipinga av Palestinakomiteen i 1970. Striden stod rett nok fyrst og fremst om organisatoriske spørsmål. Det var vedtaket på SFs landsmøte i 1969 om at ungdom

⁵⁷ Kjell Bygstad, intervju av Tarjei Vågstøl, 23. august 2006. Vesla Lange-Nilsen hadde òg erfaringar derifrå, og Nils Butenschøn hadde representert Noregs Unge Venstre i styret for Fellestrådet.

⁵⁸ Hans Petter Sjøli, “Fra raddis til kader,” 68.

⁵⁹ Ibid., 73. Valnederlaget hadde to andre òg viktige årsaker: Arbeidarpartiet gjekk til val i opposisjon, og den sovjetiske invasjonen i 1968 hadde styrkt oppslutninga kring Nato i Noreg.

⁶⁰ Dag Seierstad, “Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund,” *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* 9, nr. 1 (1984), 163.

⁶¹ Hans Petter Sjøli, “Fra raddis til kader,” 73. Prosessen frå SUF til AKP(ml) gjekk gjennom fleire fasar, fyrst Sosialistiske Arbeids- og Studiegrupper (SASG), så Marxist-leninistiske grupper (MLG).

som ikkje kjende seg heime i SUF måtte få “rimelige arbeidsvilkår” i SF og rett til å skipa egne lokalgrupper som utløyste splittinga.⁶² På meir overordna plan har konflikten vore skildra som ein generasjonskonflikt mellom ungdom som på bakgrunn av Vietnam-konflikten og studentopprøret var komne til konklusjonen om at ”hele det norske samfunnet [var] pill rottent – tvers igjennom” og ein eldre generasjon som ville endra mindre, meir langsamt.⁶³ Mellom desse to nivåa var det konkrete politiske usemjer. Mellom desse var kravet om at ”staten Israel i sin nåværende form som brohode for imperialismen må opphøre å eksistere”, som utløyste kritikken frå SF-leiinga i *Orientering* etter SUF-landsmøtet i 1967.⁶⁴ Jamvel om ikkje dette åleine var nok til å utløysa ei splitting, vart det likevel ei markørsak i striden.

Splittinga gjekk ikkje beint mellom SUF og SF, og eit mindretal i morpartiet støtta opprørarane. Blant desse var Kjell Bygstad. Han hadde kome til Oslo for å studera statsvitskap i 1960, men byrja raskt å bruka tida si på solidaritetsarbeid i staden, fyrst og fremst for Sør-Afrika gjennom Norsk aksjon mot apartheid. Då Berge Furre gjekk av som partisekretær i SF i 1964, overtalte han Kjell Bygstad til å ta over. I striden som utvikla seg, støtta Bygstad ungdomen, både i kritikken deira av Sovjetunionen og støtta deira til den palestinske frigjeringskampen.⁶⁵ Då SUF marsjerte ut av landsmøtesalen, var Bygstad med.⁶⁶ Seinare skreiv han: “Jeg tok farvel med SF i –69, ved splittelsen, nettopp ut fra det synet at partiet ikke lenger var, og heller aldr[i] mer kunne bli progressivt.”⁶⁷

Norske haldningar til Israel og palestinarane før 1967

Noreg hadde tradisjonelt ikkje spela noka viktig politisk rolle i Midtausten, men den norske staten hadde likevel vist seg å vera ein støttespelar for Israel heilt frå opprettingserklæringa 14. mai 1948. Delvis kom dette av ei ålment Israel-venleg stemning på Stortinget, og truleg òg blant folk flest; delvis kom det av ein del einskildpersonar som var svært venleg innstilte til Israel.⁶⁸ Blant desse var Trygve Lie,

⁶²Dag Seierstad, “Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund.”

⁶³Ibid., 160.

⁶⁴Her etter Ibid., 140.

⁶⁵I samband med 50-årsjubileet for revolusjonen i 1917, sende SUF eit sterkt kritisk ”helsingstelegram” til den sovjetiske ambassaden, og Bygstad var med på å underskriva telegrammet. Dette “stuntet” heldt på å få Bygstad suspendert som partisekretær

⁶⁶Kjell Bygstad, 23. august 2006.

⁶⁷Kjell Bygstad til distriktsstyret i Oslo AKP, “Vedrørende henvendelse fra DS om KBs medlemskap i partiet”, september 1975 (Kjell Bygstads private arkiv), 13

⁶⁸Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*; Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn.”

som hadde vore utanriksminister i London-regjeringa under krigen og vart den fyrste generalsekretæren i FN. Odd Karsten Tveit viser korleis Lie fleire gonger greip inn for å sikra at FN handla til fordel for Israel.⁶⁹ Dei kritiske røystene som fanst, fann ein stort sett innan embetsverket i UD. Særleg merkte ekspedisjonssjefen Peter Martin Anker seg ut.⁷⁰

I Noreg var støtta til Israel stor i dei kristne miljøa og i arbeidarrørsla. I arbeidarrørsla var dette ei ny haldning: i mellomkrigsåra hadde ein ikkje vore særleg oppteken av dei problema jødane stod andsynes. Øystein J. Rovde syner korleis den sentrale arkitekten bak LOs støtte til Israel var generalsekretæren i Arbeidarpartiet, Haakon Lie.⁷¹ Det var likevel ikkje snakka om noko einmannsverk: “det var få, om noen, blant LOs ledere eller medlemmer som ga uttrykk for noe som kunne minne om kritikk av Israel ... organisasjonen, i det store og hele, støttet Israel uforbeholdent”. Rovde har to forklaringar på kvifor støtta til Israel var så sterk. For det fyrste hadde jødane stor sympati etter andre verdskrigen, og mange meinte at dei måtte få høve til å gripa ein historisk sjanse til å skapa seg ei trygg framtid. For det andre peiker Rovde på den ideologiske likskapen mellom arbeidarpatria i Noreg og Israel, der båe var vestlegvende sosialdemokrati.⁷² På norsk venstreside var det stor interesse for dei israelske kibbutzane, og det var ikkje uvanleg for norske ungdomar på 1960-talet å reisa til Israel for å arbeida friviljug på kibbutz nokre månader.⁷³

Alt i alt kan ein oppsummera at det var ei solid støtte til Israel dei fyrste 20 etterkrigsåra, både på Stortinget og i opinionen. Kristenfolket støtta Israel, arbeidarrørsla støtta Israel og dei fleste norske avisene var pro-israelske.⁷⁴ Likevel, med unntak av eit par tilfelle der driftige einskildpersonar ytte konkret hjelp til Israel, var

⁶⁹I Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 146–49, er det skildra korleis Lie personleg greip inn andsynes den norske utanriksministeren Hallvard Lange for at Noreg skulle røysta “ja” då Tryggingrådet skulle handsama søknaden frå Israel om å verta FN-medlem i 1949. Den norske FN-ambassadørane Finn Moe og Arne Sunde vert òg omtala som svært pro-israelske.

⁷⁰Anker vart seinare ambassadør i Kairo, og var til god hjelp for Peder Martin Lysestøl då han skulle gifta seg med ei egyptisk kvinne.

⁷¹Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn,” 22–23. LO-leiaren Konrad Nordahl framstår hjå Rovde som ein relativt passiv “israelsven”, medan Haakon Lie – som hadde jødisk kone – framstår som ein pådrivar allereie frå dei tidlege etterkrigsåra.

⁷²Ibid., 49–50.

⁷³Fleire av dei som seinare skulle stå sentralt i den norske Palestina-rørsla, fekk fyrste kontakten med Midtausten som friviljuge i israelske kibbutz. Av informantane mine har både Eldbjørg Holthe og Finn Sjøe fortalt om slike opphald. For Sjøe var det eit ideologisk (og personleg) motiv bak reisa (“det var vel god latin, blant oss – lat oss kalla oss sosialistar – å oppfatta Israel som eit interessant eksperiment”), medan Holthe fortel at det stort sett var ein grei måte å koma seg ut og få sett litt av verda på.

⁷⁴Morten Ivarsen, “Holdning til Seks-dagers krigen” tek føre seg norske aviser kring Seksdagarskrigen i 1967, og konkluderer med at alle var pro-israelske.

det snakk om ei politisk støtte, særleg uttrykt gjennom røystingar i FN. Sjølv ikkje i LO, der støtta var djup, var det praktisk samarbeid, det var “i all hovudsak politisk-moralsk støtte – gjennom vennskaplege forbindelser, propagandavirksomhet og pro-israelsk mediedekning”.⁷⁵

PLO: Ein palestinsk frigjeringsorganisasjon

Den palestinske frigjeringsorganisasjonen PLO vart etablert i 1964 for å vera eit uttrykk for det palestinske folket, som var spreidd ut over heile Midtausten etter krigen i 1947–49. Organisasjonen vart oppretta av dei arabiske statane, og Egypts president Nasser hadde plukka ut Ahmed Shukeiry til å leia organisasjonen. Blant dei eksisterande palestinske organisasjonane vart dette blanda motteke. PFLP – Folkefronten for frigjering av Palestina – støtta PLO, medan den vesle geriljagrappa Fatah (etablert i 1959) motsette seg opprettinga. Palestinarane måtte frigjera seg sjølve, ikkje lita på dei udugelege arabiske leiarane, meinte Fatah.⁷⁶ I ettertid har det vore hevda at sjølve årsaka til at PLO vart oppretta, var å stagga motstandsaktiviteten frå palestinarane.⁷⁷

Etter ein periode med stadig auka spenningar i Midtausten sumaren 1967, braut det ut open krig mellom Israel på eine sida og Egypt, Jordan, Syria og Irak på hi.⁷⁸ I krigen viste Israel seg totalt militært overlegen. Etter nokre timar hadde israelarane utsletta det egyptiske flyvåpenet, og etter seks dagar hadde dei okkupert Golanhøgdenene (frå Syria), Vestbreidda (frå Jordan) og Sinai (frå Egypt). Om nokon hadde trudd at dei arabiske statane var i stand til å frigjera Palestina, fekk dei illusjonen bokstaveleg tala skoten sund i 1967. Etter det arabiske nederlaget byrja palestinske geriljagrupper å operera frå Jordan og Syria. Fatah var den mest vellukka av desse gruppene. Dei vann snøgt så mykje oppslutnad av dei var i stand til å ta kontroll over PLO, og i 1969 vart leiareren for Fatah, Yasir Arafat, vald til leiar i PLO.

Det politiske programmet til Fatah var ganske rett fram ein bodskap om at det

⁷⁵ Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn.”

⁷⁶ Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 304–08.

⁷⁷ Dette synet finn me td. i William L. Cleveland, *A History of the Modern Middle East*, 349: “[PLOs] creation represented an attempt by the Arab states to restrict Palestinian resistance activity and to prevent the Palestinian movement from operating independently”.

⁷⁸ Kven som hadde skulda for krigen, er eit ope spørsmål. Tveit meiner at Israel lenge hadde planlagt krigen (Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 340–45), medan Avi Shlaim skriv “This is without foundation. The Six-Day War was a defensive war [frå israelsk synsstad]” (Avi Shlaim, *The Iron Wall. Israel and the Arab World*. (London: Penguin, 2000), 242). Kor som er, det er stort sett semje om at Israel utløyste sjølve krigshandlingane, etter at Egypt hadde blokkert Tiran-stredet og inngått ein forsvarstraktat med Syria, Jordan og Irak. Allereie frå mai 1967 hadde det vore styrkeoppbyggingar på både sider (William L. Cleveland, *A History of the Modern Middle East*, 328–29).

palestinske folket sjølve måtte stå for ei nasjonal frigjering, og etablera éin stat på heile det tidlegare palestinske mandatområdet: ein stat der alle religionar hadde like rettar. Dette programmet, som korkje sette sin lit til “arabisk einskap” eller “sosialisme”, vart snøgt populært:

This Palestinian-centered focus cut across religious and class lines and provided an appealing and readily comprehensible message to a broad cross-section of Palestinians. In this way, the al-Fatah/PLO leadership succeeded in restoring the Palestinian dimension to the Arab-Israeli conflict and in forging a Palestinian national identity.⁷⁹

Var Seksdagarskrigen i 1969 eit vendepunkt?

Rundt Seksdagarskrigen kjem dei fyrste teikna til organisert støtte til den palestinske kampen til syne seg i Noreg. Det er likevel misvisande å skildra krigen som brannfakkelen som brått gjorde folk i Noreg medvitne om at Israel var ei sterk og aggressiv militærmakt. Pionerane i rørsla hadde byrja å setja spørsmålsteikn ved Israel allereie før krigen, og det tok mange år før opinionen i Noreg endra seg vesentleg i pro-palestinsk retning. Det er nok heller rett å sjå på krigen i 1967 som den fyrste av ei lang rekkje hendingar som dytta både folk og styremakter i Noreg i retning palestinarane (eller bort frå Israel). Øystein J. Rovde ser Seksdagarskrigen som eit vendepunkt, som “forandret manges syn på situasjonen i Midt-Østen”, men han må vedgå at endringa var langsam.⁸⁰

I mai 1967, då spaningsnivået i Midtausten auka, vart dei norske ungdomspartia bedne inn til “First International Palestine Student Conference” i Kairo. Dei tre ungdomspartia på venstresida (SUF, AUF og KU) sendte ein felles observatør til konferansen: Peder Martin Lysestøl, som var leiar i SUF. Han skulle berre observera, og ikkje seia noko: “Ingen av oss var sikker på kva me meinte”. I Kairo opplevde han at den vietnamesiske delegasjonen stod heilt på sida til palestinarane. Det talde mykje for Lysestøl, men han var ikkje heilt overtydd før han vart med på ein ekskursjon til flyktningleirane i Gaza. “Etter dess [...] var eg ikkje i tvil: eg var eitt hundre prosent sikker på at Palestina var okkupert og at palestinarane måtte støttast”.⁸¹

⁷⁹ William Cleveland, *A History of the Modern Middle East*, 350.

⁸⁰ Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn,” 63.

⁸¹ Peder Martin Lysestøl, intervju av Tarjei Vågstøl, 22. september 2006. Sjå òg Odd Karsten Tveit,

Etter han kom heim att til Noreg diskuterte SUF-leiinga Palestina-spørsmålet. Ungdomane opplevde at det var lite kunnskap å finna om konflikten i Noreg: “Det fanst ingen bøker som handla om Palestina-spørsmålet, det fanst ingen stader å lesa. Me hadde ikkje Internett, leksika skreiv ikkje om det”.⁸² Dei fekk hjelp frå Erik Nord, ein ressursperson for SFs sentralstyre på utanrikspolitiske spørsmål. På denne tida vart Nord beden om å skriva eit notat til SF-sentralstyret om saka, etter at Israels ambassade hadde bede SF om ei støttefråsegn.⁸³

6. juni 1967, ein dag etter at krigen var broten ut, vedtok både SF og SUF fråsegnen. Medan SF si fråsegn var kritisk til Israel og oppmoda båe partar om å hugsa på FNs delingsvedtak frå 1948, tok SUF klårt stilling for dei arabiske statane, og hevda at Israel var “en brikke i vestlige stormakters spill for å beholde sine økonomiske og strategiske privilegier i Midt-Østen”.⁸⁴ På landsmøtet hausten same året utdjupa SUF synet sitt, og kravde som nemnd at “staten Israel i sin nåværende form som brohode for imperialismen må opphøre å eksistere”.⁸⁵ Sentralstyret i SF var splitta i synet på saka, og det gjekk eit heftig ordskifte i *Orientering* etter SUF-landsmøtet. I tumultane var partisekretæren i SF, Kjell Bygstad, ei røyst unna å verta ekskludert for samarbeidet sitt med SUF-leiinga. Splittinga i synet gjekk djupt i SF, saka var “et intenst følelseladd tema rett etter 6-dagers-krigen – og ville også i dag vekke motstand i deler av SV”.⁸⁶ Dei unge SUF-arane oppfatta at “... det var stor motstand i SF, og mange leiande SFarar vart rasande på oss”.⁸⁷ Slik vart Palestina-spørsmålet viktig som symbolsak i kampen mellom SF og ungdomsrørsla.

Kunne SUF finna støtte for synspunktet sitt i dei andre ungdomspolitiske partia seint på 1960-talet? Odd Karsten Tveit skriv at “[d]et var stort sett bare folk fra den ytterste venstrefløyen i Norge som etter hvert byttet side og valgte Fatah i stedet for Israel”.⁸⁸ Øystein J. Rovde vidarefører denne analysen, og hevdar at “[m]ange aktet seg nok for å vise sympati for det palestinske folk tidlig på 70-tallet nettopp av den grunn at man ikke ville slås i hartkorn med selverklærte kommunister”.⁸⁹

Likevel var ikkje støtta til palestinarane eit reint SUF-prosjekt. Då den israelske

Alt for Israel, 396.

⁸² Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

⁸³ Kjell Bygstad, 23. august 2006.

⁸⁴ Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 394.

⁸⁵ Dag Seierstad, “Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund,” 140.

⁸⁶ *Ibid.*, 160. Note 5 forklarar at “i dag” syner til 1975, då artikkelen opphæveleg vart skriven.

⁸⁷ Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

⁸⁸ Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 397.

⁸⁹ Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn,” 63.

utanriksministeren Abba Eban vitja Noreg i mai 1968, stod AUF i Oslo, NKU og Fritt Forum saman med SUF om ein demonstrasjon i Universitetets aula – og vart fysisk kasta ut av Arbeidarparti-toppar som Haakon Lie og Jens Chr. Hauge.⁹⁰ Det er mykje som tyder på at tilslutninga ikkje var ei arbeidsulukke, men uttrykk for eit reelt politisk straumdrag i AUF. Sumaren to år etterpå vedtok AUF i Oslo ei fråsegn som kravde “en palestinsk stat [for] jøder og arabere”. Kravet vart gjenteke frå AUFs landsmøte i 1971, som òg kravde at den israelske staten måtte erstattast av ein “progressiv palestinsk stat hvor alle etniske grupper kan leve sammen side om side under full likestilling”.⁹¹ Om lag samstundes sytte Nils Butenschøn, som sat i sentralstyret for Norges Unge Venstre (NUV), for at landsmøtet i 1971 vedtok ei fråsegn med same kravet: Det måtte etablerast ein stat i området med like rettar for jødar og arabarar.⁹²

Ein skal vera varsam med å leggja for mykje i spreidde aktivistar og fråsegner. Det er ikkje alltid at ei fråsegn får langsiktige politiske konsekvensar, same kor hard kamp det er å få ho vedteken. AUF fall ganske raskt attende til eit sentrumsstandpunkt i Palestina-politikken, og kom ikkje med i solidaritetsrørsla for alvor før seint på 1970-talet.⁹³ Unge Venstre fekk snart meir enn nok med kløyvinga av Venstre.⁹⁴ Likevel viser desse hendingane at SUF ikkje hadde monopol på Palestina-saka. Internasjonale spørsmål var viktige òg i andre partipolitiske ungdomsorganisasjonar, og både AUF og Unge Venstre deltok i Vietnambevegelsen i Norge. Det politiske klimaet i Noreg verkar ganske ope for å tolka Palestina-konflikten inn i forståingsrammene som Vietnam-krigen sette: Palestina vart eit nytt Vietnam, og den israelske staten rekna som handlingar for USA-imperialismen.

Seksdagarskrigen markerte ikkje noka brå endring korkje i opinionen eller i den norske politikken. Truleg kan me ikkje seia det sterkare enn det Rovde gjer: krigen gjorde at mange fekk augo opp for at Israel var ei militær stormakt. Initiativet til eit

⁹⁰Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel.*, 395–396 og note s. 760 Leiaren i AUF i Oslo, Rolf Lasse Lund, hevda at AUF berre hadde underteikna ei fråsegn mot okkupasjonen, ikkje tilslutta seg demonstrasjonen. Fritt Forum var AUFs studentorganisasjon (gjekk inn i AUF i 1970, Vidar Keul, “AUF,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).)

⁹¹Terje Halvorsen, *Partiets salt. AUFs historie.* (Oslo: Pax, 2003), 364. Over ein tredel av landsmøtedelegatane valde å ikkje røysta i saka, noko indikerer at synet kan henda ikkje var heilt rotfest i organisasjonen.

⁹²Nils Butenschøn, intervju av Tarjei Vågstøl, 28. november 2006.

⁹³Sjølv om det ikkje er nokon direkte samanheng, må det nemnast at den marxistiske tendensen i AUF vart stadig meir tydeleg frå 1965, og resulterte i at AUF sa nei til både EF og NATO. På landsmøtet i 1973 var denne motsetninga stilt skarpt, og ein god del av dei radikale medlemene forlét AUF og gjekk til SF eller SUF/AKP. Sjå Terje Halvorsen, *Partiets salt.*, 390–92, 399

⁹⁴Nils Butenschøn, 28. november 2006.

organisert solidaritetsarbeid kom likevel frå SUF-miljøet.

Arbeidsgruppe for Fritt Palestina, 1969–1970

Hausten 1968 fekk Peder Martin Lysestøl eit utvekslingsstipend for å studera sosial-økonomi i Kairo. På konferansen året før hadde han vorte overtydd om at palestinarane kjempa ein rettviss kamp, men no fekk han høve til å setja seg sikkeleg inn i konflikten.

[Eg] brukte heile året på å verta kjend med palestinarar og prata med andre folk, for Kairo var då sentrum for frigjeringsrørsler i verda. Så det å koma til Kairo i 1968 for ein som var ung og radikal, var som å koma til himmelriket. Der hadde du ANC, PAC, FNLN, PLO, Al-Fatah, på rekkje og rad. Så eg gjekk frå kontor til kontor og møtte rørsler ... [Eg lærte] mykje om spørsmålet, og der vart eg kjend med ein del palestinske leiarar, folk på høgt nivå som var godt skulerte. Så det påverka meg veldig.⁹⁵

Då han kom attende frå Kairo våren 1969, stod han ei stund utan politiske forpliktingar. SUF hadde brote med SF og skipa SUF(ml), og den ideologiske omveltinga i organisasjonen hadde for alvor skote fart etter sumarleiren i 1968.⁹⁶ Lysestøl opplevde at den nye, maoistiske leiinga ikkje heilt stolte på han: Han hadde både hatt eit studieopphald i “revisjonistlandet” Jugoslavia og budd i Kairo det siste året.⁹⁷ Pusterommet brukte han til å skipa studiegruppa Arbeidsgruppe for Fritt Palestina. Her var det, etter det Lysestøl sjølv fortel, “ganske romsleg”, og det var likt og ulikt blant medlemene: Nokre kom frå Sosialistisk Studentlag, frå AUF kom Hasse Bendiksby og Steinar Tamsfors, og dessutan var det enkeltpersonar som Tore Hem og ein palestinar – til saman seks-sju medlemmer. Våren 1970 vart etter kvart Finn Sjue med, og litt seinare òg Kjell Bygstad.⁹⁸

⁹⁵Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

⁹⁶“SUF sin sumarleir 4.–11. august 1968 på Tromøya utanfor Arendal skulle bli vendepunktet for mange, og den endelege prøven på oppslutnaden kring Bryn/Hellerud-fløya si line [...] Om nokon hadde vore i tvil om kva retning SUF var på veg, var tvilen borte etter leiren.” Håkon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i ml-rørsla,” 38–39.:

⁹⁷Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006. Ein annan grunn kan vera at miljøet hans i SUF var frå Sosialistisk Studentlag, “Sos. stud”, ikkje det meir aktivistiske og maoistiske Bryn/Hellerud SUF som hadde teke over leiinga av SUF før splittinga i 1969

⁹⁸Opplysningane om kven som var med i Arbeidsgruppe for Fritt Palestina har eg frå Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006, og Finn Sjue, intervju av Tarjei Vågstøl, 6. november 2006. “Eg hugsar ikkje heilt korleis me treftest; eg kjende jo mange, og Oslo var ikkje så svært”, fortel Lysestøl. Ein skal vera varsam med å overdriva den tverrpoltiske karakteren til Arbeidsgruppa – sosialøkonomistudenten Tore Hem gjekk seinare inn i AKP(ml) før han seinare var blant utbrytarane som skipa KUL i 1973 (Hans Petter Sjøli, “Kommunistisk universitetslag”, *Klassekampen*, 6. mars 2004). Steinar Tamsfors var

Kva status hadde Arbeidsgruppa? Etter fråsegna i 1967 vart SUF drivande i utforminga av ein “solidaritetsideologi” for palestinarane, men Arbeidsgruppa ser likevel ut til å ha operert temmeleg sjølvstendig med Peder Martin Lysestøl som kontaktpunktet til SUF(ml).⁹⁹ Ingen av ml-arane i gruppa var på det tidspunktet med i den nye, radikale leiinga i SUF(ml). Lysestøl hadde vore borttreist då dei verste konfliktane rundt splittinga stod på. Finn Sjue hadde skrive motinnlegg mot SUF-leiinga etter fråsegna på landsmøtet i 1967, og det var berre så vidt han fekk vera med på studiesirkel i MLG.¹⁰⁰ Kjell Bygstad hadde vore alliert med SUF i åra før brotet og marsjert saman med dei ut av SFs landsmøte, men han vart ikkje umiddelbart med på det nye partiprojektet. Likevel fekk han “lov til å vera med i solidaritetsarbeidet”, og opplevde Sjue og Lysestøl som meir opne enn Tron Øgrim og resten av Bryn/Hellerud SUF.¹⁰¹ I tillegg til å vera litt utanfor, var dei òg eldre: Bygstad hadde gjort politisk karriere i SF, og Sjue og Lysestøl var ferdig utdanna høvesvis psykolog og sosialøkonom. For dei to siste kom i tillegg eit tredje kjenneteikn: dei hadde på kvar sin måte eit personleg tilhøve til konflikten. Peder Martin Lysestøl hadde gifta seg med ei egyptisk kvinne i Kairo, og gjennom henne fått kontakt med ei rekkje palestinske leiarar og opplevd den arabiske tilnærminga til konflikten.¹⁰² Finn Sjue hadde vore på kibbutz i Israel i 1964, og sidan vorte kjærast med ei jødisk kvinne. For han gjekk erkjenninga av at han hadde teke feil i Palestina-spørsmålet hand i hand med eit samlivsbrot.¹⁰³

Arbeidsgruppa skulle førebu eit breiare solidaritetsarbeid, og la vekt på to oppgåver: Dei orienterte seg i det politiske lappeteppet PLO, og freista å lata palestinarane koma til orde i Noreg. Ein lykelperson i båe tilfella var Mounir Shafiq, stort sett kjend som Abu Fadi. Han var ein leiande ideolog i Fatah, og ein viktig talsmann for den “marxist-leninistiske” fløya der.¹⁰⁴ Lysestøl omtalar han som ”leiar for

internasjonal sekretær i Fritt Forum.

⁹⁹Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006. “Så det kom ikkje direktiv frå [SUF]-leiinga? Nei, eg hadde ei sterk drivkraft for å setja i gang med dette sjølv. Så ml-rørsla hadde ikkje den styringa då.”

¹⁰⁰Finn Sjue, 6. november 2006, 5. I Håkon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i ml-rørsla,” 44, finn me same opplysninga frå Finn Sjue, men der vert det oppgjeve å gjelda “Sosialistiske arbeids- og studiegrupper” (SASG), forgjengaren til MLG.

¹⁰¹Bygstad gjekk i staden inn i ei lita gruppe som heitte ”Marxistiske arbeidsgrupper” (MAG), som ikkje dess mindre gjekk i oppløysing etter kort tid då dei andre i gruppa motsette seg Bygstads framlegg om å innføra demokratisk sentralisme. Hans Petter Sjøli, *Mao, min Mao. Historien om AKPs vekst og fall* (Oslo: Cappelen, 2005), 18–19. Bygstad vart seinare med i AKP(ml). Kjell Bygstad, 23. august 2006.

¹⁰²”Men, ho var jo arabar og kunne Palestina-spørsmålet som ein del av barnelærdomen din. Så for henne var det berre eitt standpunkt, det var ikkje noko komplisert i det heile.” Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006, 2.

¹⁰³Finn Sjue, 6. november 2006, 5.

¹⁰⁴Shafiq sat aldri i den øvste leiinga i PLO, men leidde ei stund PLOs Planning Center i Libanon. I 1980 konverterte han til islam, og vart seinare sentral i oppbyggjinga av Hamas. *Arab Thought Forum*

maoistane i Midtausten, då meir uoffisielt”.¹⁰⁵ Lysestøl trefte Abu Fadi fyrste gong i Kairo i 1969, og fekk han med på ei rundreise i Noreg våren 1970. På programmet stod både eit stort møte i Folkets hus i Oslo, føredrag i ei rekkje studentsamfunn og vitjing på familiehytta til Lysestøl på Skatval i Trøndelag.

Delegasjonsreisa til Jordan, september 1970

I september 1970 var Arbeidsgruppa bedne inn til Jordan for å delta på ein internasjonal PLO-kongress. Som vitenskapleg assistent på Psykologisk institutt hadde Finn Sjue godt med sumarferie, så han vart send ned i førevegen for å “rekognosera”. Oppdraget hans var å intervjuar alle dei ulike palestinske organisasjonane for å finna ut kva som var klint og kva som var kveite, eller som Lysestøl seier det: “Me måtte peila ut kven som var dei verkeleg revolusjonære og kven som kvar klakørar for Sovjet”.¹⁰⁶ Ammān, 1970, må ha verka lovande for ein som trudde på den palestinske kampen:

Jordan var fullt av palestinarar, 70 prosent. Dessutan var det mange fedayeens, geriljakrigarar, som var i landet. Det [var] på den tida noko som nesten kan kallast ei euforisk stemning; ein overstemd optimisme. No skulle ein greia det eine og det andre.¹⁰⁷

Programmet var lagt opp på førehand: Sjue møtte opp på PLOs mellombels informasjonskontor på Jebel Ammān, og vart teken imot av Abu Khaled (som var knytt til fraksjonen til Abu Fadi). Utstyrt med tolk og sjåfør reiste han rundt og intervjuar ulike palestinske smågrupper. Til saman samla han 120 sider intervjumateriale, og konkluderte med at den hypotesen han hadde reist ned med på førehand, var styrkt: Dei små gruppene på venstresida var nær knytte til Sovjet, medan Fatah utgjorde om lag 80 prosent av PLO og var den “breie straumen”, masserørsla.¹⁰⁸ Under dette opphaldet fekk han òg vera med på eit “raid” over Jordan-dalen inn i Israel, ein operasjon han seinare skildra levande i eit kapittel i boka *Palestinerne – historie og frigjøringskamp*.¹⁰⁹

Ein månad seinare kom fleire frå Arbeidsgruppa ned, i tillegg til Peder Martin Lysestøl, som skulle representera “partiet” (SUF/MLG).¹¹⁰ Til saman var dei fire eller

(*Multaqa*), s.v. “Mounir Shafiq”, <http://www.multaqa.org/access/persons.php> (lesedato 13. februar 2007).

¹⁰⁵Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006, 4.

¹⁰⁶Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

¹⁰⁷Finn Sjue, 6. november 2006, 4.

¹⁰⁸Finn Sjue, 6. november 2006, 4.

¹⁰⁹Peder Martin Lysestøl, *Palestinerne – Historie og frigjøringskamp* (Oslo: Oktober, 1974), 194–210.

¹¹⁰Finn Sjue, 6. november 2006, 4.

fem stykke. Dei kom ned og møtte eit Ammān nærast i krigstilstand, “ein kraftig elddåp”, som Finn Sjue skildrar det.¹¹¹ På studentkongressen hadde dei avtala med kontaktane sine i den maoistiske fraksjonen innanfor Fatah at dei “skulle markera litt”, og heldt ein tale der dei slo fast at den palestinske frigjeringskampen måtte først etter folkekrigsprinsippet på sjølvstendig grunn, uavhengig av Sovjet.¹¹² Desse orda hadde den effekten dei ynskte, dei splitta tilhøyrarane mellom jubel og raseri.¹¹³ Talen fekk aldri nokre konsekvensar, for spenninga i Ammān var i ferd med å verta så tett at den norske delegasjonar var nøydd til å reisa ut – eit par dagar før den jordanske hæren gjekk til militært åtak på PLO-styrkane 12. september 1970: “Svart september”.

Skipinga av Palestinakomiteen

Vel heime frå Jordan sende Arbeidsgruppa ut innbeding til skipingsmøte for Palestinakomiteen. “Nå er tida kommet for å danne en bredere organisasjon som kan drive fram et mer aktivt og utadvent støttearbeid for det palestinske folkets frigjøringskamp”.¹¹⁴ Innkallinga gjekk både ut som avislysingar og til “personer en visste var venner av det palestinske folk”.¹¹⁵ Det var ikkje så vanskeleg å finna interesserte, meiner Finn Sjue: Gjennom arbeidet i Arbeidsgruppa hadde dei kome i kontakt med einskildpersonar som “hadde eit brennande hjarta for folk som vart trakka ned i søla”. Han hugsar særleg Vesla Lange-Nilsen – den eldste i forsamlinga, som hadde mykje røynsle frå solidaritetsarbeidet med Sør-Afrika.¹¹⁶ Dessutan vart det mobilisert gjennom dei nyskipa ML-gruppene.¹¹⁷ Til saman møtte det opp kring 50 deltakarar på skipingsmøtet 29. september 1970, som vart halde i lokala til Det norske Studentersamfundet i Uranienborgveien 11. Ved inngangen stod det vakter for å hindra “ei blanding av høgreradikale ekstrem-israelvener og ein del andre, det var vel ein 30–40 stk” i å koma inn og bryta opp møtet.¹¹⁸

Frå starten av vart Palestinakomiteen organisert aktivisme i lokale grupper, “aktivistprinsippet”. På skipingsmøtet ein representant for Solidaritetskomiteen for

¹¹¹Ibid., 4.

¹¹²Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 446.

¹¹³Finn Sjue, 6. november 2006, 4.

¹¹⁴Frå innbedinga til møtet, henta frå Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 453–54.

¹¹⁵*Fritt Palestina*, “Referat fra det konstituerende møte for Palestinakomiteen i Norge”, 1970, nr. 1:40–41. Resten av referatet frå skipingsmøtet er henta frå denne artikkelen. Understrekinga i sitata som i originalen.

¹¹⁶Finn Sjue, 6. november 2006, 6.

¹¹⁷Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006, 6.

¹¹⁸Finn Sjue, 6. november 2006, 6.

Vietnam for kvifor dette var fornuftig: ”en antiimperialistisk organisasjon bør være en enhetsfront, og man må aldri glemme at det er de enkelte medlemmer som ved sitt arbeid kan gjøre organisasjonen sterk”.¹¹⁹ Tanken var at det politiske arbeidet skulle gjerast i lokale grupper rundt om i landet, og at desse gruppene skulle velja delegatar til landsmøtet. Utover dette skulle ein ha landsstyre og eit arbeidsutval. Boye Ullmann skildrar strukturen slik:

Palestinakomiteen var da organisert med samme form som Solidaritetskomiteen for Vietnam, altså med aktivismeprinsippet, det vil si at lokallagene, eller lokalgruppene, som det het den gangen, skulle være grunnenheten. De skulle velge delegater til landsmøtet, og det var der aktiviteten skulle være ... Og vi tenkte veldig klart at toppledelsen også skulle være med i lokalgruppene.¹²⁰

Finn Sjøe forklarar organisasjonsforma ut frå praktiske omsyn:

Me satsa nok primært på å byggja opp arbeidande grupper som kunne få gjort noko. Me kjende tilhøva der ute, og då var det naudsynt å ikkje gå åleine ut i stormen. Eg trur faktisk det var så grunnleggjande enkelt, og eg trur det var rett. Elles hadde me gått i oppløysing med ein gong.¹²¹

Spørsmålet ein kan stilla, er kvifor dei ikkje valde den same modellen som Fellesrådet for Sør-Afrika. Heilt sidan starten som Norsk Aksjon Mot Apartheid i 1963 hadde Fellesrådet kvilt på støtte frå medlemsorganisasjonar, ikkje på individuelle medlemmer.¹²² Ein slik modell hadde sine fordelar og ulempar, slik Nina Drolsum peikar på:

The umbrella organisational model turned out to be both an asset and a liability in the performance of the Council's work. A joint organisation could not be dominated by a particular political direction, as was the case with many other solidarity organisations at that time. On the other hand, this

¹¹⁹ *Fritt Palestina*, “Referat fra det konsiterende møte for Palestinakomiteen i Norge”, 1970, nr. 1

¹²⁰ Boye Ullmann, 23. juni 2006.

¹²¹ Finn Sjøe, 6. november 2006, 6.

¹²² Nina Drolsum, “The Norwegian Council of Southern Africa (NOCOSA),” 215. I 1976 opna Fellesrådet opp for individuelt medlemsskap, og på sitt største talde dei 44 organisasjonar og 2000 einskildmedlemer.

could present difficulties in mobilising activists.¹²³

Det ser ikkje ut som om nokon såg dette som ein farbar veg i 1970. Solidariteten med Palestina måtte byggjast opp frå grunnen av.¹²⁴ Den analysen delte òg Odd Kristian (vanlegvis kalla Kian) Reme då han uttala seg i høve skipinga av Fellesutvalget for Palestina i 1980:

Solidaritetsarbeidet starta i ei tid da det var vanskelig – å samle stor politisk bredde i dette spørsmålet. Dette i motsetning til f.eks. Chile- og Sør-Afrika-arbeid. Det var derfor det eneste naturlige at solidaritetsarbeidet organiserte [seg] ut fra aktivist-prinsippet.¹²⁵

Truleg er det slik at den organisasjonsforma som Palestinakomiteen fekk i 1970, var resultatet av ein kombinasjon av praktiske og ideologiske omsyn. Alternativet til ein uavhengig medlemsorganisasjon hadde vore å kvila seg endå tyngre på den unge ml-rørsla, noko som ikkje var mogleg å sameina med at organisasjonen skulle vera “enhetsfront”.¹²⁶ Dessutan var det viktigaste, slik Finn Sjøe ordlegg seg, “å få gjort noko”. Håkon Kolmannskog har synt korleis dette fokuset på praksis og resultat stod sentralt i ml-rørsla, og der førte til ein ukritisk tilslutnad til det maoistiske programmet.¹²⁷ I Palestinakomiteen førte det altså til at det vart laga ein organisasjon der medlemene styrte politikken. Nokre år tidlegare hadde denne organisasjonsforma ført til splittinga i Vietnam-rørsla, generelt formulert slik i *PaxLeksikon*:

Et av stridsspørsmålene har vært organisasjonsformen; hvorvidt en front skal ha bestemmende organer som består av de gruppene eller partiene som har gått sammen i fronten, eller om enkeltmedlemmene skal avgjøre de politiske linjene uavhengig av de politiske medlems-gruppenes holdninger.

¹²³ Ibid., 215.

¹²⁴ “Me starta frå ingenting. Slik sett var me pionerar. Vår oppgåve var å byggja dette frå grunnen av, og om du då prioriterer diplomati, freistnader på å få dette til saman med andre parti... på starten av 1970-talet var ikkje dette mogleg å leggja kreftene på.” Finn Sjøe, 6. november 2006.

¹²⁵ *Palestina-nytt*, “Historisk gjennombrudd i solidaritetsarbeidet”, 1980, nr. 4

¹²⁶ Omgrepet “enhetsfront” er truleg nytta i noko vid tyding her. Historisk har nemninga vore mest bruka om anten tverrpolitisk samarbeid på venstresida med tanke på regjeringsmakt (“enhetsfront ovenfrå”) eller samarbeid med progressive sosialdemokratrar mot leiinga i dei sosialdemokratiske partia (“enhetsfront nedanfrå”); den rette nemninga i ei enkeltsak som spørsmålet om Palestina-solidaritet hadde truleg vore “aksjonseinskap” [aksjonsenhet]. Sjå Hans Fredrik Dahl, “Folkefront,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982) og Steinar Hansson, “Aksjonsenhet,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982). for ei nærare drøfting av desse omgrepa.

¹²⁷ Håkon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i ml-rørsla,” 14.

Det siste har åpnet for ”kopping”, det første for fronter uten aktivt grunnplan.¹²⁸

Sjølv om ein hadde vedteke seg for å skipa ein medlemsorganisasjon, hadde ein ikkje så mange oppgåver til lokallaga. Dei skulle driva studiearbeid, spreia medlemsavisa og elles “på eget initiativ eller i samarbeid med styret organisere støtteaksjoner for det palestinske folkets sak”. Fyrste året vart det ikkje så mange støtteaksjonar. I desember året etterpå oppsummerte Peder Martin Lysestøl at ”Palestinakomiteen har til nå hovedsaklig vært en studieorganisasjon”. Det kom til lokalgrupper i Bergen og Trondheim, men desse dreiv fyrst og fremst studiearbeid, og sentrallekken heldt fram med å produsera studiebreve, eit tiltak Arbeidgruppa hadde sett i gang med allereie i 1969.¹²⁹ Noko utetterretta verksemd må det likevel ha vore:

Det [er] framgang og seire som har preget Palestina-arbeidets utvikling i Norge. Møter har vært holdt fra Bodø til Moss, resolusjoner har blitt vedtatt i de tre største studentersamfundene i landet, medlemmer har kommet til fra hele landet.¹³⁰

Eit spørsmål er i kva grad komiteen fungerte som eit landsfemnande kollektiv desse åra. Trond Linstad var nyutdanna lækjar, og hadde på eige initiativ reist til Jordan og arbeidd for PFLP.¹³¹ Vel heimkomen fekk han arbeid som turnuslækjar i Larvik og Sauda, og starta opp solidaritetsarbeid der, utan at han minnest at det skjedde i noko særleg samarbeid med leiinga i Oslo.

I desember 1971 vart det fyrste landsmøtet i Palkom halde, og Peder Martin Lysestøl overtok som leiar. Konklusjonen etter landsmøtet var at no var organisasjonen samla og dei politiske usemjene gjennomdrøfte – tida var mogen for å driva meir utetterretta arbeid. Fyrst og fremst vart det vedteke å markera ein “palestinsk dag” 18. mars. Denne vart allereie fyrste året til ei “palestinsk uke” både i Oslo, Trondheim og

¹²⁸Steinar Hansson, “Front,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).

¹²⁹“Studiesirklane var ganske avanserte, veldig gode studiesirklar.” Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

¹³⁰*Fritt Palestina*, “Intervju med formann og aktivist”, 1972, nr. 1

¹³¹Trond Ali Linstad, intervju av Tarjei Vågstøl, 24. november 2006. Linstad fortel at han oppsøkte Sjøe og Lysestøl for å be om vink før han skulle reisa, men at dei ikkje hadde tid til å snakka med han. Han drog difor på eigenhand til Beirut, og kom seg vidare derifrå til al-Wahdāt, ein flyktningeleir utanfor Ammān. Derifrå vart han rekruttert til å hjelpa til i ein PFLP-leir oppe i Ajlūn-fjella, på grensa mot Israel (Vestbreidda). At han arbeidde for PFLP, framstallar han som nærast ei tilfeldigheit: “Eg var litt marxistisk-orientert, og PFLP var marxistorientert.”

Bergen, med stands, debattmøte og filmvisingar. Tre år etterpå hadde “Palestinsk uke” vorte ein tradisjon innan Palestinakomiteen “som hvert år arrangeres de fleste steder der det er solidaritets-grupper”.¹³²

Fritt Palestina kunne jamleg melda om at det hadde dukka opp kontaktpersonar, til dømes ein skuleelev i Nordfjordeid som fekk med seg 17 vener og tinga aviser og studietilfang.¹³³ I 1974 fanst det lokalgrupper i Bergen, Tromsø, Trondheim, Skien, Porsgrunn, Kragerø, Lillestrøm og Lillehammer, og fleire kontaktar og kommisjonærar.¹³⁴

Det var likevel i Oslo det meste skjedde. 12. oktober 1973 demonstrerte 1000 deltakarar på Universitetsplassen mot eit framlegg til fredsløysing. Markeringa fekk støtte frå studentersamfunna på universiteta og på distriktshøgskulen i Bø, og alle ungdomspartia til venstre for AUF slutta seg til.¹³⁵ I dei andre byane var oppmøtet noko dårlegare. I Trondheim samla demonstrasjonstoget under “Palestinsk uke” i 1974 180 deltakar. Det var likevel oppsumert som som eit framsteg, sidan det hadde vore 90 i toget året før.¹³⁶

Dei fleste informantane mine fortel at dei fyrste åra i Palestina-komiteen var harde, eller “ganske friske”. Dei vart møtt med spyting og kalla nazistar, og opplevde at det var vanskeleg å få gjennomslag for ideen om at PLO kjempa ein rettvis nasjonal frigjeringskamp. Finn Sjøe hugsar eit avisoppslag i *Vårt Land* i 1971, der ein politimeister gjekk ut og skildra Fatah fyrst og fremst som ein narkotikamafia og insinuerte at Palestinakomiteen var medsamansvorne.¹³⁷ Terje Lund vart med i Palestinakomiteen i 1974, og vart snart dregen inn for å laga layout på heftet *Israel – propaganda og virkelighet*. “Eg tykte det var eit bra hefte, kom heim og gav det til foreldra mine, og då freste mora mi og sa at det var nazi-propaganda.”¹³⁸

Det ideologiske grunnlaget for Palestinakomiteen

Ei vanleg forståing av ideologi er idear om korleis verda er, korleis ho bør vera og korleis ein når desse måla.¹³⁹ På skipingsmøtet vart det ideologiske grunnlaget for

¹³² *Fritt Palestina*, “Hva er Palestinakomiteen”, 1975, nr. 2:8

¹³³ *Fritt Palestina*, “Nytt fra hjemmefronten”, 1972, nr. 2:16

¹³⁴ *Fritt Palestina*, “Intervju med en PALKOM-aktivist om solidaritet”, 1974, nr. 3-4:5

¹³⁵ *Fritt Palestina*, 1973, nr. 3

¹³⁶ *Fritt Palestina*, “Palestinsk uke i Trondheim”, 1974, nr. 2

¹³⁷ Finn Sjøe, 6. november 2006.

¹³⁸ Terje Lund, intervju av Tarjei Vågstøl, 20. september 2006.

¹³⁹ Bjørn Hagelin og Rune Slagstad, “Ideologi,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).

Palestinakomiteen uttrykt i eit minimumsprogram som nærast har stått uendra fram til i dag:¹⁴⁰

- (1) Full støtte til det palestinske folkets nasjonale frigjøringskamp på deres egne vilkår.
- (2) Full støtte til opprettelsen av et demokratisk Palestina hvor jøder, kristne og muhammedanere har samme rettigheter og plikter.
- (3) Bekjemp USA-imperialismen og den sionistiske staten Israel.
- (4) Bekjemp alle stormaktsløsninger som vil garantere den sionistiske staten Israels eksistens, og knuse det palestinske folkets frigjøringskamp.¹⁴¹

Dette programmet uttrykte dei to siste komponentane av det ideologiske grunnlaget for Palestinakomiteen – kva ein ynskjer (punkt to) og korleis ein skal nå målet (punkt ein, tre og fire), men lite analyse av korleis verda er: Den finn me først og fremst i publikasjonane Palkom produserte. Som eg tidlegare har peikt på, kom grunnlaget frå tre ulike, men likevel delvis samanfiltra, straumdrag: Støttearbeidet for Vietnam, den unge ml-rørsla og Arbeidsgruppa sitt møte med maoistane i Fatah.

At Solidaritetskomiteen for Vietnam var beden inn på møtet, understrekjer tydeleg korleis Palkom-aktivistane såg på arbeidet sitt som ei forlenging av støttearbeidet for FNL. Ikkje berre var målet å skapa like stor endring i opinionen som det Solkom hadde greidd, men PLO vart presentert som ein oppfølgjar til FNL. Dette vert greitt slått fast i fyrste nummer av *Fritt Palestina*:

“Folkene i Sørøst-Asia har ført en kamp som i dag står som et forbilde for den palestinske frigjøringsbevegelsen”¹⁴².

“Som tidligere nevnt er ikke PLO ennå noe FNL, men er i ferd med å bli det. 6. mai 1970 ble dette uttrykt gjennom en minimumsplattform”¹⁴³

På same måte var ein medvitne om usemjene som hadde splitta Solkom i 1967, og

¹⁴⁰I 2007 er parolane omskrivne og delte opp, men Palestinakomiteens prinsippprogram dekkjer framleis desse fire punkta, med det unnataket at “USA-imperialismen” ikkje lenger vert nemnd. Palestinakomiteen i Norge, “PRINSIPPROGRAM - vedteke på landsmøtet mars 2006”, <http://www.palestinakomiteen.no/content/view/90/> (lesedato 22. april 2007).

¹⁴¹*Fritt Palestina*, “Referat fra det konsiterende møte for Palestinakomiteen i Norge”, 1970, nr. 1

¹⁴²*Fritt Palestina*, leiarteig, 1970, nr. 1:2

¹⁴³*Fritt Palestina*, “De imperialistiske kreftene”, 1970, nr 1: 18

gjorde det klart at det ikkje var akseptabelt å gå inn for eit ”nøytralt” syn på konflikten: “Bare imperialisten og den allierte kjemper for å skjule at folkekrigen er det eneste virkelege humanitære middel i kampen mot undertrykkelsen.”

Seinare la Finn Sjøe desse orda i munnen på Fatah då han fortalde om det palestinske geriljaåttaket han fekk observera i 1970: “Fortell oss hvordan du opplevde det hele etterpå. Vi vil at mange skal forstå hvorfor folkekrig i virkeligheten er et humant middel, det eneste middel til virkelig frigjøring for et undertrykt folk.”¹⁴⁴

I tillegg til slå fast at Palestinakomiteen skulle vera ein klår solidaritetsorganisasjon for palestinarene, er bruken av omgrepet “folkekrig” interessant. Innanfor militærhistoria er det ei nemning på krig der heile folket vert involvert i krigføringa, og sivilbefolkninga og samfunnsøkonomien vert strategiske ressursar (dette vert òg kalla “total krig”).¹⁴⁵ Innanfor det maoistiske omgrepsuniverset var tydinga meir spesifikk, og synte til den strategiske doktrinen for geriljakrigføring som Mao Zedong fyrst skildra og den vietnamesiske generalen Giap seinare vidareutvikla. Det er “en krigsform geriljabevegelser med utgangspunkt på landsbygda ofte benytter seg av” der “geriljaen, eller den røde hær, må utnytte de fordeler en vennligsinnnet befolkning i et baseområde representerer”.¹⁴⁶ Frå arabisk hald vart det gjerne hevda at denne strategien var ubrukeleg i Midtausten, sidan ein mangla både tett folkesetnad og eit trygt baseområde.¹⁴⁷ Dessutan: Jamvel om PLO nytta ein strategi som var inspirert av folkekrigsstrategien, nytta dei vanlegvis omgrepet “den palestinske revolusjonen” om kampen sin. Det viktige med omgrepsbruken er ikkje her dei militære vurderingane, men at Palkom openbert valde å skildra den palestinske kampen med omgrep henta frå Kina og Vietnam. Det ser ut som om folkekrigsordet gradvis forsvinn med åra, utan at eg har identifisert eit klart årstal der det går ut or bruk.

Det vart ganske snart naudsynt å gjera det klart korleis ein stilte seg i høve til dei ulike formene palestinske frigjeringskampen tok. I september 1972 vart 11 israelske OL-deltakarar drepne under eit gisseldrama i München, utan at PLO tok på seg ansvaret. Dette skapte mykje merksemd i Noreg, og PLO og landsstyret i Palkom valde same løysing på problemet: Både tok klart fråstand frå aksjonen, samstundes som dei

¹⁴⁴Peder Martin Lysestøl, *Palestinerne*, 197.

¹⁴⁵Sjå t.d. Rolf Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500–1945. Samfunnsendring, statssystem, militær teori* (Oslo: Cappelen, 2005).

¹⁴⁶Fritz Nilsen, “Folkekrig,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).

¹⁴⁷Lillian Craig Harris, “China's relations with the PLO,” *Journal of Palestine Studies* 7, nr. 1 (1977), 134.

peikte på at det ikkje var rart at det kom til slike aksjonar: Det var trass alt fyrst og fremst palestinarane som var offer for israelsk terrorisme. Så gjekk argumentasjonen vidare og hevda at dei harde israelske svar-åtaka tydde at ”den palestinske frigjøringsbevegelsen igjen er i sterk utvikling og har vunnet viktige politiske og militære fremganger det siste året”.¹⁴⁸ Denne linja var ikkje noko brot med tidlegare vedteken politikkk. Ein hadde tidlegare peika på at PFLP sine flykapringsaksjonar var ukloke, både med referanse til at det gjorde solidaritetsarbeidet vanskelegare, men òg med at det var eit brot med prinsippa folkekrigen måtte førast etter. Det er mykje som tyder på at dette var ei “line” som var fastlagt allereie før Palestinakomiteen var skipa, og som jamleg vart vidareformidla til nye aktivistar. Boye Ullmann fortel:

Finn Sjøe brukte vi mye som konsulent ... så på linjespørsmål var Finn helt sentral ... så [her] var det veldig klar linje fra Finn, som ble holdningen ... Da jeg begynte i 1975, var det elementer som ville støtte flykapringar, men det var vi mot, vi var steinhardt mot politisk terrorisme.¹⁴⁹

Den politiske linja til Palkom låg elles ganske fast. Ein tok bastant fråstand frå alle “kompromissløyser”: konflikten kunne ikkje løysast før PLO sigra. Palkom meinte at framlegga om ei “tostatsløyser”, å dela det Palestinske området, var uakseptabel – å seia nei til noko anna enn ein stat for både jødar og arabarar var å godta eit “Mini-Palestina”, noko som ville føra til nett det same som bantustanprovinsane i Sør-Afrika.¹⁵⁰ Samstundes kritiserte dei regima i Jordan og (særleg frå 1973–74) Egypt for å svikta det palestinske folket.

Avisa “Fritt Palestina”

Den dominerande forklaringa hjå Palkom på at folk i Noreg ikkje støtta den palestinske frigjeringskampen, var at dei mangla informasjon. Skule, oppseding og massemedia hadde gjeve folk sympati for Israel, men dei vart aldri presenterte for kva palestinarane vart utsette for. Difor rekna Palkom det som ei sentral oppgåve å spreia informasjon, fyrst og fremst gjennom medlemsbladet *Fritt Palestina*. Det fyrste nummeret (1970, berre eitt nummer kom ut det året) hadde mest karakter av eit introduksjonshefte til konflikten, med lange artiklar om “Hvorfor kjemper det palestinske folket” og “De

¹⁴⁸ *Fritt Palestina*, leiarteig, 1972, nr. 4:2

¹⁴⁹ Boye Ullmann, 23. juni 2006, 8.

¹⁵⁰ *Fritt Palestina*, leiarteig, 1973, nr. 1:2

imperialistiske kreftene”. Seinare fekk bladet ei meir avisprega form, og veksla mellom nyhendestoff henta frå internasjonale aviser og PLO-skriv, intervju, bakgrunnsartiklar, korte meldingar om kva som hende i organisasjonen og politiske analysar. Norske tilhøve vart i liten grad dekte, bortsett frå rundspørjingar til ungdomspartia¹⁵¹ og fagrørsla¹⁵², og ei jamt kritisk line andsynes LO og Arbeidarpartiet. Det kan vera fordi det ikkje hende så mykje å skriva om i Noreg.

Det som pregar blada den fyrste tidsbolken (fram til 1975) er ei “pluralistisk” innstilling til korleis konflikten skal presenterast. Eg les dette som at det ikkje fanst ei gjennomgripande forklaringsramme for konflikten som all argumentasjonen skulle underordnast. Då eg i intervju spurde Kjell Bygstad om kvifor “kampen mot Sovjet” fyrst vart eit tema i 1975, når omgrepet vart brukt så tidleg som då Palkom var med på demonstrasjonen då den sovjetiske utanriksministeren Kosygin vitja Oslo i januar 1972, svara han at “det var aldri ei line for heile fronten. Nokre kunne meine det; eg såg aldri på Stalin som ein helt, men det måtte vera ope for dei som gjorde det å vera med.”

USA spela likevel ei sentral rolle når konflikten skulle forklarast: USA ynskte eit bru hovud inn i Midtausten, der dei hadde store økonomiske interesser, og støtta difor Israel. Men òg andre sider vart tekne opp: Både sionismen og sjølv den israelske statsdanninga vart gått etter i saumane¹⁵³, og Sovjetunionen vart skulda for å ha sine egne “sosialimperialistiske” ambisjonar i regionen. I dei fyrste åra var altså kritikken av Sovjet ein del av forklaringa på konflikten. Kuriøst nok kan det nemnast at Kjell Bygstad redigerte temanummeret om Sovjet i Midtausten (*Fritt Palestina*, 1973, nr. 3), og sjølv i dei djupe konfliktane nokre år seinare skreiv han:

Nummeret ble redigert av meg, og alle artikler om hovudtemaet “stormaktene i Midt-Østen” er skrevet av meg. De har hittil stått uimotsagt i både Palkom og blant ML-ere i fronten ... Alle artikler er skrevet av meg, og jeg står fortsatt fast ved hvert eneste ord i dem.¹⁵⁴

Innhaldet i *Fritt Palestina* var ikkje strengt avgrensa til Palestina-konflikten, men det var heller ingen forsøk på å utvida Palestina-analysen til ein stor, gjeldande teori for

¹⁵¹*Fritt Palestina*, 1971, nr. 1

¹⁵²*Fritt Palestina*, 1975, 1. mai-nummer

¹⁵³*Fritt Palestina*, 1971, nr 1:9–11; *Fritt Palestina* 1973, nr. 1 (temanummer om staten Israel)

¹⁵⁴Kjell Bygstad til distriktsstyret i Oslo AKP, “Vedrørende henvendelse fra DS om KBs medlemskap i partiet”, september 1975 (Kjell Bygstads private arkiv), 11

heile Midtausten. Jemen og Oman vert nemnde av og til¹⁵⁵, kurdarane i ein artikkel¹⁵⁶ og det er jamt referansar til Sør-Afrika.

Noko som særmerkjer avisa er mangelen på namn: Knapt nokon andre enn leiaren i Palkom vert omtala med namn: ein må nøya seg med titlar som “aktivist”, “ein Palkomaktivist” og “en ung lege”, eller til naud fornamn: “Karin og Trond er et ungt ektepar som begge er aktivister i Palkom”.¹⁵⁷ Det same gjeld mange av palestinarane som vert intervjuar: “En palestinsk kvinne”, “ledende geriljafolk” eller “to representanter for Woman Union”. Dei som vert oftast omtala med namn er israelske og norske politikarar. Eg har ikkje noka sikker forklaring på dette, anna enn at det kan vera eit uttrykk for at ein ikkje ynskte å profilera seg sjølve: Det var saka som skulle stå i fokus. Ei anna årsak kan vera omsynet til tryggleiken: både for dei norske aktivistane og for kontaktane i Palestina.¹⁵⁸

Overvaking og tryggingspolitikk

Politiets overvakingsteneste (POT) fatta interesse for Palestinakomiteen allereie i 1970, og sette i gang med å overvaka Finn Sjøe og Peder Martin Lysestøl.¹⁵⁹ Hovudårsaka ser ut til å ha vore otte for at Palkom skulle vera knytt til terroraksjonar i regi av PLO. Eit internt notat i POT frå oktober 1971 konkluderte med at “ingenting tydet på at organisasjonen inntil da hadde tatt del i eller planlagt å ta del i terroroperasjonar i Norge, iverksatt av PLO eller PFLP.” Overvakinga stogga likevel ikkje der, og Lund-rapporten om ulovleg overvaking av norske borgarar viser at overvakinga heldt fram til iallfall midten av 1980-talet. Eit notat frå desember 1984 gav instruks om å registrera alle med tillitsverv i Palestinakomiteen, for medlemmer, aktivistar og sympatisørar skulle ein utvisa skjønn.¹⁶⁰ I tillegg til opne kjelder vart det nytta spanarar, informantar og telefonavlytting.

I byrjinga tenkte ikkje Palkom-aktivistane så mykje over at dei vart overvaka: “Me var naive”, seier Peder Martin Lysestøl. Påska 1973 skjøna han Alvoret. Då avslørte Jan Guillou og andre journalistar i det svenske tidsskriftet *Folket i bild* at den

¹⁵⁵ *Fritt Palestina*, 1974, nr 1:4; *Fritt Palestina*, 1975, nr. 2

¹⁵⁶ *Fritt Palestina*, 1974, nr. 2

¹⁵⁷ *Fritt Palestina*, 1975, nr. 1:12

¹⁵⁸ Ein lengre diskusjon om tryggingspolitikken kjem nedanfor.

¹⁵⁹ Lund-kommisjonen, “Lund-rapporten. Rapport til Stortinget fra kommisjonen som ble nedsatt av Stortinget for å granske påstander om ulovlig overvåking av norske borgere,” *Dokument 15 (1995-96)* (1996), 436-38.

¹⁶⁰ *Ibid.*, 218.

svenske motsatsen til POT, IB, vart brukt til politisk overvaking og hadde dobbeltagentar mellom anna i dei svenske Palestinagruppene. Mellom dei Guillou avslørte som IB-informantar, var Gunnar Ekberg. Ekberg arbeidde med å byggja opp ei Palestina-gruppe i Göteborg, og Lysestøl hadde hjelpt han med å koma i kontakt med PLO. Seinare gav Ekberg opplysingar om PLO-basar i Libanon til Israel, som svara med å bomba basane. Gjennom eit omfattande gravearbeid kom Guillou fram til at Ekberg arbeidde for IB, og han ringde Lysestøl for å spørja kva dei skulle gjera. Problemet var at PLO òg kom til å skjøna det, og truleg likvidera Ekberg. Det tykte ikkje Lysestøl og Guillou at dei kunne ha på samvitet, og dei gjekk til IB og fortalte korleis stoda var.¹⁶¹

“Etter kvart lærte me av det. Me vart på vakt for etterretningsvesenet,” fortel Lysestøl. Frå 1974 vert lesarane av *Fritt Palestina* jamleg gjort merksame på at dei var under overvaking. Landsmøtet i desember 1973 “merkte seg” den svenske IB-avsløringa, og gjer narr av at Palkom vert omtala som potensielle femtekolonnistar i pensum på eit kurs på Forsvarets Høgskole.¹⁶² På sistesida av nr. 1, 1975 er gjeve att ei historie om korleis ein (truleg) israelsk agent som “ligna på [LO-formann] Tor Aspegren” hadde brote seg inn hjå Karin og Trond (Lindstad) og trua dei, nærast på livet.¹⁶³

I Lund-rapporten vert overvakinga av Palestina-aktivistane fyrst og fremst forklart med at ein frykta at dei samarbeidde med terroristar: “Mistanke om forbindelse med utenlandske terrorister [kunne] gi grunnlag for registrering. Her var det denne forbindelsen, mer enn tilknytningen til ml-bevegelsen, som var relevant.”¹⁶⁴ Fleire av kjeldene mine meiner at dette er ei dårleg forklaring: Palkom var så opne omkring det dei gjorde, og så uttala mot “individuell terror” at POT burde skjøna at dei ikkje var terroristsympatisørar. Dei trur heller at årsaka var ein tett utveksling av informasjon mellom POT og Mossad.¹⁶⁵

Det er få teikn på at medvitet om at ein vart overvaka prega arbeidet i Noreg i særleg grad; anna enn at leiinga og dei som vitja Midtausten kan henda vart meir

¹⁶¹Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006. I eit intervju har Jan Guillou fortald historia frå sin ståstad (Aslak Nore, “Fikk se mappa si,” *Klassekampen* (27. april 2004).).

¹⁶²*Fritt Palestina*, 1974, nr. 2:8

¹⁶³*Fritt Palestina*, “Psykologisk terror mot palestinaaktivistar”, 1975, nr. 1

¹⁶⁴Lund-kommisjonen, “Lund-rapporten,” 13. Overvakinga av Palestinakomiteen vert ofte omtala saman med overvakinga av AKP-ml i rapporten, der Palkom vert omtala som “AKPs Palestinakomité”. Det er likevel ingen grunn til å tvila på at Palkom-medlemmer vart overvaka.

¹⁶⁵Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

varsame med kva dei sa til kven. Eg har iallfall ikkje funne teikn til at Palkom dreiv tryggingpolitikk med dekknamn og hemmelege møte, slik AKP(ml) gjorde. Eit mogleg unnatak er den upersonlege stilen som vert bruka i medlemsbladet, men det kan òg ha hatt ideelle forklaringar. På eitt vis var det ganske sjølvsagt. Slik solidaritetsarbeid vart definert av Sjue og Lysestøl heilt frå starten, handla det fyrst og fremst om å ope byggja støtte til den palestinske kampen i Noreg, og difor var det “politisk rett” å ikkje “ta direkte befatning med kampen og blande seg inn i mer eller mindre humbug”.¹⁶⁶

Då boka *Krig og diplomati* kom ut 2005, kunne Odd Karsten Tveit avsløra at Karin Linstad (gift med Trond Linstad og aktivist i Palestinakomiteen) var dobbeltagent for Mossad nokre år tidleg på 1980-talet.¹⁶⁷ Då dette vart kjend, gjekk Karin Linstad ut og stadfesta opplysningane, men hevda samstundes at ho var dobbeltagent og samstundes arbeidde for ei anna etterretningsteneste.¹⁶⁸ Både Finn Sjue og Palestinakomiteen gjekk då ut og sa at jamvel om ho skulle ha vore agent for ei anna etterretningsteneste, var det i strid med prinsippa for solidaritetsrørsla å engasjera seg i slik verksemd.¹⁶⁹ Denne saka er interessant, men eg har valt å ikkje gå nærare inn i henne. Ho viser at det kan henda ikkje alltid var like lett å halda på dei “reine” linene i møte med røyndomen i Midtausten, men eg har vurdert det som vanskeleg å skaffa til vegner annan informasjon enn det som alt er kome fram. Det saka uansett viser, er at det norske politiet samarbeidde tett med Mossad, då dei “klarerte” Karin Linstad som potensiell agent.¹⁷⁰

Oppsummering

Den Palestinakomiteen som vart skipa i 1970, hadde mange og dels samanvovne røter. Etter Seksdagarskrigen byrja stadig fleire i Noreg å stella spørsmålsteikn ved om Israel

¹⁶⁶Boye Ullmann, 23. juni 2006.

¹⁶⁷Odd Karsten Tveit, *Krig og diplomati*, 60–65.

¹⁶⁸*Klassekampen*, “Skulle lure Mossad”, 7. oktober 2005. Kva for ei etterretningsteneste der var, ville ho ikkje fortelja.

¹⁶⁹Finn Sjue seier i eit intervju at han trur på Karin Linstads forklaring, men at han likevel tek fråstand frå at ho let seg verva som agent: “Jeg er av flere grunner overbevist om at Linstad ikke gikk til Mossad fordi hun hadde skiftet side og ønsket å gå Israels ærend ... Også den palestinske frigjøringsbevegelsen var i sin fulle rett til å verve agenter eller be om våpenhjelp. Men jeg mener det er utilletelig for solidaritetsarbeidere å gi seg inn på slik virksomhet, fordi det blir en farlig og skadelig rolleblanding.” (*Klassekampen*, “Ville ha våpenhjelp”, 29. oktober 2005). I eit anna intervju stadfester Trond Ali Linstad langt på veg Karin Linstads forklaring. (*Ny Tid*, “Føler seg medskyldig”, 14. oktober 2005).

¹⁷⁰Lund-kommisjonen gjekk i liten grad inn i samarbeidet mellom norske og utanlandske tryggingstenester. Trond Bergh og Knut Einar Eriksen, *Den hemmelige krigen. Overvåking i Norge 1914-1997* (Oslo: Cappelen, 1998) kallar imidlertid overvaking av palestinarørsla for “et norsk-israelsk fellesprosjet”.

verkeleg var offer i Midtausten-konflikten, men ei så veik opinionsendring er i seg sjølv ikkje ein tilstrekkeleg føresetnad for ein politisk organisasjon. Når ein ser kor liten Palestinakomiteen var dei fyrste åra, kan ein spørja seg om opinionen i det heile hadde noko å seia for at han vart skipa. Det er mogleg at me får den beste forklaringa ved å studera aktørane – då framstår Peder Martin Lysestøl og Finn Sjøe som arkitektar bak Palestina-rørsla i Noreg; med ein kombinasjon av politisk og personleg interesse i saka.

På slutten av 1960-talet var det norske politiske landskapet i kraftig endring. Det politiske ungdomsopprøret hadde kome til Noreg; demonstrasjonar til støtte for FNL i Vietnam samla tusenvis, og dei fyrste teikna til det som seinare skulle verta AKP-ml byrja å visa seg i SUF. Ungdomspartiet orienterte seg mot Kina, Mao og ortodoks marxistisk teori. Det kan sjå ut som om den fyrste Palestina-fråsegna i 1967 nærast var eit samantreff: Samstundes som det var organisatorisk viktig for SUF å markera seg som meir radikale enn morpartiet, dukka det opp ein ny frigjeringskrig. Slik vart Palestina-standpunktet hangande ved den norske ml-rørsla heilt frå starten.

Likevel: Fråsegna i 1967 og demonstrasjonen i mai 1968 ser ut til fyrst og fremst å ha vore kritiske til USA og Israel, ikkje støttande til PLO. Noka organisert Palestina-rørslle vart ikkje skipa før Lysestøl hadde vore eit år i Kairo og Sjøe ein månad med Fatah i Ammān. Delvis kan ein forklara det ved at PLO ikkje akkurat utmerkte seg som ein frigjeringsorganisasjon før Yasir Arafat tok over som formann i 1969, men ein stor del av forklaringa må liggja i at Arbeidsgruppa produserte ideologi som forklarte Palestina-konflikten inn i eit verdsbilete som passa med den antiimperialistiske verdsforståinga i Solkom og SUF/MLG.

Inspirasjonen til ei slik forklaring kom både frå Noreg og frå det ein fann ut ved å snakka med palestinarane sjølve i Midtausten. Tankane om folkekrig, nasjonal frigjering og at Sovjetunionen ikkje var til å lita på, var på ingen måte skapte i Palestina. Peder Martin Lysestøl skildra intervjuet Sjøe gjorde med frigjeringsrørslene slik: “[Dei] er neppe særleg interessant historisk, sidan dei ikkje seier anna enn ein skulle forventa at dei skulle seia”.¹⁷¹ Kan henda var det slik at både nordmennene og palestinarane henta mykje av analysen sin frå Kina, og når norske maoistar kom til Midtausten, så fann dei palestinske maoistar å lytta til?

Arbeidsgruppe for Fritt Palestina var tett knytt til den unge ml-rørsla. Eg ser likevel ingen grunn til å tvila på at det var ein del eigenorganisering, aktivistar utan

¹⁷¹ Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006, 5. Finn Sjøe, 6. november 2006. seier noko av det same: “Fatah hadde minst like stor innverknad innanfor PLO som me trudde føreåt.”

noka partipolitisk tilknytning. At SUF/MLG engasjerte seg så sterkt i å byggja opp ei solidaritetsrørsle for Palestina, kan ha mange forklaringar. Dei hadde, som nemnt, tidleg markert seg med klåre standpunkt i Palestina-konflikten, og det var der ein fann den største samlinga med solidaritetsaktivistar. Når ein ser på programmet Palkom vart skipa på, framstår det som svært tilpassa programmet til Fatah. Det er heller ingen grunn til å tru at nokon kunne ha legitime innvendingar mot at organisasjonen la aktivistprinsippet til grunn – av parti var det nærast berre SUF som støtta PLO i 1970, så nokon paraplyorganisasjon på det tidspunktet er vanskeleg å sjå føre seg.

Oppbygginga av organisasjonen tok elles tid utover 1970-talet. Dei fyrste åra låg vekta på studiarbeid og seinare på aktivisme. Lokalgruppene vart aldri mange, før 1975 ser det ikkje ut til å ha vore meir enn mellom fem og ti til saman. Denne labre aktiviteten kan truleg forklarast ved at det var mange andre viktige politiske spørsmål opptok merksemda til venstresida. Det var EF-røysing i 1972, demonstrasjonane mot Vietnam-krigen var på topp i 1972–73 og både Sjue og Lysestøl forsvann ut av Palkomleinga og inn i viktige posisjonar i ml-rørsla. Likevel voks Palkom jamt, og då dei politiske usemjene starta i 1975, var det kan henda så mange som hundre medlemmer i Oslo.¹⁷²

¹⁷²Det er svært vanskeleg å gjera eit nøyaktig anslag på kor mange medlemmer det faktisk var. Palestinafronten seier at ein tredel av medlemene i Oslo forsvann i 1975, medan Palestinakomiteen fordel at det var eit titals personar. Dersom me reknar med at båe fløyane tek hardt i, kan det gje eit tal på mellom 50 og 100 medlemmer i Oslo.

Kapittel 3.

To Palestina-organisasjonar (1975–79)

På landsmøtet til Palestinakomiteen 18. januar 1976 vart det vedteke eit nytt prinsippprogram med parolen “Bekjemp de to imperialistiske supermakter USA og Sovjet”. Straks etter vedtaket melde ein mindretalsfraksjon på fire seg ut på staden. Månaden etterpå skipa dei Palestinafronten, der dei la det gamle prinsippprogrammet til Palestinakomiteen til grunn.

I 1970-åra var det ikkje noko særstilt at ein frontorganisasjon splitta seg, og at skiljelinja gjekk mellom SUF/AKP(ml) og “dei andre”. Som nemnd i førre kapitlet, vart det brot i Solidaritetskomiteen for Vietnam i 1967, då mindretalet melde seg ut og skipa Vietnambevegelsen i Noreg i protest mot det dei oppfatta som eit “SUF-kupp”. Hausten 1975 braut eit mindretal i Solidaritetskomiteen for Chile ut og skipa Chileaksjonen i Norge.¹⁷³ Det politiske grunnlaget for desse kløyvingane var ulikt, og visse sider av brotet i Palestinakomiteen var særreigne for palestinarørsla: Både standpunkta og organiseringa til den nyskipa Palestinafronten likna svært mykje på Palestinakomiteen. Det gjekk likevel ikkje lang til før organisasjonane skilde lag: Palkom sette etter kvart i gang eit omfattande helsearbeid mellom palestinarar i Libanon, medan Palestinafronten vann innpass i organisasjons-Noreg.

I dette kapitlet vil eg fyrst ta føre meg splittinga, både på ideologisk, politisk og organisatorisk nivå. Etter det vil eg sjå korleis både Palkom og Palfrent organiserte seg i tevlinga om å vera solidaritetsorganisasjonen for Palestina i Noreg. Aller fyrst er det likevel naturleg å gje eit kort overblikk over korleis stoda i Midtausten endra seg i denne perioden.

Stoda i Midtausten: PLO vert pressa

Stoda i Midtausten var i endring, og dannar eit bakteppe for utviklinga i Noreg. I åra mellom 1968 og 1975 var PLO på frammarsj. Trass i at dei måtte flytta aktiviteten sin

¹⁷³Steinar Hansson, “Solidaritetskomiteen for Chile,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).

frå Jordan til Libanon i åra 1970–1971, konsoliderte og styrkte dei seg med base i flyktningleirane i Sør-Libanon.¹⁷⁴ Den ålmenne kjensla i palestinarørsla var at det berre var eit spørsmål om tid før PLO var i stand til å vinna ein militær siger i konflikten. I 1975 såg ikkje dette biletet så eintydig lyst ut. PLO vedtok *tipunksprogrammet*, som opna for ein fredsavtale og etableringa av ein palestinsk stat på Gaza og Vestbreidda.¹⁷⁵ PLO gjekk inn på den muslimske sida i den libanesiske borgarkrigen,¹⁷⁶ ein konflikt som markerte starten på ei lang rekkje militære og diplomatiske tilbaketog og kompromiss for PLO: Syrias invasjon i 1975 (i utgangspunktet til støtte for den kristne høgresida, falangistane) gjorde at dei måtte godta Riyadh-avtalen (desember 1976), ei våpenkvile som gav dei syriske styrkane i Libanon status som fredsstyrke.¹⁷⁷ I 1977 gjekk Egypt inn i tingingar med Israel, og Anwar Sadat skreiv under Camp David-avtalen og slutta separاتفred med Israel. Dette gav Israel ryggen fri til å invadere Sør-Libanon i 1978, starten på ein militæroperasjon som i 1982 eskalerte til full invasjon av Libanon, massakrane i flyktningleirane Sabra og Shatilla og evakueringa av PLO-leiinga frå Libanon til Tunis. Åra 1975–1982 er altså prega at PLO heile tida tapte terreng, samstundes som organisasjonen vart kløyvd mellom “Nei-fronten” (*Rejection front*, dominert av PFLP, som sa nei til tipunksprogrammet) og Fatah, som i større grad stilte seg open for å forhandla.

Sovjetunionen – ein fiende av Palestina?

Attende til palestinarørsla i Noreg: Vedtaket på landsmøtet i 1976 om å ta inn parolen som jamstelte Sovjet og USA som imperialist-makter kom ikkje brått og uventa. Det var heller klimaks for ein konflikt som hadde teke til våren året før, då Palestinakomiteen i Oslo vart kløyvd etter eit vedtak om å bera same parolen i Fagleg 1. mai-tog (sjå nedanføre). Ironisk nok vart heller ikkje parolen ståande særleg lenge – han vart strøken frå prinsipp-programmet på eit omframt landsmøte allereie sumaren 1976.¹⁷⁸

Kvifor var det så viktig å fokusera på sovjetisk imperialisme i 1975? Det er for så vidt mogleg å sjå det i lys av rolla det sovjetstøtta Syria spelte i borgarkrigen i Libanon, men det er lite som tyder på at det var den eigentlege grunnen. Det verkar heller rimeleg

¹⁷⁴M. E. Yapp, *The Near East since the First World War*, 305–06.

¹⁷⁵PLO, “Political Program Adopted at the 12th Session of the Palestine National Council”, Kairo 08. juni 1974, <http://www.un.int/palestine/PLO/docone.html> (lesedato: 02. mars 2007)

¹⁷⁶Ilan Pappé, *A History of Modern Palestine*.

¹⁷⁷ADF: Arab Deterrent Forces

¹⁷⁸Vedtaket vart fyrst offentleggjort om hausten.

at det hang saman med AKP(ml)s interne “oppgjær med høgreavviket”. I ein politisk snumanøver som byrja på slutten av 1974, vart kursen til det unge kommunistpartiet lagt om: “Revisjonistane” i NKP og SF/SV vart utpeikte til hovudfiendar, den interne partidisiplinen vart hardare og Pål Steigan erstatta Sigurd Allern som partileiar. Sentralt i den politiske omdreiinga stod kampen mot den sovjetiske “sosialimperialismen” (oppsummert som “sosialisme i ord, imperialisme i handling”¹⁷⁹).¹⁸⁰ Det nære bandet mellom Palestinakomiteen og AKP(ml) gjer at det er uråd å ikkje sjå splittingsprosessen i Palestinakomiteen i lys av kampanjen partiet no sette i gang mot sosialimperialisme og “moderne revisjonisme”.

Samstundes er det viktig å peika på det me såg i førre kapitlet: Kritikken mot Sovjet var ikkje ein ny idé. Alt i 1970 hadde Finn Sjøe, som representant for Arbeidsgruppa, stått på talarstolen i Ammān og fortalt PLO at i Noreg meinte ein at dei burde satsa på eigne krefter og ikkje gjera seg for avhengige av Sovjet. I 1972 deltok Palkom i ein demonstrasjon mot den sovjetiske utanriksministeren og i 1973 handla eit temanummer av *Fritt Palestina* om Sovjet sine “sosialimperialistiske” ambisjonar i Midtausten.¹⁸¹ I 1974 vart det dessutan lagt til eit etterord i boka *Palestinerne* der det vart orsaka at

... gjennomgangen av supermaktenes rolle i Midtøsten er utilstrekkelig, og behandler i hovedsak USAs rolle. For å forstå spillet i Midtøsten nå, trengs det en like grundig gjennomgang av politikken til den andre imperialistiske supermakten, Sovjet.¹⁸²

Det er difor vanskeleg å tru at kritikken av Sovjet framstod som eit framandelement i Palkom i åra 1975–76. Det som *var* nytt, var at motstand mot linja vart slått så hardt ned på.

Heller ikkje i AKP(ml) var kritikk av Sovjet noko nytt. Ved sidan av fråsegna som kritiserte Israel for Seksdagarskrigen i 1967, hadde SUF markert opposisjon mot SF ved å senda eit svært kritisk helsingstelegram til den sovjetiske ambassaden i høve 50-årsjubileet for oktober-revolusjonen i 1917. Sovjetkritikken var heller ikkje særnorsk.

¹⁷⁹Eivind Stø, “AKPs sovjetanalyse – et tilbakeblikk,” *Røde Fane* 1991, nr. 1-2 (1991).

¹⁸⁰Håkon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i ml-rørsle.” drøftar “oppgjæret med høgreavviket” i AKP(ml) svært nøye i sitt kapittel 4. Han viser korleis byrjinga kom allereie hausten 1974, då sentralkomiteen i AKP(ml) gjorde eit vedtak om sosialimperialismen, og vart intensivert etter at Tron Øgrim la fram dokumentet “Ti teser om høyreavviket” i april 1975.

¹⁸¹Sjå avsnittet “Det ideologiske grunnlaget for Palestinakomiteen” i kapittel 2.

¹⁸²Peder Martin Lysestøl, *Palestinerne*.

Kim Salomon fortel korleis den svenske vietnamrørsla tok inn formuleringar i programmet sitt mot sosialimperialismen i 1970, inspirert av Kommunistiska Förbundet Marxist-Leninsterna.¹⁸³ Han meiner årsaka til det var at ein frå starten såg parallellar mellom Sovjets invasjon i Tsjekkoslovakia i 1968 og USAs engasjement i Vietnamkrigen.¹⁸⁴

Frå midten av 1970-åra fekk kritikken av Sovjet ein meir sentral plass, og i mykje av historieskrivinga om ml-rørsla vert denne snunaden gjeven mykje merksemd. Ragnhild Mork ser det som ein politisk manøver for å halda ml-rørsla samla etter at Mao døydde og utopien om Kina kvarv:

Utopien frå Kina var blitt vanskelegare å forsvare etter 1971, da den norske maoistiske linja stadig kom i konflikt med kinesisk utanrikspolitikk. ... Teorien kom som ei nådegåve frå Kina, for slik kunne det nasjonale gå saman med tolkinga av marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking, og kampanjen mot sosialimperialismen fungerte som den samanbindande faktoren.¹⁸⁵

Anders Holsbø Istad forklarar det meir maktpolitisk som ein trong for ei demarkasjonsline mot det nyskipa Sosialistisk Venstreparti frå 1975.¹⁸⁶ Framstillinga til Håkon Kolmannskog sameinar Morks “indre” og Istads “ytre” forklaring. Han meiner vanskane med overgangen frå student- til vaksenpolitikk og det nedslåande valresultatet AKP(ml) fekk i 1973, skapte ei “uro” i partiet. Denne uroa vart løyst ved å byta ut trua på revolusjon med frykt for sovjetisk invasjon av Noreg.¹⁸⁷ Sentralt for denne verdsforståinga stod den kinesiske doktrinen “teorien om de tre verdener”. For å framstella denne teorien har eg teke utgangspunkt i ein lengre artikkel i AKP(ml)s tidsskrift *Røde Fane* frå 1978, utforma som ei innleiing med påfølgjande spørsmål og svar.¹⁸⁸

Teorien var ei oppgjerd med den sovjetiske inndelinga av verda i to blokkar,

¹⁸³ Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, 135–36.

¹⁸⁴ *Ibid.*, 133.

¹⁸⁵ Ragnhild Mork, “Kinas raude sol,” 99–100.

¹⁸⁶ Sitert i *Ibid.*, 99. Sosialistisk Venstreparti vart stifta i 1975.

¹⁸⁷ Håkon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i ml-rørsla,” 86.

¹⁸⁸ Kyrre Granås, “3 verdener – en kommentar til angrepene mot Mao Tse-tungs inndeling av verdens land i 3 grupper,” *Røde Fane* 1978, nr. 1 (1978), 6-7.. “Kyrre Granås” er truleg eit pseudonym. Det var ikkje uvanleg i AKP(ml) at viktige politiske artiklar vart undertekna med pseudonym, sjølv om dei var skrivne av medlemer i Sentralkomiteen.

sosialistiske og ikkje-sosialistiske. Ein fornuftig utanrikspolitisk analyse måtte, slik ein såg det, vera pragmatisk: Det varierte kva som var den viktigaste “motseiinga” i verda, og “etter krigen har det i det store og hele vært sånn, at det er de store opprøra i den 3. verden som har prega verdensutviklinga”. Det viktige var at landa i 3. verda vart sjølvstendige, ikkje om dei var sosialistiske eller ikkje. Rett nok var det ei von at sjølvstendekampen skulle leia til revolusjon: “Der finnes det sosialistiske Kina og andre sosialistiske land. Der finnes milliarder som kommer til å reise seg og gjøre revolusjon, for det er bare sånn de kan bli fri”, men ein godtok at ikkje alle frigjeringskrigar var sosialistiske.

Fienden til landa i tredje verda var den fyrste verda, dei imperialistiske statane USA og Sovjet. Frå å vera eit sosialistisk land under Lenin og Stalin, var Sovjetunionen no “eit kapitalistisk land av ein ny type”, “byråkratkapitalisme”. Medan USA hadde vore den mest aktive imperialistiske makta etter andre verdskrigen, hadde Sovjet teke dei att og demonstrerte sine aggressive ambisjonar: I Tsjekkoslovakia, på Afrikas Horn (Somalia og Etiopia), og i dei norske nordområda. Til sjuande og sist frykta ein at tevlinga mellom supermaktene ville føra til ein ny verdskrig og sovjetisk okkupasjon av Noreg.

Mellom den fyrste og tredje verda låg dei “utvikla kapitalistiske landa”, som “England, Japan, Norge, DDR, Tsjekkoslovakia og Canada”. Desse stod i ei mellomstilling mellom den fyrste og tredje verda: dei hadde gjerne imperialistiske ambisjonar, men var ute av stand til å gjennomføra dei. Dei var difor avhengige av å “delta som juniorpartnere i supermaktens utbytting av den 3. verden” og kunne sjølve verta utbytta av supermaktene, slik Noreg vart i nordområda.

Med bakgrunn i denne teorien var det altså opning for å stø ei kvar frigjeringsrørsle, og eit kvart land som kom i konflikt med ei imperialistmakt: Slik var ein til dømes mot norsk EEC-medlemsskap, men for EEC som blokk mot Sovjet. Sidan Sovjet var farlegaste imperialistmakta, var det viktig å kritisera Sovjet ved eit kvart høve. Ein var òg motstandar av å kritisera “reaksjonære regime” i 3. verda; dette vart sett på som sovjetisk propaganda for å legitimera aggressiv utanrikspolitikk.

Resten av den norske venstresida ser ut til å ha stilt seg noko uforståande til denne teorien: Han vart sett på som blind lydighet til kinesisk utanrikspolitikk, og kritisert for å ikkje ta den amerikanske imperialismen på alvor.

Brotet i Palestinakomiteen

I Palestinakomiteen i Oslo vart det vedteke mot eit ganske stort mindretal, å delta i Fagleg 1. mai-tog i Oslo med parolen “Kamp mot all imperialism – kamp mot de to supermaktene USA og Sovjet”.¹⁸⁹ Mindretalet kritiserte dette vedtaket i ein løpesetel på Universitetet i Oslo i ettertid. Det vart kalla inn til landsstyremøte i Palkom, og mindretalet vart gjeve eit ultimatum: anten tok dei sjølvkritikk for åtferda si innan to veker, eller så var dei å rekna som utmelde. Dei melde seg ut. Det kan ha vore så mange som ein tredel av medlemene i Oslo, og fleire melde seg seinare ut i protest mot eksklusjonen.¹⁹⁰

Utbrytarane danna Anti-Imperialistisk Arbeidsgruppe for Midt-Østen for å diskutera og studera ulike spørsmål knytt til Midtausten.¹⁹¹ Nokre fåe, hovudsakleg knytte til lokallaget “Øst 2” i Oslo, valde å halda fram som medlemmer av Palkom. Dei var usamde i politikken, men ikkje i prinsippet om at mindretalet skulle vera lojal mot fleirtalsvedtak. Utover hausten heldt usemjene seg sterke, og Kjell Bygstad vart ekskludert frå AKP.¹⁹² Opposisjonen venta likevel til landsmøtet i januar 1976 med å gjera sorti. På landsmøtet delte dei ut eit notat der dei åtvara mot å ta Sovjet-parolen inn i prinsippprogrammet. Då dei tapte røystinga mot sine eigne røyster – fire – melde dei seg ut på staden. Dei fire var Kjell Bygstad, Bjørg Åslund, Vesla Lange-Nilsen og Terje Lund.¹⁹³

Det ser ikkje ut som om utbrytarane visste heilt kva dei skulle gjera. Dei samla seg fyrst rundt ein ålmennpolitisk studiesirkel (“ikkje berre om Midtausten-spørsmål”), men byrja snart å undersøkje om det var mogleg å starta ein ny solidaritetsorganisasjon for Palestina i Noreg. I byrjinga av februar reiste dei til Stockholm og snakka med PLOs

¹⁸⁹Nils Butenschøn, “Palestinakomiteen,” i *PaxLeksikon*, red. av Hans Fredrik Dahl m.fl. (Oslo: Pax, 1982).

¹⁹⁰*Fritt Palestina*, “Om frontpolitikk og ‘opposisjon’”, 1976, nr. 6: 5. Det er noko uklårt om kritikken vart framført i ein løpesetel eller på ein veggavis (Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne.”), men saksgangen er det ingen vesentlege usemjer om. Kor mange var denne tredelen? I ein kronikk i Klassekampen vert dette oppgjeve å vera “SVeren Morten Jørgensen (...) sammen med et titall andre”. Det er vanskeleg å gjera eit realistisk anslag på kor mange dei var.

¹⁹¹Blant dei som gjekk ut våren 1975, var mellom anna Knut Vikør og Gunvor Mejdell. Nils Butenschøn, 28. november 2006.

¹⁹²Kjell Bygstad, 23. august 2006, og Kjell Bygstad, til DS i Oslo AKP, “Vedrørende henvendelse fra DS om KBs medlemskap i partiet”, september 1975 (Kjell Bygstads arkiv).

¹⁹³Terje Lund, 20. september 2006, oppgjev at skodespelaren Tor Aamodt gjekk ut samstundes. Han var likevel ikkje blant “dei fire” som forlet landsmøtet. På dette tidspunktet var brotet så pass førebudd at Kjell Bygstad hadde investert i ein stensilmaskin. Kjell Bygstad, “Historisk tilbakeblikk”, utdatert notat (Kjell Bygstads arkiv).

utsending, Daoud Kaloti, som støtta ideen.¹⁹⁴

[Vi] diskuterte spørsmålet med PLOs informasjonskontor for Skandinavia Svaret var entydig. Vi hadde PLOs støtte til å forstette solidaritetsarbeidet på det politiske og organisatoriske grunnlaget det opprinnelig var blitt startet på.¹⁹⁵

Det same gjorde PLO-representantar dei fekk kontakt med i Beirut og Damaskus. Då Daoud Kaloti, PLOs representant i Stockholm, kom til Oslo 6. februar 1976, kalla dei saman til pressekonferanse og erklærte Palestinafronten for oppretta. Sjølv opprettinga var nærast eit hastevedtak, for dei hadde brått fått melding om at Kaloti var i Oslo og ville stø prosjektet deira.¹⁹⁶ Dimed stod dei med eit styre, men ingen organisasjon.

Etter landsmøtet måtte leiinga i Palkom forsvare dei nye parolane. I leiarteigen etter landsmøtet vart det oppsummert at Sovjet-parolen “var med på å styrke enheten i organisasjonen” og “ingen kuvending, men en videreføring av en stø anti-imperialistisk politikk”. Dei åtvare utbrytarane (og potensielle medløparar?) mot å freista å skipa ein ny Palestina-organisasjon:

Spørsmålet er om det er mulig å bygge ut en slagkraftig anti-imperialistisk front i Norge, som støtter opp om ei supermakt som Sovjet. Svaret er klart nei. Vi veit at en slik politikk aldri kan vinne frem blant norske anti-imperialister. Ei slik pro-imperialistisk linje vil på lengre sikt nedlegge solidaritetsarbeidet, og samtidig dolke det palestinske folket i ryggen.¹⁹⁷

At utbrytarane hadde greidd å skaffa støtte til prosjektet sitt hjå PLO, såg ut til å uroa Palkom, og dei vidareformidla ei fråsegn frå Daoud Kaloti som dei oppfatta gjev fullmakt til å driva solidaritetsarbeid med dei parolane ein sjølv ynskte:

Det er ikke opp til PLO å ta stilling i de motsetninger som måtte finnes innen denne bevegelsen. Vårt ønske er en sterk og enhetlig opinion for det palestinske folkets rettferdige sak i Noreg. Vi er sikker på at norske anti-imperialister og venner av det palestinske folket sjøl vil vite å finne fram til

¹⁹⁴ *Medlemsblad*, "Beretning for Palestinafronten 1976", 1977, nr. 2 (21.01.1977): 2: "14 dager etter landsmøtet ..."

¹⁹⁵ *Medlemsblad*, "Beretning for Palestinafronten 1976", 1977, nr. 2 (21.01.1977): 2

¹⁹⁶ Terje Lund, 20. september 2006.

¹⁹⁷ *Fritt Palestina*, "Palkom 5 år", 1976, nr. 2: 2.

de rette metodene og den rette politikken for å kunne utvikle en effektiv Palestina-opinion i det norske folket.¹⁹⁸

Palestinafronten peikte på at Sovjet-parolen stod i motstrid til det fyrste punktet i prinsippprogrammet: “Full støtte til det palestinske folkets nasjonale frigjøringskamp, *på deres egne vilkår*”. På si side hevda Palkom autonomi frå PLO, og autoritet til å sjølve driva solidaritetsarbeidet slik dei fann det mest tenleg i Noreg, og her støtta dei seg på fråsegna frå Kaloti.

Innan PLO var det Fatah som fyrst og fremst argumenterte for at palestinarane skulle “lita på egne krefter”, og Palkom hadde “venene sine” blant dei mest maoistiske i Fatah. I 1970 hadde dei samarbeidd om stuntet på PLO-kongressen, og ope kritisert Sovjet. Likevel var ikkje det nye programmet møtte med fagnad av PLO.

Ein representant frå PLO med dekknamn “Dr. Salem” reiste frå Paris til Noreg i mai 1976 og kravde at Palkom skulle stryka parolen eller “slutte å bruke den palestinske revolusjonens navn”.¹⁹⁹ PLO skal ha fått reaksjonar frå sovjetisk hald, som lurte på om PLO brukte Palkom som ein “prøveballong” for anti-sovjetiske standpunkt.²⁰⁰ I juli heldt Palkom eit omframt årsmøte og fjerna den omstridde parolen. På leiarplass i *Fritt Palestina* vart det forklart slik:

[PLO] har ei rekkje diplomatiske omsyn å ta. Dette set grenser for kva PLO kan uttale seg om og ta stilling til. Palestinakomiteen respekterer dette og ynskjer å ta omsyn til det i arbeidet som me driv. Difor er det ikkje praktisk for Palkom i dag å ha ei plattform som går ut over PLO si plattform.²⁰¹

Det er ingenting som talar for at dette kunne avverja skipinga av Palestinafronten. I Palfront si årsmelding for 1976 vart ikkje spørsmålet ein gong problematisert, til trass for at Palfront framleis var i ein konsolideringsfase då Palkom endra parolane.

Årsakene til splittinga

Splittinga i Palestinakomiteen var djup og opprivande. Ebba Wergeland, som ikkje arbeidde aktivt i komiteen før ho var med på helseteam i 1978, fortel at ho ikkje kunne

¹⁹⁸Daoud Kaloti, 26. februar 1976, sitert i *Fritt Palestina*, “Avvis alle splittelsesforsøk i Palestina-arbeidet!”, 1976, nr. 3: 1. Dette sitatet vert òg trekt fram seinare, i *Fritt Palestina*, “To liner i solidaritetsarbeidet”, 1976, nr. 8: 2.

¹⁹⁹*Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 18.

²⁰⁰Boye Ullmann, 23. juni 2006.

²⁰¹*Fritt Palestina*, “Nye paroler for Palkom!” 1976, 7: 2.

unngå å verta dregen med i konflikten: “Det kunne ingen i Oslo”.²⁰² Etter at Palestinafronten vart skipa sette Palestinakomiteen kreftene inn på å prova at “dei fire” var allierte med det ekskluderte mindretalet frå 1975, at dei var få, at dei var isolerte til Oslo og at dei nytta direkte ukameratslege metodar. Det heile toppa seg med ein (usignert, men skriven av Finn Sjue) trippelkronikk i *Klassekampen*, der Kjell Bygstad vart presentert som “nyttig som organisator av det falske Palestinaarbeidet i Norge”.²⁰³ Hovudargumentasjonen var at dei pro-sovjetiske kreftene i Noreg (SV og NKP) ynskte å “sabotere Palestinakomiteens riktige linje”, og at Palestinafronten var ein organisasjon for å spreia ein “falsk” Palestinasolidaritet og ikkje såg korleis Sovjet var ein fiende av PLO. På bakgrunn av dette såg dei splittinga som ei vidareføring av striden i Solkom i 1967, og drista seg til å hugsa denne splittinga som ein viktig politisk siger.²⁰⁴ Det er ikkje mogleg å seia om desse analysane var ekte analysar eller retoriske overdrivingar – eller båe delar samstundes.²⁰⁵

Palestinafronten meinte det var fire grunnar til å vera usamd i den nye parolen:

1. Hvem er det palestinske folkets hovedfiende ...
2. Hva mener pal esterne sjøl? – og er de i det hele tatt meningsberettiget? ...
3. Et minimumsprogram for en front – eller et utenrikspolitisk program for et parti. ...
4. Konsekvenser for frontens bredde.²⁰⁶

I innleiinga presenterte eg splittinga som ein normal konsekvens av politisk usemje og det politiske klimaet på 1970-talet. Samstundes var det ikkje slik at deltakarane såg på splittinga som noko positivt. Frå alle hald vart ho oppsummert som ei lei, men kan henda uunngåeleg, hending. Om me ser på kva aktørane sjølve seier, finn me i hovudsak tre forklaringar: Dei var usamde om synet på Sovjet, dei var usamde om tilhøvet mellom solidaritetsrørsla og PLO eller dei var usamde om korleis solidaritetsrørsla skulle drivast og organiserast. Ingen av desse forklaringane held åleine mål.

Palestinafronten protesterte mot påstandane om at dei skulle meina at Sovjet

²⁰²Ebba Wergeland, 29. november 2006.

²⁰³*Klassekampen*, “Sovjet og Palestina: Bygstadgruppa – nyttig for Moskva”, 1976, nr. 78

²⁰⁴Sjå td. *Fritt Palestina*, “To liner i solidaritetsarbeidet”, 1976, nr. 8: 2. Finn Sjue fortel at han var opphavsmannen: “Men kva eg hadde å gjera med det den gongen var mest artikkelane, lite med ”det operative arbeidet” i felten, krangelen og fighten. Takk for det.” Finn Sjue, 6. november 2006.

²⁰⁵Både Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006, og Ebba Wergeland, 29. november 2006, stør analysen av at Bygstad “eigntleg var Sovjet-venleg” og Wergeland meiner at Sovjet hadde eit ynske om å få kontroll over solidaritetsmiljøa. Dette byggjer opp under hypotesen om at Palkom meinte at dette var rette analysar.

²⁰⁶*Medlemsblad*, “Beretning 1976”, 1977, nr. 2

representerte noka redning for palestinarane. I programmet sitt kritiserte dei Sovjet for å arbeida for ei tostatsløyning, og for å opna opp for massiv jødisk immigrasjon til Israel. Likevel, meinte Palestinafronten at fordi Sovjet relativt sett stod svakare i området enn USA, var det ei opning for at “Sovjets rivalisering med USA om makt og innflytelse gir muligheter for et taktisk betinget samarbeid på avgrensa områder”.²⁰⁷ Palkom, på si side, avviste tanken på “taktisk samarbeid” med ei imperialistmakt som absurd.

Når det galdt tilhøvet til PLO, ser det ikkje ut til at Palkom og Palfront var usamde om kva som var idealet: Det var å stø det “palestinske folkets frigjøringsbevegelse på dets egne vilkår”, slik det vart uttrykt i båe programma. Men kva låg i støtte? Hjø Palkom finn me eit syn som kan parafraserast omlag slik: “PLO kjempar mot imperialismen i Midtausten, me kjempar mot imperialismen i Noreg. Me meiner de er eit føredøme for oss her i Noreg, for det kan koma ei tid då det vert naudsynt at me òg må slåst mot imperialismen med våpen. Likevel er ikkje me eit propagandaorgan for dykk, og me presenterer vår eigen analyse for det norske folket.” Palkom stelte seg til PLO om lag slik AKP(ml) gav inntrykk av å stella seg til Kina: Som likeverdige partar i den same striden, som på “kameratsleg vis” kunne vera usamde om konkrete analysar og taktiske vurderingar.

Palfront hadde eit meir avgrensa syn på kva ei solidaritetsrørsle skulle vera. Sentralstyret uttrykte det slik: “Parola om å støtte det palestinske folkets frigjøringskamp på dets egne vilkår, uttrykker nettopp dette: Det er ikke interesser i norsk politikk som er drivkrafta i solidaritetsarbeidet ...”²⁰⁸ Kan henda difor la dei vekt på å ha eit nært forhold til PLO: Opprettinga var klarert på førehand, medlemsbladet kan ofte fortelja om møte mellom Palfront og ulike delar av PLO, og i ein kortfatta presentasjon legg dei vekt på at “Palestinafronten har i sitt arbeid hele tida hatt et nært forhold til den palestinske frigjøringsorganisasjonen PLO”.²⁰⁹

Båe sider var likevel samde om at brotet kom på grunn av usemjer om korleis organisasjonen skulle fungera. “Det er til syvende og sist ikke bare et spørsmål om politiske paroler men også om arbeidsstil”, skreiv Palfront om brotet.²¹⁰ Kva var usemjene om arbeidsstil? Palkom skriv:

²⁰⁷ *Medlemsblad*, “Revidert programforslag”, 1976, nr. 3: 3-4.

²⁰⁸ Terje Lund, “Innledning om den aktuelle situasjonen i M-Ø til landsstyrets første møtedag”, *Medlemsblad* 1978, nr. 6: 16.

²⁰⁹ *Brennpunkt Palestina*, 53.

²¹⁰ *Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 2

Erfaringer har vist at solidaritetsarbeidet blir mest slagkraftig dersom man står på ei enhetlig politisk linje. Hvis fronten skulle kjøre ut indre motsetninger og flere forskjellige syn på viktige spørsmål, ville dette avsløre svakheter som fienden ikke ville nøle med å benytte seg av.²¹¹

Den organisatoriske linja skulle altså vera “demokratisk sentralisme”, der usemjene skulle haldast innerter. Denne organisasjonsmodellen er vanlegvis knytt til “den leninistiske partimodellen”, som AKP(ml) praktiserte. Men det var ikkje denne modellen Palfront var motstandar av. Tvert imot, vedtektene slo fast ei todeling av medlemsmassen i støttemedlemer og aktivistar, der aktivistane vart pålagde aktivitetsplikt og høgre kontingent, men til gjengjeld fekk fulle demokratiske rettar i fronten.²¹² Vedtektene inneheldt òg ein omfattande eksklusjonsparagraf.²¹³ Knut Vikør, “vår mann i London” – ein person leiinga i Palfront hadde stor stor tillit til, protesterte mot ein slik organisasjonsmodell.²¹⁴ Det var ikkje nok til å hindra at han vart vedteken på landsmøtet i 1977 og strengt praktisert året etter (sjå om Bergenssaka, nedanføre).

Når Palfront protesterte mot arbeidsstilen, er det meir sannsynleg at dei protesterte mot det dei oppfatta som AKP(ml)-dominans: “om man skal nøye seg med å la solidaritetsarbeidet for palestinerne bli drevet av en liten parti-politisk sekt eller om man skal bygge en brei front ...”²¹⁵ Nils Butenschøn kvitte seg for å vera med ei ein organisasjon med ml-arar:

Dei kunne eg ikkje lita på, røynslene tilsa det. Ein kunne ikkje kommunisera med ml-arane, kunne ikkje vita om lojaliteten låg til organisasjonen eller til ein namnlaus sentralkomite me ikkje visste kvar var.²¹⁶

Det er ikkje heilt klårt om det var fraksjoneringa til AKP eller kjøtvekta av meinige AKP-medlemer som var problemet. Palestinakomiteen reagerte kraftig på denne framstillinga: “Bl.a. yndet de å insinuere at Palkom skulle være en underorganisasjon av AKP(m-l). Dette tjente sjølvsagt bare anti-kommunismen og det var et skalkeskjul

²¹¹ *Fritt Palestina*, “Om frontpolitikk og ‘opposisjoner’”, 1976, nr. 6: 5

²¹² *Medlemsblad*, “Revidert programforslag”, 1976, nr. 3 og *Medlemsblad*, “Revidert forslag til vedtekter”, 1977, nr. 3 (25.01.1977), §3–6

²¹³ *Ibid.*, §7

²¹⁴ Knut S. Vikør, “Kommentar til vedtektene”, *Medlemsblad* 1977, nr. 3 (25.01.1977): 19

²¹⁵ *Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 2

²¹⁶ Nils Butenschøn, 28. november 2006.

for å kunne tilsløre frontens politiske budskap”.²¹⁷

Reint faktisk var brotet utløyst av at parolen som kritiserte Sovjet fekk fleirtal, og at Palkom nekta å la mindretalet markera eit anna syn, medan mindretalet insisterte på ein slik rett. Men kva var den “eigentlege” konflikten som låg bak? Mitt svar er at det var to: (1) leinga i Palkom såg det som så viktig å kritisera Sovjet at ein kvar parole som ikkje følgde deira Sovjet-analyse til punkt og prikke, *måtte* vera Sovjet-venleg, og (2) mindretalet i Palkom såg dette som uttrykk for at Palkom eigentleg var ein underorganisasjon av AKP(ml), og tykte det var umogleg å driva solidaritetsarbeid under slike tilhøve. Spørsmålet som står att, er då om det var det AKP(ml) som styrte brotet i Palkom?

I førre kapitlet viste eg korleis SUF og AKP(ml) stod sentralt i oppbygginga av Palkom. Det manglar heller ikkje på andre teikn på korleis AKP(ml) hadde kontroll: “Me [AKP] hadde kontrollen i Palkom”, fortel Peder Martin Lysestøl.²¹⁸ Kronikkserien i *Klassekampen* i 1976 samsvarar akkurat med framstillinga i *Fritt Palestina*. Det fyrste helseteamet til Palestina fekk bilettene betalt av AKP.²¹⁹ AKP-medlemene var organiserte i ein eigen fraksjon i Palkom som var underlagt distriktstyret i Oslo AKP(ml):

“Det var partifraksjonen og Finn Sjue som gjennomgikk viktige linjespørsmål, alt fra splittelsen i 1975/76 til Palkom gikk tilbake til den gamle parolen, og til vi virkelig skulle ha enhet med fronten på nytt i 1977/78.”²²⁰

Finn Sjue avdramatiserer den rolla han sjølv spelte:

Så, eg hadde ofte ein del ansvar for kontakt med partifeller i Palestinakomiteen, men mest på ”samtaleplan” ... Det er heller ikkje ukjent at me hadde partifraksjonar i ulike frontar, og me hadde då samtalar med Palkom-fraksjonen om slike ting. Men det var nok vesentleg mindre intenst og organisert enn folk føresteller seg i ettertid. Eg trur det var meir slik at

²¹⁷ *Fritt Palestina*, “Om frontpolitikk og ‘opposisjon’”, 1976, nr. 6: 5

²¹⁸ Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

²¹⁹ Trond Ali Linstad, 24. november 2006. Sjå kapittel 4 for ei drøfting av AKPs rolle her; i følge Sjue var heile det SKAU i AKP som fann på heile konseptet.

²²⁰ Boye Ullmann, 23. juni 2006.: “Det var partifraksjonen og Finn Sjue som gjennomgikk viktige linjespørsmål, alt fra splittelsen i 1975/76 til Palkom gikk tilbake til den gamle parolen, og til vi virkelig skulle ha enhet med fronten på nytt i 1977/78.” Kjell Bygstad fortel at Oslo DS overstyrte leiarvalet i Palestinakomiteen 1975, fordi dei ikkje meinte at Trond Linstad var god nok kandidat. Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne.”

me diskuterte med dei andre. Det var ikkje formelle møte, men meir slik me sit no.²²¹

Det er sannsynleg at “kontrollen” med Palkom vel så mykje vart utført i form av at leiinga i Palkom var AKP(ml)-medlemer eller -sympatisørar, og difor hadde same maoistiske verdsforståing som leiinga i AKP(ml). Dessutan var det ein sterk personalunion: Både Finn Sjue og Peder Martin Lysestøl, pionerane frå Arbeidsgruppa, sat i leiande posisjonar i partiet.²²² Desse heldt kontakten med Palestinakomiteen, og bidrog med “gode råd” og innspel.

Derimot er det ikkje eintydig at brotet i 1975/-76 kom som ein konsekvens av at SKAU hadde vedteke at kampen mot sosialimperialismen skulle trappast opp. For det fyrste var ikkje kritikken av Sovjet ny, som eg har vist før. For det andre, og viktigare: Brotet i Palestinakomiteen skjedde samstundes som tesene om høgreavviket vart formulert i sentralkomiteen i AKP(ml), ikkje etterpå. Kolmannskog viser at prosessen gjekk føre seg internt i sentralkomiteen fram til hausten 1975, og at “i røynda stod leiinga hausten 1975 andsynes utfordringa å vinna sine eigne medlemmer for ei line dei alt hadde vedteke og byrja å setja ut i livet.”²²³ Samstundes legg han til grunn at “teorien om de tre verdener” ikkje vart viktig i AKP(ml) før kring 1976.²²⁴ Alt i april 1975 vedtok Palestinakomiteen i Oslo å stilla med parolen mot Sovjet i 1. mai-toget – same månaden som Tron Øgrim la fram “Ti teser om høyreavviket” for AKP(ml)s sentralkomit .

Krisehjelp og solidaritet. Innsamlingane hausten 1976.

På førsumaren 1976 intervenerte Syria i den libanesiske borgarkrigen. Her hadde PLO, med baseområde sør i Libanon, gått med på den muslimske sida, og fann seg br tt i den posisjonen at ein m tte driva forsvarskrig av baseomr da kring flyktningleirane i staden for geriljakrig. Krigen førte til ei humanit r krise i Libanon, og Yasir Arafat gjekk ut saman med Kemal Jumblatt, leiar for “den libanesiske venstrealliansen” og bad om humanit r hjelp.²²⁵

²²¹Finn Sjue, 6. november 2006.

²²²Lysest l som leiar i S r-Tr ndelag AKP, og Finn Sjue som redakt r i *Klassekampen* og medlem av arbeidsutvalet i Sentralkomiteen (SKAU). SKAU var den daglege leiinga i AKP(ml), og vart popul rt kalla “diamantgjengen”.

²²³H kon Kolmannskog, “Ideologisk leiarskap i ml-r rsla,” 73.

²²⁴Ibid., 88n327.

²²⁵Lebanese National Movement, hj  Palkom: “de patriotiske kreftene”

Slik var bakgrunnen for at Palfront sette i gang innsamlingsaksjonen *Krisehjelp til Libanon* i juni. I august same året lanserte Palkom ei liknande innsamling: *Solidaritet Norge-Palestina*.²²⁶ Båe aksjonane var rimeleg vellukka: Palfront samla inn 190 000 kroner frå starten til årsmeldinga 1976 vart skriven²²⁷ og Palkom samla inn 150 000 kroner.²²⁸ Til samanlikning var årsumsetnaden for Palfront 46 000 kroner.²²⁹

Utover hausten dreidde ordskiftet mellom dei to organisasjonane seg mykje om desse kampanjane. Palkom såg på “Krisehjelpa” som eit trekk for å flytta fokus frå støtte til palestinarane som eit kjempande folk over på lidingane deira, og driva med humanistisk bistandsarbeid i staden for solidaritetsarbeid. På leiarplass i *Fritt Palestina* trekte dei fram stortromma og samanlikna splittinga i rørsla med splittinga i Vietnamrørsla på 1960-talet, mellom dei som kravde fred og dei som ville stø FNL:

På same vis som einskilde i 1965 kravde slutt på “grusomhetene” i Vietnam, så reiser Palestinafronten parola “Stans blodbadet, gi krisehjelp til Libanon”. I staden for å oppfordre til kamp mot imperialismen, vert det snakka om “det storpolitiske spillet”.²³⁰

Det var skilnader mellom aksjonane. Interimstyret i Palestinafronten vedgjekk at dei gjekk ut med “låg politisk profil” på aksjonen sin, for å sikra politisk støtte til kampanjen mellom anna frå fagforbund og “flere andre grupper”, i tillegg til økonomiske løyvingar. Ein eigen aksjon der giroar og plakatar vart distribuerte til 3000 postkontor, stod likevel for størsteparten av inntektene (“meir enn 100 000 kr”).²³¹ Palfront vurderte det slik at dei ikkje hadde same styrke “på gata” som det Palkom hadde, takk vera AKP(ml). Det er sannsynleg at dette var styrande for forma innsamlingsaksjonen fekk. Den politiske profilen til Solidaritet Norge-Palestina var meir tydeleg frå starten:

Vi sender ikkje pengane til Raude Krossen eller andre reint humanitære organisasjonar, som ikkje vil ta stilling til kven som er undertrykt og kven

²²⁶Namnet på Palkoms aksjon liknar mykje på namnet Solkoms innsamlingsaksjon til FNL hadde (“Solidaritet Norge–Vietnam, 1/2 million til PRR” Elling Njaal Tjønneland, “Solidaritetskomiteen for Vietnam.”)

²²⁷*Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 16

²²⁸*Fritt Palestina*, 1979, nr. 9, siste sida

²²⁹*Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 14

²³⁰*Fritt Palestina*, “To liner i solidaritetsarbeidet”, 1976, nr. 8: 2. Den same retorikken finst i *Fritt Palestina*, “Palestinafronten vil sverte solidaritetsarbeidet”, 1976, nr. 7: 7

²³¹*Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 16-17.

som er undertrykkar, kven som er angripar og kven som er angripen.²³²

Til liks med Palfrent, fekk Palkom òg støtte frå fagforeiningar og organisasjonar, men eg har inntrykk av at deira innsamling i større grad nytta “bøsseskramlarar” og dør-til-døraksjonar, slik Palkom Trondheim fortel om i *Fritt Palestina*.

Likevel verkar aksjonane som meir like enn ulike. Dei introduserte ei ny aksjonsform i repertoaret til solidaritetsorganisasjonane: Innsamlingsaksjonar. Palkom sa klart ifrå om at dei ynskte “ei innsamling som ikkje vil slutte før Palestina er endelig frigjort”²³³. Dette var ei viktig nyvinning i Palestina-arbeidet. Tidlegare hadde ein vore opptekne av å skilja solidaritetsarbeid og bistandsarbeid: oppgåva til solidaritetsrørsla var å fremja solidaritet og politisk støtte. Men korleis skulle slik støtte ovra seg i praksis? Svaret hadde tidlegare vore: Ver med i organisasjonen, kjøp avisa og kom i demonstrasjonar. No hadde ein ein solidarisk aktivitet som var lett tilgjengeleg for dei som ikkje hadde tid eller ynskje om å vera Palestina-aktivistar: Dei kunne gje økonomisk støtte. Samstundes kan ein seia at desse kampanjane var den fyrste indikatoren på at organisasjonane gjekk frå rein opinionsbygging til eit meir aktivt engasjement i Midtausten (der grensene mot bistandsarbeid gradvis vert utviska), og skilnaden som var mellom kampanjane varslar om ulik arbeidsstil i arbeidet seinare. Det er uvisst i kor stor grad dei norske organisasjonane fann på denne arbeidsforma sjølve. Seinhausten 1976 vart det drive liknande innsamlingar i Sverige og Danmark, men det er ingenting som tyder på at dei var før ute.²³⁴ Det å samla inn pengar som ein del av solidaritetsarbeid var heller ikkje noko nytt i norsk samanheng; andre solidaritetsorganisasjonar hadde gjort det same før.

Same hausten sende Palestinakomiteen ned det fyrste helseteamet til Libanon. Dette vart etter kvart eit av dei viktigaste arbeidsfelt for Palkom, og Palestinafronten kopierte konseptet nokre år seinare. Sjølv om dette helsearbeidet byrja i 1976, heldt det fram utover heile 1980-talet, og eg vel å handsama det samla i neste kapittel.

Palestinafronten

Etter at “dei fire” hadde forlate Palestinakomiteen, sette dei i gang med å hanka inn palestinaverner som stod utanfor Palkom. Ein av dei fyrste som vart rekrutterte, var Nils Butenschøn. Han arbeidde som vitenskapleg assistent på NUPI og forska på den

²³²*Fritt Palestina*, “Solidaritet Norge – Palestina!”, 1976, nr. 6: 2.

²³³*Fritt Palestina*, “Solidaritet Norge – Palestina!”, 1976, nr. 6: 2.

²³⁴*Medlemsblad*, “Skandinavisk konferanse om Palestinaarbeidet”, 1976, nr. 2 (20.11.1976)

israelske staten, og hadde vore støttemedlem i Palestinakomiteen sidan 1974. Aktivist ville han derimot ikkje verta, sidan han oppfatta Palkom som “for dominert av SUF”. Rett før brotet kom han i kontakt med Terje Lund, som bad han vera med å helsa på Vesla Lange-Nilsen og Kjell Bygstad: “dei hadde noko på gang”.²³⁵ Butenschøn vart vald til leiar; han sa seg viljug til å representera utetter, jamvel om han følte at at andre måtte ta mesteparten av arbeidet med å byggja opp organisasjonen.²³⁶

Ganske snart fekk dei napp i fleire miljø. På Lillehamer bytte storparten av lokallaget organisasjon.²³⁷ I Oslo innleidde dei forhandlingar med Anti-Imperialistisk Arbeidsgruppe for Midt-Østen, som gjekk med i Palestinafronten tidleg på hausten. Ikkje minst dukka det opp ein bråte kristne studentar frå Norges kristelige Studentforbund (NKSF) og Palestinafronten fekk brått grupper på Menighetsfakultetet (MF) og på NKSF-kursstaden Haugtun utanfor Lillehammer.²³⁸ Frå MF-gruppa vart Odd Kristian Reme huka inn til interimstyret. Etter at året var omme, kunne Palfront rekna sju lokalgrupper: Lillehammer, Oslo, Trondheim, Bergen og Haugtun – i tillegg til spirer til grupper i Elverum og Stavanger. Til saman talde dei 70 aktivistar. Interimstyret etablerte kontor i husværet til Kjell Bygstad i Hegdehaugsvegen, og sette etter kvart i gang med fleire store prosjekt. Det mest omfattande var sjølvsgatt Krisehjelpe, men dei sette òg i gang med å laga fleire studiebreve og gje ut avisa Palestina-Nytt, med Butenschøn som redaktør.²³⁹

På landsmøtet 29. januar 1977 stod Palfront framfor oppgåva med å formalisera organisasjonen sin. I fleire månader hadde vedtekter og program vore diskutert i internbladet, særleg spørsmål knytte til organisasjonsforma. I tillegg til vedtekter og program ynskte Kjell Bygstad å vedta noko han kalla “prinsipper for organisasjonsarbeidet”, eit dokument som skulle slå eintydig fast kva prinsipp Palestinafronten var tufta på: (1) Støtte til heile frigjeringsrørsla, (2) ein spesifikk

²³⁵Nils Butenschøn, 28. november 2006. Den politiske bakgrunnen til Nils Butenschøn var elles solid. Han hadde vore med i Unge Venstre (NUV) fram til 1972, og fått organisasjonen til å vedta pro-palestinske liner. Han hadde òg vore representert NUV i styra til Fellestrådet for Sør-Afrika, Folkeaksjonen mot EEC og Vietnambevegelsen i Norge. Etter at Venstre vart splitta i samband med EF-røystinga, var han politisk uavhengig i nokre år, før han gjekk inn i SV.

²³⁶Terje Lund, 20. september 2006. forklarar at “det er klårt at det er Kjell som er den politiske ringreven i dette, som på ein måte hadde ei oppfatning om at han ikkje burde vera frontfigur. Han var ekskludert frå AKP og kontroversiell i SV”.

²³⁷*Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 3

²³⁸Kjell Bygstad, 23. august 2006. Særleg var Bygstad oppteken av at desse “teologane” var gode på musikk og kultur, eit felt der han hadde frykta at AKP(ml) kom til å gje Palkom eit fortinn.

²³⁹*Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977). Talet på aktivistar finn me noko seinare, i *Medlemsblad*, “Arbeidsprogram 1977”, 1977, nr. 4:1

innretting mot Palestina (altså, ikkje mot Midtausten ålment) og (3) brei tverrpolitisk oppslutnad. Han fekk imidlertid korkje resten av interimstyret eller lokalgruppene med på dette.²⁴⁰ Når det galdt vedtektene, inneheldt dei fleire mekanismar for å verna Palestinafronten mot kupp. For det fyrste inneheldt dei ein streng eksklusjonsparagraf, der brot på “frontens vedtekter, program eller landsmøtevedtak” kunne vera eksklusjonsgrunnlag.²⁴¹ For det andre gjorde dei aktivistmedlemer, som var underlagte visse aktivitetskrav, til dei einaste medlemene med rett til å styra den politiske utviklinga i organisasjonen.²⁴² Arbeidsprogrammet som vart vedteke la hovudvekta på studiar, rekruttering og medlemsbladet.²⁴³ Det ser ut som om leiinga i Palestinafronten hadde eit nærast schizofrent tilhøve til organisasjonen sin. På den eine sida formidla internbladet rapportar frå lokalgruppene (som heldt seg rundt 10–12, med litt varierende plassering) og oppmoda om å driva lokalt arbeid. På hi sida går formuleringar som at “heller ikke i år har sentralstyret gått aktivt ut for å danne lokalgrupper av fronten” att.²⁴⁴ Sentralstyret var hovudsakleg opptekne av å driva den “sentrale” aktiviteten.²⁴⁵

Eksklusjonsparagrafen i vedtektene vart sett på prøve allereie året etter.

Lokalgruppa i Bergen hadde allereie hausten 1977 synt lågt aktivitetsnivå, og dukka ikkje opp på landsmøtet. Difor reiste Odd Kristian Reme frå sentralstyret til Bergen 25. januar for å finna ut kva problemet var. Han hadde eit møte med Bergensgruppa som vart oppsummert som positivt, men det kom fram at lokallaget meinte at leiinga underslo motsetnadene mellom PFLP og Fatah, og ynskte at Palestinafronten ikkje berre skulle vera anti-imperialistar, men òg ta eit “klassestandpunkt”.²⁴⁶

I mars sende Gro Hansen og Hans Ågotnes frå Bergen inn eit debattinnlegg til internbladet. Det gjekk tydeleg fram at artikkelen tidlegare hadde stått på trykk i *Avisbulletinen*, ei halv-offentleg diskusjonsavis i Bergen, og han vidareførte kritikken som hadde kome fram på møtet i januar.²⁴⁷ Til svar valde sentralstyret å tilrå at dei to

²⁴⁰ *Medlemsblad*, “Prinsipper for solidaritetsarbeidet”, 1976, nr. 3:6–8

²⁴¹ *Medlemsblad*, “Revidert vedtektsforslag”, 1977, nr. 3:7–8

²⁴² *Medlemsblad*, “Forslag til vedtekter”, 1976, nr. 3:4–5

²⁴³ *Medlemsblad*, “Arbeidsprogram 1977”, 1977, nr. 4

²⁴⁴ *Medlemsblad*, “Beretning 1980”, 1981, nr. 1: 4

²⁴⁵ Kjell Bygstad, 23. august 2006, fortel at “lokallaga var etter kvart ikkje så viktige for oss”.

²⁴⁶ *Medlemsblad*, “Rapport fra internt møte med lokalgruppa i Bergen”, 1978, nr. 1:6–7

²⁴⁷ *Medlemsblad*, “Gro Hansen og Hans Ågotnes om Palestinafronten”, 1978, nr. 3. Retorikken i artikkelen er at Fatah stod for ein nasjonal, småborgarleg line, og at både Palestinafronten og Palestinafronten presenterte konflikten på same moralistiske måten. Det Hansen og Ågotnes ynskte, var at òg den sosialistiske analysen til PFLP måtte få koma til orde i Palfront. Hans Ågotnes avkreftar mistanken min om at lokalgruppa i bergen var knytt til “ultra-marxistiske” grupper som KUL og KAG. (Opplysningar frå Hans Ågotnes på telefon, 23. april 2007). På spørsmål om kvifor det var så viktig å slå ned på denne usemja i Bergen, svarar Odd Kristian Reme at dei i sentralstyret var urolege for at

vart ekskluderte. Grunngevinga var delvis at dei einseitig støtta PFLP, delvis at dei ikkje hadde prioritert å vera aktivistar innanfor Palestinafronten, men fyrst og fremst at dei gjekk offentleg ut med kritikk. Saka kom opp att på landsstyremøtet i 9. september, og då var frontane mjukare. Dei to vart verande i Palfront.²⁴⁸ Ei liknande sak dukka opp i 1979, då dei to sjukepleiarane Knut og Ellen deltok i helseteamet til Palestinafronten, og insisterte på å vera med i båe organisasjonane då dei kom heim. Argumentasjonen for dette var at dei meinte det var feil at det var to Palestina-organisasjonar, og at dei ikkje ville velja. Sentralstyret nekta dei difor “en hver form for medlemskap i fronten, i frykt for at dette ville bli misbrukt i offentlig argumentasjon mot frontens vedtatte linje i forhold til Palkom”.²⁴⁹

Palestinafronten sette ganske tidleg i gang med å etablere internasjonale kontaktar. Viktigast var sjølvstøtt kontaktane med palestinarane, der dei jamleg hadde samband med Daoud Kaloti, PLO-representanten i Stockholm, i tillegg til dei leiande Fatah-representantane Farouk Kaddoumi (i Damaskus) og Abu Iyad (i Beirut).²⁵⁰ I tillegg etablerte dei kontaktar med svenske og danske organisasjonar.²⁵¹

Gjennom desse kontaktane vart Palfront frå 1978 trekte inn i eit arbeid for å hjelpe PLO å knyte kontaktar med palestinarar og anti-sionistiske jødar i Israel. For å oppnå det fyrste, vart det vedteke å halda fram innsamlingsaksjonen frå 1976, men no med mål om støtte til eit samfunnshus i landsbyen Deir al-Assad i Gallilea (i Israel).²⁵² Liknande aksjonar vart haldne i Sverige og Danmark, og pengane gjekk gjennom ein nyoppretta “Nordisk komité for palestinsk utdanning og kultur”.²⁵³ Den viktigaste funksjonen til komiteen var likevel å løyna for israelske styremakter at den vesentlege delen av pengane til samfunnshuset kom frå PLO.²⁵⁴ Eit liknande prosjekt vart sett i gang for å etablere kontakt mellom PLO og gruppa Black Panthers (BP) i Israel. I regi av

Palestinafronten skulle oppleve ei splitting av Palestinafronten mellom PLO- og PFLP-tilgjengjarar. Dei ynskte ikkje ei slik utvikling i Noreg (Odd Kristian (Kian) Reme, intervju av Tarjei Vågstøl, 9. oktober 2006).

²⁴⁸ *Medlemsblad*, “Referat fra landsstyremøtet”, 1978, nr. 6

²⁴⁹ *Medlemsblad*, “Beretning 1979”, 1980, nr. 2:10

²⁵⁰ Kjell Bygsad, “Historisk overblikk”, udatert notat (Kjell Bygstads private arkiv)

²⁵¹ Allereie i november 1976 deltok Palestinafronten på eit nordisk samarbeidsforum i København, der dei svenske og danske Palestinagrupperne var representerte, i tillegg til den svenske organisasjonen *Medisin til Libanon* og det danske *Forbundet mot Imperialisme (FMI)*. I motsetnad til Palfront støtta fleire av desse grupperne ope PFLP. *Medlemsblad*, “Skandinavisk konferanse om palestinaarbeidet”, 1976, nr. 2:7–8

²⁵² *Medlemsblad*, “Referat fra Palestinafrontens andre landsmøte, 21–22/1-78”, 1978, nr. 1:3

²⁵³ *Medlemsblad*, “Nordisk komite for palestinsk utdanning og kultur”, 1978, nr. 2:4

²⁵⁴ Nils Butenschøn, 28. november 2006. Butenschøn fortel om eit intrikat system som involverte koffertar fulle av tusenlappar, alt for at pengane ikkje skulle kunne sporast attende til PLO. Israel mistenkte sjølvstøtt at PLO var kjelda, men greidde ikkje prova noko.

Sosialistisk Opplysningsforbund vart BP bedne inn til ein konferanse i Oslo i april 1978 om situasjonen for dei orientalske jødane. Det eigentlege målet med vitjinga var at desse skulle ha møte med PLO heime hjå Nils Butenschøn i Enebakk. Berge Furre var til og med til stades for å gje politisk tyngd, men møtet vart ein regelrett fiasko.²⁵⁵

Desse prosjekta ser i liten grad ut til å ha involvert fleire enn leiinga, men dei tok opp ein god del av tida til Nils Butenschøn desse åra.²⁵⁶ Det ser òg ut til at leiinga sleit med å få aktivistane til godta at dette var politisk viktige prosjekt, og i *Palestina-Nytt* vart det sett i gang ein lang artikkelserie om anti-sionistiske jødar.

Eit argument for Nils Butenschøn då han aksepterte å verta leiar for Palestinafronten i 1976, var at tida no var inne for å vinna støtte for den palestinske saka utover den ytste venstresida.²⁵⁷ Allereie frå starten la dei opp ein plan for å oppnå dette. Einskildaktivistar var viktige, men målet var å vinna heile parti og organisasjonar for Palestina. Strategien var å byrja “til venstre”, med NKP og SV, og så flytta seg mot fagrørsla og Arbeidarpartiet.²⁵⁸ NKP vann dei ganske lett, og i 1977 byrja arbeidet med SV. Nils Butenschøn vart vald inn i Utanrikspolitisk utval i SV, og arbeidde “innanfrå”. På SV-landsmøtet same år fekk dei gjennom støtte til PLO via eit benkeframlegg, og Berge Furre (som opphavleg hadde vore mot framlegget) gjorde det han kunne for å “befesta synspunktet i organisasjonen”.²⁵⁹

Den største bøygen var likevel å vinna fram i “sosialdemokratiet”, som dei såg på som lykelen til å endra den norske politikken.²⁶⁰ Som tidlegare nemnt hadde LO og Arbeidarpartiet lenge hatt ei nær samrøre med dei israelske systerorganisasjonane sine, og fleire innan toppleiinga var nære israelsvener. Den beste forma for åtak var å byrja utanfor sjølve partiet: “Til syvende og sist må sosialdemokratiet nås gjennom fagbevegelsen og ungdomsorganisasjonen”, heitte det i ei strategiinnleiing Odd Kristian Reme heldt på landsstyremøtet 10. september 1978.²⁶¹ Her trekte dei røynsler frå solidaritetsarbeidet for Vietnam, der det hadde gjeve resultat når ein greidde å byggja opp press frå lokalnivået i fagrørsla, og jamførte med Chile-aksjonen, der fagrørsla var

²⁵⁵Nils Butenschøn, 28. november 2006. Det var fleire grunnar til det. For det fyste var BP overtydde om at det var avslørt at PLO hadde betalt billettane deira, og intern maktkamp i PLO gjorde at Stockholm-representanten Daoud Kaloti, og ikkje den noko viktigare Paris-representanten kom.

²⁵⁶Nils Butenschøn, 28. november 2006. Landsmøtet i 1978 vart orientert om båe prosjekta i eit konfidensielt notat måtte leverest tilbake ved møteslutt.

²⁵⁷Nils Butenschøn, 28. november 2006.

²⁵⁸Kjell Bygstad, 23. august 2006.

²⁵⁹Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006, 1.

²⁶⁰*Medlemsblad*, “Innrettinga på solidaritetsarbeidet. Notat fra sentralstyret til LM”, 1979, nr. 1: 6

²⁶¹*Medlemsblad*, “Politisk oppsummering etter Beirut-opphold”, 1978, nr. 4.

representerte.²⁶² Det seige arbeidet med lokalplanet i fagrørsla byrja sumaren 1978, då ein delegasjon frå Den palestinske arbeiderunionen (PWU/GUPW) vitja Noreg, men sidan høgdepunktet kom tidleg på 1980-talet, vil eg òg ta føre meg dette arbeidet meir detaljert i neste kapittel.

Politiske særdrag ved Palestinafronten

Heilt frå starten hadde solidaritetsrørsla sett likskapsteikn mellom den palestinske frigjeringsrørsla og PLO. Dette hadde vore uproblematisk så lenge PLO hadde vore ein samla front med eit klart og uttala mål. Frå midten av 1970-talet vart biletet uskarpt. Frå 1974 gjekk Yasir Arafat ope inn for ei tostatsløyising. Det var lange tautrekkingar om kva politisk line ein skulle leggja seg på, men kvar gong enda ein opp med å gjera vedtak som opna stadig meir opp for ei kompromiss-løyising. I tillegg kom det stadig fleire åtak mot palestinarane frå andre arabarar, som falangistane i Libanon og den syriske hæren. Fleire smågrupper splitta ut frå PLO og dreiv gerillja- og terrorverksemd på eige initiativ (til dømes ALF, PLF, PFLP-GC og Abu Nidal-gruppa, fleire av dei med støtte frå Syria). Dei andre store partia som enno var tilknytte PLO (PFLP og DFLP) nekta å la seg velja inn i leiinga, og protesterte mot kompromissviljen.

I dette villniset av bokstavforkortingar heldt Palkom seg konsekvent til PLO og Fatah. Det høvde godt med “tre-verdener teorien”, men òg med den offisielle palestinske politikken om at det viktigaste solidaritetsrørsla kunne gjera, var å arbeida for kravet om at PLO skulle reknast som representanten for det palestinske folket. Dessutan rekna dei det som ei umogleg for PLO å gå i open konflikt med dei arabiske nabolanda: “Det var ei dødslinje for ei rørsla som ville ha ryggen fri ... dei hadde flyktningar i alle landa.”²⁶³ I Palfrent, derimot, kan ein sjå tendensar til ei orientering mot PFLP. I referat frå møte og delegasjonsreiser til Midtausten vart det ofte presisert at ein hadde hatt møte med både PLO/Fatah og PFLP.²⁶⁴ Medlemsbladet prenta reportasjar frå møte og demonstrasjonar i PFLP-regi. Det er ikkje vanskeleg å sjå samanhengen mellom desse kontaktane og parolane mot den “arabiske reaksjonen”, og heller ikkje å skjønna at PFLPs krav om ein sosial revolusjon i Midtausten vann atterklang hjå medlemene i Palestinafronten, der mange var sosialistar i utgangspunktet.²⁶⁵

²⁶² *Medlemsblad*, “Noen tanken om PWU-delegasjonen i juni ved Kristian/Hadeland”, 1978, nr. 6

²⁶³ Ebba Wergeland, 29. november 2006.

²⁶⁴ *Medlemsblad*, “Politisk oppsummering etter Beirut-opphold”, 1978, nr. 4

²⁶⁵ Nils Butenschøn, 28. november 2006, meiner at denne orienteringa neppe var særleg kontroversiell for dei miljøa Palestinafronten hadde von om å vinna oppslutnad i.

Hovudsakleg var det slik at dette var ei konkretisering av prinsippet om å “støtte hele frigjøringsbevegelsen, ikke bare deler av den”, som hadde vore eit berande prinsipp i Palfrent sidan skipinga.²⁶⁶ Den politiske orienteringa mot PFLP fekk ikkje store utslag i den praktiske politikken til Palfrent utover kritikken av dei “reaksjonære arabiske regima”. Palfrent-leiinga brukte store ressursar på å fortolka utspela frå PLO-leiinga positivt, sjølv om det til tider var ei vanskeleg oppgåve:

Nå[r] det til tider kan virke usikkert hva målsettinga til PLO faktisk er, iallfall på kortere sikt, når en leser om ulike uttalelser fra forskjellige hold som tyder på kompromissvilje for ikke å si prinsipløshet. Dette er også et tema som har vert oppe til diskusjon i fronten flere ganger; Hvordan skal vi stille oss til slike utkjør? Problemet er at de ofte er fabrikkerte, forvrengte eller uttalt av personer som ikke snakker på vegne av PLO. Men i en del tilfeller er de reelle nok, og uttrykker taktiske krumspring eller strategiske linjer som Palestinafronten er uenig i.²⁶⁷

Årsaka var ei tillit til at PLO ville hamna ned på rett line til slutt. Ein drista seg til og med til å seia “Hvis ... PLO sprekker på spørsmålet om forhandlingsløsning, gir programmet ingen tvil om hva som blir Palestinafrontens oppgave”. Motstanden mot ei “tostatsløyising” var rotfest i Palestinafronten heilt frå starten, og PFLP var dei som tydelegast sa nei til ei slik løsyng.²⁶⁸

Bortsett frå i spørsmålet om ei tostatsløyising, valde Palestinafronten å samla seg om ein parole som fyrst og fremst hadde vore kjennemerket på PFLP, “kamp mot dei reaksjonære arabarstatane”. I fyrste utkastet til program var denne formuleringa gjort eksplisitt: “3. (Alt B) Bekjemp USA-imperialismen, den sionistiske staten Israel og de reaksjonære kreftene i araberverdenen”.²⁶⁹ Sjølve formuleringa vart ikkje med vidare. I programframlegget som vart vedteke, var karakteristikken endra til “[USA-imperialismens] støttespillere i den arabiske verden”.²⁷⁰ Grunngevinga var at USA-imperialismen trass alt var verst.²⁷¹ Likevel er omgrepet uttrykk for eit politisk skilje

²⁶⁶ Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne.”

²⁶⁷ Terje Lund, “Innledning om den aktuelle situasjonen i M-Ø til landsstyrets første møtedag”, *Medlemsblad* 1978, nr. 6: 16.

²⁶⁸ Motstanden mot ei tostatsløyising vart slått fast allereie i programdiskusjonane. *Medlemsblad*, 1976, nr. 2:4

²⁶⁹ *Medlemsblad*, “Programforslag”, 1976, nr. 2 (20.11.1976): 3

²⁷⁰ *Medlemsblad*, “Revidert forslag til vedtekter”, 1977, nr. 3 (25.01.1977): 1

²⁷¹ *Medlemsblad*, “Beretning for Palestinafronten 1976”, 1977, nr. 2 (21.01.1977): 5

mellom Palkom og Palfront som speglar både ulikt “syn på Sovjet” og ulik orientering i høve til PLO.

Bak omgrepet låg ein analyse av at grunnen til at dei arabiske landa i Midtausten ikkje hadde greidd å hindra opprettinga av Israel, ikkje vann krigen i 1967 og freista å motarbeida PLO (t.d. i Jordan i 1970 og Syria i 1976) var at dei var reaksjonære og sjølvne ynskte å oppnå eit godt tilhøve til både Israel og USA, og frykta at den palestinske frigjeringa ville føra til sosiale endringar i deira eigne land.²⁷² Dette var synspunktet til “venstresida” innanfor PLO: til PFLP og nei-fronten. Dei meinte at sosial endring i heile Midtausten var naudsynt for eit fritt Palestina.

I følgje “teorien om de tre verdener” var det å kritisera land i tredje verden for å vera reaksjonære, det same som å legitimera sovjetisk intervensjon:

Imperialismen truer også statene uansett samfunnssystem. Også borgerlige og føydale statsledere blir pressa og trua. I skjerp situasjoner blir valget for dem enten å gjøre motstand eller å bli quislinger.²⁷³

Denne argumentasjonen låg òg bak når Palestinakomiteen kritiserte Palfront-parolen om “dei reaksjonære arabarstatane”. Då Palestinafronten kritiserte Sadat-regimet for å venda seg mot USA, heitte det:

Det skal være uttrykk for en “høyredreining” at Sadat, i protest mot den sovjetiske presspolitikken og forsøket på dominans, har brutt den “vennskapsavtale” som var inngått mellom disse land. ... Vi tror at “Palfront” bidrar til å opprettholde forestillingen om Sovjet som representanten for et “venstre” i den internasjonale politikken, og USA for et “høyre”. Og hvem andre enn Sovjet ser seg tjent med det?²⁷⁴

I dette spørsmålet var kan henda Palkom meir på line med hovudstraumen i PLO, som hadde eit vekslende og pragmatisk forhold til dei arabiske regima. Det er ikkje umiddelbart openbert kvifor det å kritisera alle dei reaksjonære arabiske regima skulle vera lettare å sameina med ei brei rørsle enn det å “berre” støtta palestinarane. Likevel var det ein parole Palestinafronten stod hardt på i fleire samanhengar, og sette som vilkår for at dei skulle delta i samarrangement med Palestinakomiteen. Reme forklarar

²⁷²Medlemsblad, "Beretning for Palestinafronten 1976", 1977, nr. 2 (21.01.1977): 2.

²⁷³Kyrre Granås, "3 verdener," 32.

²⁷⁴Fritt Palestina, "Hva mener 'Palestinafronten'", 1976

det med at det var ein “sannferdig analyse”, som gjorde det klårt at ein ikkje berre var mot Israel, men diktatur òg. Men han vedgår at det like mykje var ei slags demarkasjonsline, for å “gjera oss synlege og visa kva som var skilnaden mellom oss og Palkom”.²⁷⁵

Gjennombrot på gata

Samstundes som Palestinafronten og Palestinakomiteen utveksla harde karakteristikker av ein annan, var siste tredelen av 1970-åra prega av større og tydelegare markeringar på gata for Palestina enn tidlegare. Ein del av forklaringa kan, som eg nemnde i innleiinga, vera at det “skjedde noko” – borgarkrigen i Libanon fekk mykje merksemd, supermaktane og dei arabiske statane diskuterte fredsløysingar. I 1978 slutta Israel og Egypt fred gjennom Camp David-avtalen, og i desember same året vart Menachem Begin og Anwar Sadat gjevne fredsprisen på deling. Året etter vart Eurovision Song Contest – svært populær i Noreg under namnet “Grand Prix” – halden i Jerusalem, og den norske palestinarørsla svara med eit mot-arrangement i Oslo. I desse åra endra brått Palestinakomiteen strategi andsynes Palestinafronten. Dei gjekk bort frå den uforsonlege tonen dei hadde hatt dei fyrste åra, og kom stadig med framlegg om samarbeid og endåtil eit utspel om samanslåing. Rollene vart no bytte om; og det var Palestinafronten som inntok ei meir uforsonleg haldning.

Dette lineskiftet kom vinteren 1978, og fleire faktorar spelte inn. Delvis hadde AKP(ml) ope signalisert at dei hadde stått for hardt på sine liner i samarbeid med andre, og slik isolert seg.²⁷⁶ For det andre såg dei at utbrytarane faktisk hadde greidd å byggja opp ein ny organisasjon, og rekna det som viktig å ikkje splitta opinionen.²⁷⁷ Dessutan stod Palestinakomiteen med ryggen mot veggen, og var redde for å ikkje verta aksepterte som ein legitim solidaritetsorganisasjon.²⁷⁸

Allereie frå 1977 byrja aktivismen, særleg frå Palkom, å verta tydeleg meir utfordrande enn dei enkle stands-aksjonane frå starten av tiåret. Palestinakomiteen satsa på symbolske blokkadar, både av israelske gjesteforelesarar på Universitetet i Oslo og

²⁷⁵ Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.

²⁷⁶ På femårsjubileet for AKP heldt partileiaren Pål Steigan ein tale som mellom anna slo fast at “en viktig forutsetning for at partiet skal oppnå fortsatt framgang er at partiet kvitter seg med alle sekteriske feil og evner å mobilisere folk utafor partiet i langt større grad enn tilfelle har vært fram til nå” Pål Steigan, “AKP(m-l) 5 år – Pål Steigans tale på festmøtet,” *Røde Fane* 1978, nr. 1 (1978), 97.

²⁷⁷ Boye Ullmann, 23. juni 2006.

²⁷⁸ Boye Ullmann, 23. juni 2006: “Vi fikk stempel som partiorganisasjon, og det var et problem i forhold til PLO, særlig de pro-sovjetiske kreftene, som Labadi (utenriksministeren), Kadomi, Abu Yihad.”

visinga av *Seier i Entebbe (Raid on Entebbe)*, ein film om korleis israelske kommandosoldatar nedkjempa PFLP-flykaprarar i Entebbe, Uganda.²⁷⁹ I aksjonane mot filmen kom det til samanstøyter mellom Palkom-aktivistar og politiet: I Trondheim vart 11 demonstrantar vart dømde til bøter, og i Oslo samla seg 7–800 menneske utanføre Colloseum kino og stogga filmen.²⁸⁰ Palestinakomiteen markerte seg òg i etterspelet etter drapet på Ahmed Bouchikhi på Lillehammer – dei protesterte mot at Sylvia Rafael, som var dømd for medverknad til drapet, skulle få opphaldsløyve i Noreg.

På landsmøtet i januar 1978 hadde Palestinafronten bestemt seg for å markera 30-årsdagen for opprettinga av Israel med å skipa til ei “Palestina-uke” 5.–11. mai, fyrst og fremst i Oslo (15. mai var datoen, men veka vart lagt før på grunn av pinsa). Dei vestemte seg for at dei ikkje ville invitera Palestinakomiteen, på bakgrunn av tidlegare erfaringar. Palkom tok dei derimot på senga, og inviterte til ein fellesdemonstrasjon saman med ei rekkje andre organisasjonar. Dette initiativet tok tydelegvis Palfront på senga, og dei slutta seg delvis til ein demonstrasjon mot Moshe Dayan 9. mai. Palfronts eigen demonstrasjon gjekk av stabelen to dagar seinare, og hadde 600 deltakarar i demonstrasjonen og 150 på eit fellesmøte etterpå.²⁸¹ I etterkant var det likevel ikkje deltakartalet Palestinafronten oppsummerte som mest positivt, men det at dei hadde greidd å få tilslutnad frå mange ulike organisasjonar: Brød og Roser, Kommunistisk Ungdom, NKP, Unge Venstre, Norsk Kvinneforbund, Norsk Studentunion, Sosialistisk Ungdom og SV.²⁸²

Sjølve veka bar prega av at Abdel Qader Yassine frå PLOs eksekutivkomité og Daoud Kaloti (PLO i Stockholm) vitja Oslo, og hadde møte med fleire politiske miljø og var hovudtalarar på både på demonstrasjonen mot Moshe Dayan 9. mai og demonstrasjon 11. mai.²⁸³ Palkom markerte seg under denne veka men ei heil rekkje direkte aksjonar, eller stunts: Då Dayan landa på Fornebu, var Palestinakomiteen på flyplassen og møtte han med store banner. På Grand Hotel, der han budde, sneik Boye Ullmann seg inn og heiste det palestinske flagget på taket, og overalt der Dayan gjekk i Oslo, følgde Palkom-aktivistar etter og skreik “Morder Dayan”, “Morder Dayan”. Det ende med at dei vart arresterte.

²⁷⁹ Boye Ullmann, 23. juni 2006.

²⁸⁰ *Fritt Palestina*, 1977, nr. 2; Boye Ullmann, 23. juni 2006

²⁸¹ *Medlemsblad*, “Beretning 1978”, 1979, nr. 2

²⁸² Bortsett frå Norges Unge Venstre og Norsk Studentunion, sokna dei fleste av desse politisk til SV eller NKP.

²⁸³ *Medlemsblad*, “Palestina-uka i Oslo og Abdel Qader Yassines besøk”, 1978, nr. 4 (02.06.1978)

Den neste store demonstrasjonen vart halden i desember, då den norske nobelkomiteen valde å gje Nobels fredspris til Anwar Sadat og Menechem Begin. I augo til palestinaaktivistane tydde fredsavtalen i Camp David at Egypt hadde gått ut av alliansen med dei andre arabiske landa. Her valde Palestinafronten å fyrst invitera dei organisasjonane som hadde samarbeidd om demonstrasjonen 11. mai for å utforma parolegrunnlaget, og sidan invitera andre organisasjonar som Palkom til å slutta seg til.²⁸⁴ Palestinakomiteen frykta for legitimiteten sin som uavhengig solidaritetsorganisasjon, og kravde å få vera med som medtilskipar.²⁸⁵ Då Palkom nekta det, sette Palkom i gang med sine egne initiativkomitear. Ein desperat diplomatisk innsats frå PLO greidde ikkje å få dei to organisasjonane til å semjast. Det vart halde to ulike demonstrasjonar, kvar med om lag 4000 deltakarar.

Under “Palestina Grand Prix” neste år hadde Palkom skaffa seg eit fortrinn – ein dansetrupp med 35 medlemmer var inviterte, og skulle sendast på turne rundt om kring i landet. Palestinafronten såg ingen annan løysing enn å slutta seg til, sjølv om dei var usamde med parolegrunnlaget.²⁸⁶ Grand Prix-arrangementet markerte òg ein ny vri frå Palkom: Det var ein uavhengig “aksjonskomité” som stod bak, og parolen var enkel “Nei til Grand Prix i Jerusalem! Anerkjenn PLO!”²⁸⁷

Oppsummering

Der fyrste halvta av 1970-åra var prega av langsam oppbygging, og det er langt mellom dei store hendingane, ser me på slutten av 1970-talet nærast ein eksplosjon i aktivitetsnivået. Dette gjev seg utslag i både ein opprivande splittingsprosess og større og fleire demonstrasjonar enn tidlegare. Kvifor vart frontane i Palkom så harde at det pressa fram brotet, og korleis kan ein forklara den aktivitetsauken som følgde i åra etterpå?

Det er vanskeleg å berre sjå på *indre* forklaringsmodellar her. Det er ingenting som tyder på at det skjedde noka brå omvelting i det indre livet i Palestinakomiteen som gjorde at ting skulle ta denne vendinga. Aktivistane var dei same og ideologien var den same. Det er meir sannsynleg at forklaringa ligg utanfor organisasjonen: Etter at borgarkrigen i Libanon braut ut i 1975, vart Midtausten-konflikten ein viktigare del av

²⁸⁴ *Medlemsblad*, “Fredspris-aksjonene i desember”, 1978, nr. 8: 2

²⁸⁵ Boye Ullmann, 23. juni 2006.

²⁸⁶ *Medlemsblad*, “Rapport fra sentralstyret”, 1979, nr. 4: 2. Synet i Palestinfronten var stort sett at parolane til Palkom var for tannlause og lite markerte.

²⁸⁷ Boye Ullmann, 23. juni 2006

mediabiletet i Noreg. På sett og vis kom Noreg konflikten til Noreg: Lars Gule vart fengsla i Beirut med sprengstoff i ryggsekken, etterspelet etter Lillehammer-drapet gjekk fleire rundar i media og rettssystemet og ikkje minst vart norske soldatar sende som FN-soldatar til Libanon (frå 1978). PLO gjekk òg frå å vera ei ukjend frigjeringsrørsle til å verta ein seriøs aktør etter at Yasir Arafat fekk tala direkte til FN's generalforsamling i 1974 og PLO fekk observatørstatus.

Den norske venstresida var klar til å bruka fleire ressursar frå midten av 1970-talet. EF-røystinga var over, Vietnam-krigen var over og både Sosialistisk Venstreparti og AKP(ml) var komne ut av ganske innfløkte skipingsprosessar. Vietnam-arbeidet hadde vore ein drivkraft og ressurs i startfasen for ml-rørsla; no fekk Palestinakomiteen nytta godt av toppåra.²⁸⁸ Samstundes som dette innebar at rørsla fekk nye ressursar tilgjengeleg, gjorde det òg at konflikten mellom AKP(ml) og SV vart eksportert inn i Palestinakomiteen. Det er vanskeleg å kalla brotet i 1976 eit reint "SV-utbrot". Opposisjonen frå våren 1975 inneheldt rett ein del SVarar, men ingen av dei fire som tok initiativ til Palestinafronten var medlemmer av SV. Derimot er det tydeleg at SV la ein del ressursar ned i Palfront: Fleire SV-medlemmer gjekk inn i organisasjonen (mellom anna Knut Vikør og Nils Butenschøn), Palfront-grupper fekk invitasjon til å halda føredrag og visa film for lokallag av SV, Sosialistisk Opplysningsforbund (SV studieforbund) gav ut heftet *Brennpunkt Palestina* og tidsskriftet *Kontrast* (gjeve ut av Pax Forlag, men med nære band til SV) laga eit spesialnummer om Palestina. På motsett side hadde Palestinakomiteen apparatet til AKP, som både inkluderte god tilgang på aktivistar og avisa *Klassekampen* (dagsavis frå april 1977).

Dersom ein leitar, finn ein spiser til den norske konflikten i Midtausten. Som eg viste i kapittel 2, fanst det straumdrag i Fatah som var svært kritiske til Sovjet, og Sovjet si rolle vart problematisert ytterlegare i borgarkrigen i Libanon. Det same vart spørsmålet om dei "reaksjonære arabarstatane": Her gjekk det ei strategisk usemje mellom Fatah på eine sida og PFLP på hi. Det er likevel liten grunn til å tru at dette har noka særleg forklaringskraft på hendingane i Noreg. Palestinafronten var aldri ein rein støtteorganisasjon for PFLP, tvert imot sette dei i verk tiltak for å hindra at organisasjonen gjekk i den retninga.

Skjematisk kan handlingsforløpet framstillast slik: I 1975–76 prøvde leiinga i Palestinakomiteen, i samforståing med AKP(ml)-leiinga, å spissa den politiske parolen

²⁸⁸ I 1978 talde partiet AKP(ml) kring 3000 medlemmer og heile den breiare ml-rørsla rundt 5000. Håkon Kolmannskog, "Ideologisk leiarskap i ml-rørsla," 1n2.

mot Sovjet. Dette kom av ei forståing av at Sovjet var ein røyndleg fare, ikkje berre i Noreg, men òg i Palestina. Operasjonen let seg gjennomføra, men kosta dyrt. Leiande krefter i PLO var mot eit slikt lineskifte, og så mange aktivistar i Noreg vart støytte ut at det var mogleg å skipa ein ny organisasjon. Slik sett var det ein Pyrrhos-siger; etter å ha pressa opposisjonen ut, fekk Palkom ein konkurrerande organisasjon. Leiinga i Palestinafronten greip denne sjansen, og spelte på uavhengigheita si frå AKP(ml) for å oppnå støtte frå resten av organisasjons-Noreg – fyrst frå einskildaktivistar, og seinare heile politiske miljø. Etter kvart gjorde dei det til eit ideologisk fundament at dei var ikkje-AKP, og la vekt på politisk analyse som skilde dei frå Palestinakomiteen, og Palkom måtte leggja alle krefter til for ikkje å verta isolerte.

Er det mogleg å samanlikna splittinga i Palestinakomiteen med splittinga i vietnamrørsla åtte år tidlegare? Palestinakomiteen ynskte å gjera det i 1976. Reint overflatisk kan det vera freistande: I båd tilfella braut ml-arane med “resten”, og det krevst stor kreativitet for å sjå korleis Palestinafronten i seg sjølv var meir “borgarleg” og “humanistisk” enn Palestinakomiteen. I spørsmåla om ei forhandlingsløysing var Palfront minst like kompromisslause som det Palestinakomiteen var.

Sjølv om stoda med to konkurrerande organisasjonar vart oppfatta som ein anomali, eit problem det var naudsynt å løysa, er det òg mogleg at situasjonen i seg sjølv førte til meir aktivisme. Ein slags fredeleg kappstrid, der båd organisasjonane freista å overgå den andre. Det er òg mogleg å spekulera på om tilknytninga til AKP(ml) faktisk var det brennmerket som Palfront hevda, slik at ein med to organisasjonar faktisk kunne vinna fram til grupper som elles ville vakta seg vel for å ha noko med “ml-arane” å gjera.

Kapittel 4.

Gjennombrot mot det sivile samfunnet (1980–1987)

I det førre kapitlet såg me korleis slutten av 1970-åra var topp-åra for gateaktivismen og dei store demonstrasjonane for Palestina. Palestinafronten og Palestinafronten skilde seg ikkje mykje frå einannan, korkje i organisasjonsform eller i arbeidsformer. I 1980-åra endra denne stoda seg. Dei store demonstrasjonane forsvann frå “gata”, og optimismen om at PLO ved eiga hjelp kunne frigjera Palestina, minka etter den israelske invasjonen i Libanon i 1982. Samstundes opplevde solidaritetsrørsla i Noreg framgang: Opinionsen byrja å endra seg, og leiinga i LO og Arbeidarpartiet byrja å endra synspunkt. Solidaritetsorganisasjonane endra òg karakter, mykje etter dei linene som vart streka opp etter splittinga i slutten av 1970-åra. Palestinakomiteen heldt fram helseteamarbeidet i utstrekt grad, og Palestinafronten opplevde suksess med planen om å vinna støtte i opinionen steg for steg: Dei institusjonaliserte samarbeidet med Palestina-venlege organisasjonar i “Fellesutvalget for Palestina”, og fagrørsla og Arbeiderpartiet byrja så smått å gje etter for eit langvarig press. I dette kapitlet vil eg fyrst og fremst fokusera på dei sidene av solidaritetsarbeidet som var nye i 1980-åra: For Palkom helsearbeidet i Libanon, for Palestinafronten gjennombrotet mot det sivile samfunnet i Noreg. Dette tyder ikkje at organisasjonane la bort dei aksjons- og organisasjonsformene som vart utvikla på 1970-talet, men at desse vart mindre dominerande.

Tilbakeslag for PLO

Jamvel om den israelske invasjonen i Sør-Libanon 1978 og det påfølgjande FN-nærveret (i form UNIFIL-styrken) hadde teke frå PLO kontrollen over grenseområda mot Israel, var organisasjonen framleis intakt på starten av 1980-talet, med soldatar i grenseområdet som kunne utføra åtak på Israel og verna palestinarane i området mot åtak. Israel heldt fram med eit avgrensa bombardement av Sør-Libanon, men fleire omsyn hindra dei frå å setja i gang større militære operasjonar: Den amerikanske presidenten Jimmy Carter var alt kritisk til Israels okkupasjon av Gaza og Vestbreidda, Israel ynskte ikkje full krig med Syria og fleire ministrar i den israelske regjeringa var

skeptiske til meir offensiv krigføring.²⁸⁹ I 1981 var alle desse avgrensingane borte, og då Likud vann det israelske parlamentsvalet i 1981, byrja planleggjinga av ein større invasjon av Libanon, der israelske styrkar saman med falangist-militisen skulle gå heilt opp til Beirut og ta makta både frå Syria og PLO.²⁹⁰ Den utløysande årsaka til invasjonen var mordet på den israelske ambassadøren Shlomo Agrov i London 3. juni 1982: Den syrisk-støtta terroristen Abu Nidal (på ingen måte ein alliert av PLO) stod bak attentatet, men Israel svara med å bomba PLO-basar rundt Beirut. Då PLO svara med raketttåtak inn i Israel, gav det Israel eit påskot til å setja i gang “Operasjon Fred i Gallilea” 6. juni. Etter ein snau månad var det klårt at PLO ikkje var i stand til stogga den israelske hæren militært, og PLO-leiinga gjekk med på å evakuera frå Beirut, fyrst til Tripoli i Nord-Libanon og så til Tunis. Dette gjorde at PLO hamna langt borte frå Palestina – både symbolsk og realpolitisk. Ikkje berre førde dette til ei kløyving mellom Fatah og dei andre gruppene i PLO, som valde å evakuera til Damaskus²⁹¹, men det stelte òg palestinarane som budde i flyktningeleirane nærast utan forsvar. Konsekvensen vart tydeleg demonstrert då libanesiske falangistar utførde ein massakre i flyktningeleirane Sabra og Shatila i Vest-Beirut.²⁹² M. E. Yapp reknar desember 1983, då Syria utviste Arafat frå Libanon, som “[the] date it could be said that the guerrilla attempt to convert Lebanon into the main base for operations against Israel had failed”.²⁹³ Etter det gjekk borgarkrigen over i den fasen som er vorten kalla ”leirkrigen”, der den shia-muslimske militsen Amal kjempa mot restar av PLO i flyktningeleiarane.

Medan PLO på mange måtar hadde styrkt seg då dei flytta baseområdet frå Jordan til Libanon, var evakueringa i 1983 eit definitivt nederlag. PLO var ikkje lenger ein samla front, og evna til å kunne leggja eit militært press på Israel var permanent svekt. Den einaste moglege utvegen var no ei internasjonal, diplomatisk løysing. Sjølv optimistiske aktivistar i Noreg vart merkte av dette: “Her var det perspektiv om å vinne

²⁸⁹Emilie F. Sahliyah, *The PLO after the Lebanon War* (Boulder, London: Westview Press, 1986), 7.

²⁹⁰Framstillinga her byggjer i hovudsak på kapitlet “Prelude to War” i *Ibid.*, 3–25. Sahliyah set krigen i 1982, som vart ope diskutert i Israel våren 1982, i samanheng med Likud-partiet sitt ynske om å halda på Vestbreidda som annekterte (eller “frigjorde”) delar av Israel (s. 16–17) og PLOs diplomatiske framsteg i åra 1980-81 (s. 18).

²⁹¹ Denne kløyvinga gjekk òg internt i Fatah, jf. kapitlet “The Split Within Fatah and the Rift with Syria” i *Ibid.*, 139–75.

²⁹² Falangistane vart transporterte til Sabra og Shatila, som låg rett ved sidan av kvarandre, av israelske styrkar, og massakren vart utført under israelsk oppsyn. Kor mange som vart drepne, varierer frå fleire hundre (Ilan Pappé, *A History of Modern Palestine*, 223.) til “sannsynligvis mellom 3000 og 3500 mennesker” (Odd Karsten Tveit, *Krig og diplomati*, 159.).

²⁹³M. E. Yapp, *The Near East since the First World War*, 305.

hele kampen – og så feil vi tok: 1983, full kollaps”, fortel Boye Ullmann.²⁹⁴ På den positive sida hadde no den internasjonale opinionen endra seg i pro-palestinsk favør, og for fyrste gong protesterte innbyggjarane i Israel mot krigføringa.

Ein blå vind?

Vilkåra for å driva solidaritetsarbeid i Noreg endra seg òg. Radikalismen frå 1970-åra var i ferd med å forsvinna til fordel for “høgrebølge” og “jappetid” på 1980-talet. Reint ålmenpolitisk kan denne truleg skildrast ved at dei borgarlege partia hadde fleirtal på Stortinget i perioden 1981–1985 og gjorde viktige endringar som bygde ned “den sosialdemokratiske orden”:

Avvikling av offentlige styringsmiddel, deregulering av kreditt- og valutamarknadene, deregulering av bustadomsettinga, friare varehandel, oppløysing av NRK-monopolet, avvikling av det folkevalde fleirtalet i representantskapa i forretningsbankane, skattelette på næringsliv og inntekter, avvikling av statsbedrifter, meir opning for kommersielle helsetenester.²⁹⁵

Samstundes styrkte den norske økonomien seg kraftig i åra fram mot 1986–1987. I denne samanhengen er det truleg minst like viktig at aktivistane på venstresida opplevde at det skjedde ei mentalitetsendring mot høgre, eit norsk skvulp av den internasjonale høgrebølga.²⁹⁶ Oppslutnaden kring demonstrasjonar minka, og tilgangen på aktivistar skrumpa inn. Den norske ml-rørsla opplevde stagnasjon og tilbakegang allereie frå 1978–1979, og SV opplevde sviktande valresultat heile tiåret. Truleg var denne endringa like kraftig som venstrebølga frå slutten av 1960-åra.²⁹⁷

Samstundes som ressursgrunnlaget for aktivisme skrumpa inn, vart embetsverket og “sosialdemokratiet” å meir palestinavenleg. Denne endringa kom ikkje til å få store konsekvensar før på slutten av tiåret, men byrja allereie seint i 1970-åra. Hilde Henriksen Waage skriv at “[b]y the end of the 1970s, a shift was taking place within

²⁹⁴ Boye Ullmann, 23. juni 2006.

²⁹⁵ Berge Furre, *Norsk historie 1914–2000* (Oslo: Samlaget, 2000), 274.

²⁹⁶ Internasjonalt markerer særleg valet av Margaret Thatcher som statsminister i Storbritannia i 1979 og valet av Ronald Reagan som president i USA i 1980 denne tendensen.

²⁹⁷ Eit siste moment, som *kan* ha hatt noko å seia, var at Sovjetunionen invaderte Afghanistan i desember 1979. AKP(ml) sette umiddelbart store krefter inn på å byggja ei solidaritetsrørsla for Afghanistan, og nokre Palkom-aktivistar vart “overførde” dit, mellom anna Boye Ullmann.

some segments of the Norwegian political milieu”.²⁹⁸ Ho, som fleire andre, reknar denne endringa som eit resultat av den norske deltakinga i UNIFIL-stryken i Sør-Libanon:

The UNIFIL presence and the establishment of relations with the PLO led to a stream of Norwegian visitors to the Palestinian organization. For the first time, the defence ministry became actively involved as the confrontations with the Israelis led to diplomatic friction between the two 'best friends'. New information flowed into the foreign and defence ministries.²⁹⁹

Den fyrste endringa kom altså i embetsverket, som nærast fekk det opp i fanget at Noreg brått var ein “part” i konflikten i Libanon. Det er òg mogleg at stoda opna for at ein del embetsmenn kunne nå vidare med ein personleg agenda: Diplomaten Hans Wilhelm Longva, til dømes, ser ut til å ha vore ein pådrivar for auka kontakt med PLO og norsk engasjement i fredstingingar alt frå 1978.³⁰⁰ Denne endringa fekk ikkje særlege konsekvensar for det offisielle norske synet på konflikten: Noreg merkte seg i europeisk samanheng ut som særskild kritiske til PLO.³⁰¹ Denne motviljen var markert i alle fall fram til 1985, då Willoch-regjeringa nekta PLO å etablera eit informasjonskontor i Oslo.³⁰²

Den viktigaste endringa kom hjå Arbeidarpartiet og fagrørsla i byrjinga av 1980-åra. Same året som Arbeidarpartiet mista regjeringmakta, vedtok LO-kongressen å jamstella kontakten med israelsk og palestinsk fagrørsla, eit tydeleg steg i pro-palestinsk retning. Dette vart følgt opp av tett kontakt mellom LO og PLO, og ei meir positiv haldning til PLO blant toppsjiktet i Arbeidarpartiet.³⁰³ Då Arbeidarpartiet nok ein gong kunne skipa regjering, i 1986, vart òg den offisielle norske politikken endra: ”The new government immediately spoke out in favor of a more PLO-friendly approach, signalling a turning point in the Norwegian Middle East policy”.³⁰⁴

²⁹⁸Hilde Henriksen Waage, *Peacekeeping is a risky business*, 35.

²⁹⁹Ibid., 35–36.

³⁰⁰Longva var både chargé d' affaires i Beirut frå 1978, seinare områderådsgjevar i UD og frå 1984 norsk ambassadør i Kuwait.

³⁰¹Ibid., 35–36.

³⁰²Odd Karsten Tveit, *Krig og diplomati*, 187. Både Venstre, Arbeidarpartiet, SV og AKP kritiserte den uventa avgjersla om å avslå søknaden frå Alawi om arbeids- og opphaldsløyve for å driva eit informasjonskontor i Oslo.

³⁰³Hilde Henriksen Waage, *Peacekeeping is a risky business*, 40.: “[Thorvald] Stoltenberg was not acting as a one-man show, however. He was supported by the leading politicians in the Labour Party, such as party leaders Reulf Steen, Gro Harlem Brundtland and Thorbjørn Jagland. There was a broad consensus within the higher echelons of the Labour Party in favour of developing a network of Palestinian contacts.”

³⁰⁴Ibid., 40.

Det er altså mogleg å sjå to spor der det offisielle Noreg gradvis endra politikken sin gjennom 1980-åra. Den eine går gjennom norske UD-byråkatar og diplomatar, den andre gjennom haldningsendringa i Arbeidarpartiet. Sjølv om denne endringa må sjåast i samanheng med ei politisk endring blant alle dei europeiske sosialdemokratiske partia, spela òg solidaritetsrørsla ei viktig rolle.

Fellesutvalget for Palestina

Medan Palestinakomiteen hadde styrken sin fyrst og fremst i at han greidde å mønstra mange aktivistar på gatene og dreiv eit omfattande helseteam-arbeid, låg styrken til Palestinafronten i at han greidde å samla brei støtte frå resten av parti- og organisasjonslandskapet. Både i demonstrasjonane mot fredsprisen i desember 1978 og i samband med 31-årsdagen for opprettinga av Israel i 1979, greidde Palestinafronten å samla støtte frå eit stort tal organisasjonar. Spørsmålet var korleis dei kunne konsolidera denne støtta.

Allereie i 1978 hadde Palestinafronten sendt ut innbeding til skipingsmøte for eit fellesutval, men forsøket var ganske mislukka: Mobiliseringa var dårleg, og berre to organisasjonar møtte opp.³⁰⁵ Styret i Palestinafronten gav likevel ikkje opp, og særleg var det Odd Kristian Reme som ivra for at ein måtte få eit slikt utval på beina. Då han vart leiar i januar 1979 sette han som eit vilkår at han skulle få arbeida å med skipa Fellesutvalget.³⁰⁶ Eit strateginotat til landsmøtet i 1979 utreidde saka, men var ikkje like eintydig positivt.³⁰⁷ Notatet slo fast at oppgåva til Palfront ikkje berre var å skapa ein norsk opinion, men òg å *organisera* han. Spørsmålet var korleis: Det var lite ynskjeleg å organisera “det dusinet av organisasjonar og de 10-tusener [sic] som er pro-palestinske, men ikke befinner seg i det daglige solidarietsarbeid slik aktivistene i fronten gjør” i Palestinafronten, og “for tidlig” å invitara organisasjonar til å verta støttemedlemer. Tanken om ein paraplyorganisasjon vart lansert, men avvist. Løysinga vart å invitara organisasjonane til eit slags fast aksjonsfelleskap rundt visse vedtekne parolar. Dette greidde ein for så vidt i mai 1979, jamvel om “160 personer i toget og 90 på møtet var ikke særlig inspirerende, hverken for fronten eller de tilsluttede organisasjonene”.³⁰⁸ På

³⁰⁵ Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.. Reme oppgjev dårleg førearbeid – at datoen ikkje var klarert med dei organisasjonane som var kalla inn, som grunn, men eg har ikkje funne andre spor etter dette forsøket enn denne opplysninga. Det er såleis grunn til å tru at det neppe vart lagt særleg innsats ned i det.

³⁰⁶ *Ibid.*

³⁰⁷ *Medlemsblad*, “Innrettinga på solidaritetsarbeidet. Notat fra sentralstyret til LM”, 1979, nr. 1: 8

³⁰⁸ *Medlemsblad*, “Beretning 1979”, 1980, nr. 2; denne deltakinga var mikroskopisk samanlikna med

landsmøtet i 1980 vart dette konkretisert vidare: “Styret skal utforske mulighetene for å danne et Fellesutvalg for Palestina, bestående av aktuelle samarbeidsorganisasjoner.”³⁰⁹

21. april 1980 vart ei rekkje organisasjonar bedne inn i eit fellesmøte på kontoret til Palestinafronten i Hedgehaugsvegen.³¹⁰ Odd Kristian Reme fortel det denne gongen var gjort solid arbeid på førehand for å sikra at alle organisasjonane møtte opp. På dette møtet vart det gjort vedtak om å skipa Fellesutvalget (FUP), og alle organisasjonane vart bedne om å gå attende til organisasjonane sine for å få godkjend parolane og tilslutninga. Tre veker etterpå, 12. mai 1980, vart Fellesutvalet for Palestina skipa. Lista over organisasjonar som var med, var ganske imponerande:

Arbeidernes Ungdomsfylking, Ghassan Khanafani kulturfond, Norges Kommunistiske Parti, Norges Kommunistiske Ungdomsforbund, Noregs Unge Venstre, Norsk Kvinneforbund, Norsk Studentunion, Palestinafronten, Senterungdommens Landsforbund, Sosialistisk Ungdom, Sosialistisk Venstreparti.³¹¹

Det vart òg lagt planar om å få med ei lang rekkje med andre organisasjonar, til dømes Noregs Ungdomslag, Norsk Godtemplarungdom og ulike fagforbund. Storparten av desse valde å berre slutta seg til PLO-kampanjen, men Norsk Grafisk Forbund, Norsk Barnevernspedagogforbund og Norges Kristelige Studenterbevegelse melde seg inn kort tid etterpå.³¹² Sjølv utvalet vart lansert på ein pressekonferanse i Folkets Hus 16. juni 1980.³¹³ Den fyrste leiaren var Siri Bjerke frå AUF, og AUF fekk òg ein sekretærfunksjon for utvalet.³¹⁴ Det politiske programmet for FUP var oppsummert i tre parolar:

1. Støtt den palestinske frigjøringskampen
2. For et fritt og demokratisk Palestina

dei store demonstrasjonane som vart haldne året før (sjå avsnittet “Gjennombrøt på gata”, kapittel 3).

³⁰⁹ *Medlemsblad*, “Referat fra landsmøtet”, 1980 nr. 4: 6.

³¹⁰ Dei organisasjonane som var med på møtet, var AUF, Den norske Fredskomiteé, Ghassan Kanafanis Kulturfond, Kristne for Palestina, NKP, NKSF, Unge Venstre, Kvinneforbundet, NSU, SUL, SU, SV, Palestinafronten. Folkereising mot Krig, NKU og Sivilarbeidernes Hovedorganisasjon hadde meldt avbod.

³¹¹ *Medlemsblad*, “Statutter for Fellesutvalget for Palestina”, 1980, nr. 7: 6 (§ 2).

³¹² *Medlemsblad*, “Beretning 1981”, 1982, nr. 2

³¹³ *Medlemsblad*, 1980, nr. 7: 11: I ettertid var ein nøgd med sjølv pressekonferansen, men mindre nøgd med at NRK Radio hadde framstelt det som om Fellesutvalget anerkjende både PLO og Israel.

³¹⁴ *Medlemsblad*. “Referat fra møte i AU 5.6.80”, 1980, nr. 7: 4

3. Aerkjenn PLO, det palestinske folkets eneste rettmessige representant.³¹⁵

Den tredje parolen var utgangspunktet for ein politisk kampanje for samla støtte for kravet om å anerkjenna PLO – med andre ord, at PLO skulle vera den einaste med rett til å føre tingingar på vegner av det palestinske folket. I *Palestina-Nytt* vart opprettinga skildra som eit “historisk gjennombrudd”.³¹⁶ *Klassekampen*, på si side, var langt meir avmålt, med den ironiske tittelen “Historisk gjennombrudd i splittelse”.³¹⁷ Dei peikte nemleg på det openberre: Kvifor var ikkje Palestinakomiteen med i Fellesutvalget?

I ettertid hugsar Kjell Bygstad det som at Palestinakomiteen ikkje ynskte å vera med i Fellesutvalet.³¹⁸ Sjølv om det går fram av saksdokumenta rundt skipinga at sentralstyret i Palestinafronten la ganske medvitne strategiar om å ikkje invitera Palkom, er ikkje dette ein heilt urimeleg påstand. Finn Sjue fortel at det frå starten i 1970 var ein stor skepsis til paraplyorganisasjonar der politikken skulle avgjerast av tautrekkjng og kompromiss.³¹⁹ Likevel søkte Palestinakomiteen om opptak etter at FUP var offisielt var lansert, men vart samrøystes avvist og fekk slik grunngjeving:

“Palestinakomiteen tas ikke opp i Fellesutvalget for Palestina på det nåværende tidspunkt.” Fellesutvalgets medlemsorganisasjoner hadde et noe ulikt utgangspunkt for vedtaket. En valgte derfor å ikke knytte noen argumentasjon til det.³²⁰

Det kan henda at dei helst hadde sett at Palestinakomiteen ikkje søkte om medlemskap: Formelt vart organiseringa av utvalet gjort slik at dei organisasjonane som hadde samarbeidd om demonstrasjonar med felles parolegrunnlag tidlegare, vart inviterte til å vera med på fellesmøtet 21. april. På møtet var det ope for å koma med framlegg til andre organisasjonar, og ingen gjorde framlegg om Palestinakomiteen eller AKP(ml). Slik trong ein ikkje gjera eit aktivt vedtak om å ikkje ha med Palkom, og Palestinafronten trong ikkje markera seg “mot” Palestinakomiteen. Likevel er det openbert at Palestinafronten oppfatta at dei var i ein forsvarsposisjon. I reportasjen om skipinga i *Palestina-Nytt* forklarte Odd Kristian Reme:

³¹⁵ *Medlemsblad*, “Statutter for Fellesutvalget for Palestina”, 1980, nr. 7: 6 (§ 5).

³¹⁶ *Palestina-Nytt*, “Historisk gjennombrudd i solidaritetsarbeidet.”, 1980, nr. 4

³¹⁷ *Klassekampen*, 30.06.1980

³¹⁸ Kjell Bygstad, 23. august 2006. Dette har eg ikkje kunne stadfesta nokon annan stad.

³¹⁹ Finn Sjue, 6. november 2006.

³²⁰ *Medlemsblad*, “Brev frå Fellesutvalget for Palestina til Palestinakomiteen, 07.10.1980”, 1980, nr. 9: 15.

Som de fleste kjenner til fra alle mulige politiske sammenhenger er det vanskelig – ofte umulig – å få alt fra maoister til sosialdemokrater og kommunister til å gå inn i felles arrangementer [...] Palestinafronten bestemte seg derfor for først å invitere alle de pro-palestinske politiske grupperingane som vi har erfart bare godt samarbeid med tidligere.³²¹

Sjølv om konfliktane ved sam-arrangementa i 1970-åra ser ut til å ha gått mellom Palfront og Palkom, er det sannsynleg at dette er ei strategisk vurdering Palfront stod heilt inne for. Både Terje Lund og Odd Kristian Reme har stadfest at dei vurderte det slik at det ville skada høvet deira til å få med eit breitt politisk miljø.³²² Slik vart det òg konkludert i strategidokumentet “Innretninga på solidaritetsarbeidet”³²³ og den påfølgjande diskusjonen på landsmøtet:

Ingen av gruppene mente man skulle vedta noe prinsipp om å ikke samarbeide med Pal`kom. Problemet er om samarbeidet med Pal`kom vil ødelegge samarbeidet med andre organisasjoner?³²⁴

Det einaste “beviset” for denne haldninga som vart presentert i internbladet, var ei fråsegn frå Internasjonal Utval i Senterungdommens Landsforbund, som i mai 1979 frårådde ei samanslåing av mellom Palestinafronten og Palestinakomiteén.³²⁵

Førestellinga ser likevel ut til å ha vore godt rotfest i organisasjonen, og vart bruka som argument i fleire samanhengar.³²⁶ Me skal heller ikkje sjå bort frå at dette var ei forklaring som let seg bruka når Palfront ikkje ynskte noko vidare samarbeid, i det dårlege klimaet som fleire års gjensidig hadde skapt.

Den fyrste kampanjen FUP sette i gang, var ein storstila underskriftskampanje for å samla støtte for ei anerkjenning av PLO. Dette var ikkje nokon ny parole, kravet var heilt i tråd med det PLO ynskte, og hadde vore den einaste parolen under Palestina Grand Prix i 1979. Palestinakomiteen sette sjølv i gang ein underskriftskampanje for kravet sumaren 1980.³²⁷ Ved sidan av dette arbeidet dreiv òg medlemsorganisasjonane

^{321.} *Palestina-Nytt*, “Historisk gjennombrudd i solidaritetsarbeidet”, 1980, nr. 4: 5.

^{322.} Terje Lund, 20. september 2006, og Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.

^{323.} *Medlemsblad*, “Innretninga på solidaritetsarbeidet. Notat fra sentralstyret til LM”, 1979, nr. 1

^{324.} *Medlemsblad*, “Referat fra landsmøtet 03-04.02.1979”, 1979, nr. 4: 9

^{325.} *Medlemsblad*, brev frå IU i SUL til Palestinakomiteén, med kopi til Palestinafronten, 1979, nr. 5: 13.

^{326.} Eit døme er analysen av Palkom og fagrørsla frå Kristian i hadelandsgruppa av Palestinafronten etter vitjinga frå ein palestinsk fagforeiningsdelegasjon sumaren (*Medlemsblad*, 1978, nr. 6: 16).

^{327.} *Medlemsblad*, “Rundskriv frå Fellesutvalget for Palestina”, 1980, nr. 8.

eit visst arbeid andsynes Utanriksdepartementet og morpartia sine.³²⁸

Arbeidet med underskriftskampanjen viser at det ikkje er mogleg å trekkja ei skarp strek mellom sfærene til Palestinakomiteen og Palestinafronten. *Fritt Palestina* 4-1980 var vigd til kampanjen ”Anerkjenn PLO”, og frontfigurane vart presenterte. Mellom dei finn me alle dei fem fagforeningsrepresentantane som reiste med den offisielle LO-delegasjonen i 1980, Arbeidarpartipolitikarane Sigbjørn Johnsen, Ronald Bye og Haldis Havrøy og Senterparti-nestoren Per Borten. I enkeltsaker, som anerkjenninga av PLO, ser det altså ut som om saka var viktigare enn kva for organisasjon som stod bak.

Det kan likevel sjå ut som om den største suksessen med Fellesutvalget var at det vart skipa. Palestinafronten var svært nøgd med at ein greidde å få med dei partipolitiske organisasjonane (SU, SV, SUL, AUF, NUV), men mindre nøgd med det Fellesutvalget greidde å få gjennomført. Underskriftsaksjonen vart aldri nokon suksess (i januar 1982 ”hviler den i påvente av gunstigere politiske konjunkturer”), og FUP fungerte ikkje som nokon motor for å få til ei endring. I årsmeldinga tek Palfront på seg mesteparten av skulda for det, sidan dei ikkje hadde makta å driva arbeidet. Ei alternativ forklaring kan vera at kravet om støtte til PLO var i ferd med å vinna så godt feste i organisasjons- og parti-Noreg at eit koordinerande fellesutval ikkje lenger hadde nokon oppgåver.³²⁹

Gjennombrøt mot fagrørsla

Då Palestinafronten sette i gang innsamlingskampanjen “Krisehjelp til Palestina” i 1977, såg ein på fagrørsla som ein stad det var mogleg å skaffa støtte, men prioriterte det ned:

Det andre tiltaket som ikke bør oppgis helt, er spørsmålet om å nå ut til det brede lag av fagorganiserte. Det er mange måneder siden et slikt opplegg var klart, materialet har ligget ferdig i lang tid, men man valgte å utsette aksjonen for å ikke kollidere med Sør-Afrikaaksjonen innenfor fagbevegelsen.³³⁰

³²⁸ *Medlemsblad*, 1981, nr. 2: 18-19.

³²⁹ Etter nokre få år gjekk FUP fullstendig i passivitet, og vart i røynda nedlagt, før det vart skipa opp att på 1990-talet, denne gong òg med Palkom som medlem.

³³⁰ *Medlemsblad*, “Arbeidsprogram for Palestinafronten 1977”, 1977, nr. 4: 8, kap IV: “Reell støtte til frigjøringsbevegelsen”.

To år seinare var fagrørsla gått over frå å vera ei gruppe ein vona å nå med enkle ”humanitære” oppmodingar til å stå i brennpunktet for ein politisk kampanje. På landsmøtet i 1979 la sentralstyret fram eit strateginotat som forklarte strategien i nøye:

Målet for solidaritetsarbeidet i Norge er å påvirke og endre ikke bare deler av opinionen, men den norske politikken i Palestina-spørsmålet. Da kommer vi ikke utenom sosialdemokratiet [...] Etter vår vurdering er de to viktigste innfallsporalene til sosialdemokratiet fagbevegelsen og ungdomsbevegelsen (AUF).³³¹

Dette dokumentet la grunnlaget for eit målretta arbeidet som fyrst førte til at LO i 1981 vedtok å jamstella den palestinske arbeidarunionen GUPW med Histadrut (israelsk LO) som samarbeidspartnarar.³³² Arbeidet hadde byrja allereie i 1978, då Palfront hadde møtt representantar for GUPW i Libanon. I juni same år vart GUPW ved Abu George og Abu Usama bedne til Noreg av 16 representantar for ulike norske fagforbund og fagforeiningar – jamvel om dei av ”formelle grunnar” hadde signert brevet som einskildpersonar:

Norsk fagbevegelse har tradisjonelt og inntil nå bare hatt kontakt med Histadrut. Vi tror derfor det bare er rettferdig også å kunne bli kjent med synet til de som representerer den palestinske arbeiderklassen.³³³

I Noreg vart dei sende på turne for å ha møte med fagforeiningar – og dessutan Thorvald Stoltenberg, då statssekretær i det norske utanriksdepartementet. Den fyrste oppsummeringa slo fast at dette var ein start, og at ”[p]olitisk sett fungerte disse møtene bra. Kontakter ble knytta. Kontakter som på sikt kan bli meget verdifulle for palestinerne og ikke minst fronten vår”.³³⁴ I september same året reiste ein norsk delegasjon til GUPW-kongressen i Damaskus. Året etterpå kom det som i årsmeldinga vart skildra som “selve gjennombruddet”. Zeid Wehbi og Abu George var turné i Noreg ein månad, frå 20. september til 19. oktober, og hadde dessutan møte med leiinga i LO-forbunda Kjemisk, Transport, Grafisk, Sosionom og Arbeidsmanns-forbundet og

³³¹ *Medlemsblad*, “Innretninga på solidaritetsarbeidet. Notat fra sentralstyret til LM”, 1979, nr. 1: 6-7.

³³² GUPW (General Union of Palestine Workers) og PWU (Palestine Workers’ Union) vert brukt om kvarandre i kjeldene. Øystein J. Rovde nyttar forkortinga PTUF. HER MÅ DET EI AVKLARING TIL

³³³ *Medlemsblad*, “Til den palestinske arbeiderunionen – GUWP”, 1978, nr. 4.

³³⁴ *Medlemsblad*, “Noen tanker om PWU-delegasjonen i juni ved Kristian/Hadeland”, 1978, nr. 6.

partileiingane i SV, NKP, DNA og AUF.³³⁵ Dei fem LO-forbunda reiste til Beirut året etterpå med Kjell Bygstad som delegasjonsleiar.³³⁶ Alt etter to år hadde Palestinafronten opplevd stor suksess andsynes fagrørsla. Dei forbunda ein hadde hatt sett i kontakt med GUPW, og mange av fagforeiningane, gjekk inn for å jamstella kontakten med GUPW og Histadrut.³³⁷

Før LO-kongressen i mai 1981 vart det gjort mykje propaganda-arbeid i Palfront, mellom anna utarbeiding av eit førti sider langt studiehefte (”Solidaritet med de palestinske fagorganiserte”). Målsetjinga vart nådd: Kongressen å jamstella GUPW og Histadrut. Styrkeforholda på landsmøtet var slik at ein kunne ha fått gjennom eit reint støttevedtak til PLO, men det vart rekna som klokare å inngå eit kompromissvedtak.³³⁸ Palestinafronten var varsam med å ta all æra for denne sigeren, men sa seg nøgde med å slå fast at strategien deira hadde vore vellukka. Mykje av æra tilföll truleg fagforeiningsaktivistar sjølve: på landsmøtet til Palestinafronten i 1981 vart Arthur Svendsson takka for innsatsen sin.

Palestinakomiteen hadde ingen stor strategisk plan for å vinna fram i organisasjonane på same måten som i Palestinafronten, men dei òg gjorde viktige framstøytar mot fagrørsla før LO-vedtaket.³³⁹ Fyrst og fremst hadde dei kontaktar innanfor det Boye Ullmann kallar ”den radikaliserde fagbevegelsen, Heismontørene, Telefonsentralmontørene, de som hadde vært i kamp og steik”.³⁴⁰ Dette var nok eit resultat av den innsatsen AKP(ml) hadde lagt ned i arbeidskonfliktane på 1970-talet, men med det følgde og baksida av medaljen: I mange fagforeiningskrinsar var AKP(ml), og dermed Palestinakomiteen, uglesett på grunn av denne konfrontasjonslinja. Boye Ullmann seier at “vi var avskåret fra å nå mye av fagbevegelsen, det var mye av Bygstad sin arena”³⁴¹, ei utsegn som står opp under analysen frå Kristian i hadelandsgruppa til Palestinafronten:

³³⁵ *Medlemsblad*, “Beretning 1979”, 1980, nr. 2.

³³⁶ *Medlemsblad*, 1980, nr. 9: 1. Forbunda var alle representerte med leiarar eller nestleiarar: Arthur Svensson (formann Norsk Kjemisk Industriarbeiderforbund), Odd Bach (nestformann Norsk Transportarbeiderforbund), Arild Kalvik (formann i Norsk Grafisk Forbund), Harald Øveraas (nestformann Norsk Arbeidsmandsforbund), Bjørn Hennem (formann Norsk Sosionomforbund) (Odd Karsten Tveit, *Krig og diplomati*.note 4.14, 679.)

³³⁷ *Medlemsblad*, “Beretning 1980”, 1980, nr. 1: 22-23.

³³⁸ Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.

³³⁹ Både Boye Ullmann, Finn Sjøe, Peder-Martin Lysestøl og Trond Linstad stadfester at Palkom ikkje hadde ein “generalplan” på same måten som Palfront, og er opptekne av å gje Kjell Bygstad æra for gjennombrøtet mot fagrørsla.

³⁴⁰ Boye Ullmann, 23. juni 2006, 6.

³⁴¹ Boye Ullmann, 23. juni 2006.

For de fleste staders vedkommende vil en sammekopling mellom oss og AKP/Palkom bare bety at også vi blir støtt ut i det dypeste mørke. Disse folkene er stortsett så uglesette og upopulære i fagforeningssammenheng at det for oss er av den største viktighet av at vi ikke blir kobla sammen med dem.³⁴²

Likevel gjorde Palkom det dei kunne, og fekk organisert ein delegasjon til Beirut hausten 1979, same hausten som det gjekk ein annan delegasjon til GUPW-kongressen i Damaskus.³⁴³ I Fritt Palestina vert det fortalt at Arbeidarparti-politikaren og Jern og Metall-formannen i Trondheim, David Mostad, vart kontakta av Palkom-aktivistar som kom heim med ein førespurnad frå GUPW i Beirut, som ynskte kontakt med norsk fagrørslse.³⁴⁴ Slik vart det til at han reiste ned i ein delegasjon leidd av Erik Fosse frå Palkom, saman med fleire andre fagforeiningsfolk.³⁴⁵ Vel heime uttalar han ei klår støtte til at LO må ha kontakt med GUPW. I same nummet av avisa finn me ein lang notis om LO-delegasjonen 1980.

Sjølv om vedtaket på LO-kongressen representerte eit vendepunkt i fagrørsla, må det skildrast som ei opning, ikkje ei tverrvending. Vedtaket galdt trass alt berre å jamstella partane, og ”fra LOs side ble det gjort klart at dette ikke skulle svekke vennskapet med Histadrut, og utover på åttitallet var LOs politikk at man skulle være venner med begge parter.”³⁴⁶ Eit utslag av denne balansegangen var til dømes at LO ikkje inviterte GUPW til LO-kongressen i 1985.³⁴⁷ På hi sida heldt den gjensidige utvekslinga av delegasjonar fram, og ikkje minst gjekk LOs hjelpeorganisasjon, Norsk Folkehjelp, aktivt inn i det humanitære arbeidet etter 1982 (sjå under). Samstundes kan LO-vedtaket frå 1981 ha vore ein dørøpnar for den kontakten som Arbeidarpartiet seinare oppretta.

AUF hadde støtta solidarietsarbeidet i fleire år, og òg gjort forsøk på å vinna fram innetter i partiet, særleg etter at Thorbjørn Jagland vart leiar i 1977.³⁴⁸ Frå 1981 byrja

³⁴² *Medlemsblad*, “Noen tanker om PWU-delegasjonen i juni ved Kristian/Hadeland”, 1978, nr. 6: 16.

³⁴³ Boye Ullmann fortel at Kjell Bygstad freista å stoppa Palkoms delegasjon.

³⁴⁴ *Fritt Palestina*, “LO må kontakte PLOs fagbevegelse”, 1980, nr. 4: 2.

³⁴⁵ Til saman var det fem deltakarar i delegasjonen.

³⁴⁶ Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn.” Elektronisk samandrag i DUO.

³⁴⁷ *Aftenposten Aften*, “LO setter PLO ‘på venteliste’”, 06.02.1985: 21

³⁴⁸ På eit møte i Oslo Arbeidersamfunn 09.11.1979 sa Thorbjørn Jagland at “DNA må vise solidaritet med det palestinske folkets kamp”, og møtet vedtok “nesten” å anerkjenna PLO. (PN 7-1979, 2: DNA er på gli). Same året hadde AUF for fyrste gong sidan 1971 på landsmøtet vedteke støtte til PLO ... rett nok ikkje utan å samstundes ta atterhald om Israels rett til å eksistera innanfor trygge grenser. (*Palestina-Nytt*, “AUFs landsmøte om Palestinaspørsmålet”, 1979, nr. 3/4: 11).

Arbeidarpartiet ei tilsvarande tilnærming. Statsminister Gro Harlem Brundtland møtte Yasir Arafat då han vitja i Stockholm i 1981, og i romjula 1982 reiste ein større delegasjon Arbeidarparti-politikarar på vitjing til Arafat i Tunis. Dette gav seg òg utslag i dei politiske programma: I 1982 vedtok Ap at det måtte opprettast ein palestinsk stat, i 1983 anerkjende dei PLO, og i arbeidsprogrammet for 1986–89 kravde dei at palestinarane måtte få “retten til et eget land”.

Kor mykje av denne endringa kom som eit resultat av arbeidet til solidaritetsrørsla? Det er vanskeleg å seia. Det er fleire andre faktorar som kan forklara endringa: Ei generell opinionsendring i Noreg, den norske UNIFIL-deltakinga som gjorde konflikten dagsakutell for Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet og ein stadig meir pro-palestinsk politikk frå dei andre vest-europeiske sosialdemokratia. Det er lett å sjå korleis alle desse fire faktorane innbyrdes kan ha forsterka kvarandre. Det som likevel ser ut til å vera klårt, er at det planfaste arbeidet etter strateginotatet frå 1979 var avgjerande i den fyrste fasen, der leiande personar innanfor Ap, AUF og LO knytte kontakt med PLO. I så måte representerer 1983 på mange måtar eit vendepunkt; etter det har Arbeidarpartiet inntatt ei vilkårshunden støtte til PLO, og handlingsgangen vert på mange måtar teken ut av hendene på Palestinafronten. For sume, som Odd Kristian Reme, var vedtaket det året på mange måtar endemålet for kampen for politisk støtte: Han rekna det som så viktig at han melde seg inn i Arbeidarpartiet.³⁴⁹

Helseteam

I 1976 reiste Eldbjørg Holthe og Trond Linstad til Libanon som Palestinakomiteens helseteam. Med seg hadde dei medsinar for 20 000 kr, i tillegg til 150 000 som var samla inn i aksjonen Solidaritet Norge–Palestina.³⁵⁰ Etter å ha følgd ei omstendelig reiserute, kom dei til Sør-Libanon, der dei fekk ansvaret for å driva leiren Nasser-sjukehuset i flyktingeleiren Borj al-Barajneh.³⁵¹ Dei var i Libanon i tre månader før dei kom heim att. Dette var ikkje fyrste gongen at nordmenn reiste til Libanon, og det var heller ikkje ein ny idé å senda helsearbeidarar for å støtta ei frigjeringsrørsla.³⁵² Trond

³⁴⁹Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006. For Reme var det òg andre grunnar til at han melde seg inn i AP: Som pådrivar i kampanjen for å få snudd Alexander Kielland-plattformen, hadde han oppnådd god kontakt med det han kallar grunnplanet i Arbeidarpartiet og oppdaga at det fanst “mange progressive folk” der.

³⁵⁰*For PLO i Libanon. Brev fra Palestinakomiteens helseteam 1976–78.* (Oslo: Palestinakomiteen, 1978), 11.

³⁵¹Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 595.

³⁵²Ebba Wergeland, 29. november 2006. fortel at det “byrja med nokre italienske lækjarar på slutten av 1960-talet”, og Trond Linstad møtte ei gruppe lækjarar frå det franske kommunistpartiet i Jordan i 1970.

Linstad hadde vore lækjar både under kampane i Jordan i 1970–71 og i Libanon i 1973.³⁵³ Helseteamet i 1976 var likevel fyrste gongen Palestinakomiteen sende slik støtte. Eit svensk team kom etter i november same året.³⁵⁴

Korleis idéen kom til er det strid om. Opptakten kom då Jumblatt og Arafat bad om humanitær støtte i samband med krigen i Libanon.³⁵⁵ I fyrste omgang utløyste dette innsamlingsaksjonar her i Noreg, men samstundes byrja planlegginga av meir direkte støtte. Finn Sjøe fortel at det var SKAU i AKP(ml) som fekk idéen om helseteamet, og deretter kontakta Linstad og Holthe, som var “folk som var viljuge til å ofra kva som helst”.³⁵⁶ Trond Linstad, derimot, hugsar at kona Karin kom til han og spurde om ikkje han burde gjera noko, og så fekk han idéen om at han kunne be hjelpepleiaren Holthe vera med slik at det vart litt proposjonar over tiltaket.³⁵⁷ Uansett er alle samde om at Sjøe, Linstad og Holthe hadde eit møte på grasen i Sofienbergparken for å diskutera den praktiske gjennomføringa. AKP(ml) betalte billettane, og teamet drog nedover. Samstundes oppmoda AKP lækjarar og sjukepleiarar i partiet om å reisa.³⁵⁸ Lækjaren Ebba Wergeland arbeidde i industrien og hadde eigentleg tenkt å halda fram med det, men stilte opp då det var klart at det var trong for folk til helseteamet. Alt før det fyrste teamet drog, hadde ho meldt seg til teneste.³⁵⁹

Palestinakomiteen heldt fram med å senda helseteam, stort sett grupper på tre-fire personar, i åra som kom. Normalt var teama nede i tre månader, og Palestinakomiteen fekk etter kvart ansvaret for drifta av ein klinikk i Arkoub i Sør-Libanon.³⁶⁰ Nett kvar dei vart plasserte, var opp til PLO. Sume gonger arbeidde dei for Raude Halvmåne (*Palestine Red Crescent Society*, PRCS), andre gonger for Fatah Medical Relief (den medisinske delen av Fatah).³⁶¹ Stort sett arbeidde dei i primærhelsetenesta, ofte med barn. Det er mogleg å spørja seg kor mykje konkret nytte PLO eigentleg hadde av helseteama. På ei side var dei medisinsk utdanna personell, og avlasta teoretisk sett

(Trond Ali Linstad, 24. november 2006.)

³⁵³ *Fritt Palestina*, “Solidaritet Norge – Palestina!”, 1976, nr. 6: 1; Odd Karsten Tveit, *Alt for Israel*, 456–57.; Trond Ali Linstad, 24. november 2006.

³⁵⁴ Eldbjørg Holthe, intervju av Tarjei Vågstøl, 21. november 2006.

³⁵⁵ Dei skal òg ha diskutert spørsmålet direkte med Fathi Arafat i Palestinsk Raude Halvmåne under ei reise til Beirut i 1975. Eldbjørg Holthe, 21. november 2006.

³⁵⁶ “I vår visdom i ‘diamantgjengen’ [SKAU] snakka me om helseteam. Me meinte det måtte vera svært viktig å senda, nærast *Leger uten grenser* på solidarisk plan.” Finn Sjøe, 6. november 2006.

³⁵⁷ Trond Ali Linstad, 24. november 2006.

³⁵⁸ Pål Steigan, *På den himmelske freds plass. Om ml-bevegelsen i Norge* (Oslo: Aschehoug, 1985), kapittel 20, “Neste år i Jerusalem”

³⁵⁹ Ebba Wergeland, 29. november 2006.

³⁶⁰ *For PLO i Libanon*, 5.

³⁶¹ Eldbjørg Holthe, 21. november 2006.

sanitetspersonellet til palestinarane slik at desse kunne flytta seg nærare frontlinja.³⁶² På hi sida kravde utanlansk helsepersonell ein viss innsats frå PLO òg. Den viktigaste effekten var kan henda den politiske, på baa sider. Til saman sende Palestinakomiteen over to hundre helsearbeidarar fram til 1985.³⁶³

For palestinarane var helseteama ein måte å få kontakt med folk i Vesten på, og seia formidla korleis dei hadde det. For nordmennene var det aller viktigaste at helsearbeidet utdanna solidaritetsarbeidarar her heime: Dei som reiste ned som helsearbeidarar var forventta å koma og fortelja om det dei hadde sett og vera med i solidaritetsarbeidet etterpå. For det andre batt det solidaritetsarbeidarne til saka, når dei fekk vener blant PLO i Libanon fekk dei eit personleg, ikkje berre eit abstrakt politisk, tilhøve til konflikten.³⁶⁴

Det kan vera vanskeleg å sjå korleis helseteama skilde seg den humanismen som Palestinakomiteen tidlegare hadde kritisert. Var ikkje helseteama eit humanitært tiltak? Dette synspunktet ser ut til å ha hatt lite støtte.³⁶⁵ Før avreisa til Libanon i 1976, peikte Trond Linstad på den moralske plikta det var å hjelpa palestinarane:

Meiner PLO at dei kan ha noka nytte av oss, så er det vår plikt å dra ... Det palestinske folket har rettferda på si side, difor meiner vi det er absolutt naudsynt å ta standpunkt for den rettferdige kampen dei fører.³⁶⁶

I *Fritt Palestina* vart derimot den politiske støtta rekna som den viktigaste funksjonen:

Palestinerne ser ikke på seg som et "lidende" folk som trenger "krisehjelp" osv. Det er et kjempende folk, som står i første rekke i kampen mot imperialismen. Palestinakomiteens paroler, om – "Full støtte til PLO" og – "Solidaritet Norge-Palestina" ga uttrykk for denne politiske støtten. Og dette satte folk der nede pris på.³⁶⁷

Det var hovudsakleg innstillinga som skilde helseteama frå anna helsearbeid.

³⁶² "Det tyder jo ikkje at ein ikkje ville behandla kven som helst, men det tydde at me tok eit veldig klårt standpunkt. Uansett kva ein seier, så frigjorde arbeidet vårt helsearbeidarar til å driva direkte sanitet." Ebba Wergeland, 29. november 2006.

³⁶³ Pål Steigan, *På den himmelske fredens plass.*, kapittel 20, "En verdensrekord".

³⁶⁴ Denne analysen deler samtlege av informantane mine, og eg ser ingen grunn til å tvila på han.

³⁶⁵ Boye Ullmann, 23. juni 2006, fortel at dei hadde slike diskusjonar i 1976, men korkje Eldbjørg Holthe, Trond Linstad, Ebba Wergeland eller Finn Sjøe kan hugsast at dette var eit viktig tema.

³⁶⁶ *Fritt Palestina*, "Solidaritet Norge – Palestina!", 1976, nr. 6: 1

³⁶⁷ *Fritt Palestina*, "Solidaritet Norge – Palestina!", 1976, nr. 6: 1

Helseteama stilte seg fullstendig under PLO sin kommando. Eldbjørg Holthe fortel at det det var ganske uvanleg for palestinarane at europearar vitja dei på denne måten, og at dei brukte mykje tid på å forklara kven dei var, og kvifor dei var der.³⁶⁸

Sumaren 1978 fann Palestinafronten ut at helseteama var ein god idé, og byrja med å senda ned team sjølve.³⁶⁹ Terje Lund i sentralstyret var medisinstudent, og han fekk hovudansvaret for å rekruttera folk.³⁷⁰ Helseteama heldt fram i nokre år, og Palfront gjorde seg stort sett dei same røynslene som Palkom: Helsearbeidarane kom heim og vart glimrande solidaritetsarbeidarar. Strategien til Palfronts team var litt annleis enn hjå Palkom; dei satsa på å vera der lengre, for å kunne yta meir vesentleg støtte.³⁷¹

Slik Palestinafronten såg det, var helsearbeidet ein måte Palestinakomiteen kunne gjenoppretta kontaktflata si med PLO på, etter at striden rundt Sovjet-parolen hadde forsura dette tilhøvet. Palfront sat neppe med oversyn over heile biletet, men analyserte at “Bortsett fra [Palestinakomiteens] helse-team var isolasjonen i forhold til PLO nærmest total.”³⁷² Det er teikn til at Palestinafronten gjorde sitt for å bidra til denne isolasjonen, nett slik dei gjorde i Noreg. Som helsearbeidar for Palkom i Sør-Libanon møtte Ebba Wergeland ei palestinsk smågruppe som viste henne eit flygeblad på engelsk som fortalde om splittinga i Noreg – dei ville gjerne vita kva ho tykte om dette. Synet på helseteam som eit arbeidsfelt som “eigentleg” låg utafør det solidaritetsorganisasjonar skulle driva med, kan òg forklara kvifor Palfront dreiv dette arbeidet med litt mindre interesse enn Palkom. På landsmøtet i 1981 vart det til og med diskutert å leggja ned heile helseteama.³⁷³

Det ser iallfall ut til at helsearbeidarane frå Palkom hadde nær kontakt med palestinarane på fleire nivå, og i alle politiske leirar: “Alle var interesserte i å snakka

³⁶⁸Eldbjørg Holthe, 21. november 2006.

³⁶⁹Kjell Bygstad, “Historisk tilbakeblikk”, udatert notat (Kjell Bygstads private arkiv). I Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne.” står det 1977, men dette stemmer korkje med notatet eller årsmeldingane i internbladet.

³⁷⁰Arbeidet med helseteamet ser ut til å ha vore noko impulsivt, og lite prioritert av sentralstyret i Palfront. Arbeidsprogrammet for 1978 nemner det ikkje (*Medlemsblad*, “Arbeidsprogrammet framover”, 1978, nr. 1:8–11). På landsstyremøtet i september vart saka teken opp, med spørsmål om helsearbeidarane kunne organisera og finansiera eit slik team sjølve (*Medlemsblad*, “Referat fra Palestinafrontens landsstyremøte, 2. dag, søndag 10.9.78”, 1978, nr. 6:8).

³⁷¹Terje Lund, 20. september 2006.

³⁷²*Medlemsblad*, “Innrettinga på solidaritetsarbeidet. Notat fra sentralstyret til LM”, 1979, nr. 1: 8

³⁷³*Medlemsblad*, 1980, nr. 10: 4-5

med utlendingane, og me ville ha heile biletet.”³⁷⁴ I Beirut låg alle parti-kontora nærast samla, og PLO hadde eigne folk som hadde ansvaret for å snakka med utlendingane. I den høgre PLO-leiinga fekk dei fyrst og fremst svært god kontakt med Fathi Arafat, bror til Yasir Arafat, som var leiar for Palestinsk Raude Halvmåne. Han vart ein nær ven av dei som dreiv helseteama. Denne kontakten gav seg mellom anna utslag i at PRCS finansierte oppstarten av palestinabutikken Al-Quds i Oslo i 1983.³⁷⁵

Helsearbeidet fekk òg konsekvensar i Noreg. Det vart viktig å samla inn pengar for å halda prosjektet gåande, og helsearbeidarane vart brukte som personlege vitne på kva som eigentleg skjedde, både i organisasjonsavisene og som føredragshaldarar. Skapte helsearbeidet eit A- og B-lag blant palestinaaktivistane, der helsearbeidarane vart sedde som meir oppriktige og engasjerte? Det er ingen spor etter det, sjølv om det var eit medvit om at noko slikt kunne skje. I Palestinakomiteen freista ein å bøta på problema med setja medlemmer som ikkje var helsepersonell til delegasjonsoppgåver.³⁷⁶

Libanon, 1982: Kriseteam og Norsk Folkehjelp

Då den israelske hæren gjekk til åtak på heile Libanon i 1982 og blokkerte Beirut, bad Raude Halvmåne for fyrste gong om eit *kriseteam*. I motsetnad til helseteama måtte kriseteama inn og stilla med medisinsk personell i kampsonen. Tre frå sjukehuset i Tromsø reiste nedover, saman med Karin Linstad, som var koordinator.³⁷⁷

Palestinafronten valde ei litt anna løysing. Kontakten med LO var godt etablert, og avgjorde ein å prøva å få hjelpeorganisasjonen deira, Norsk Folkehjelp, med i arbeidet. Då krigen braut ut tok Kjell Bygstad kontakt med Thorvald Stoltenberg, som hadde hamna i Norsk Folkehjelp etter at dei borgarlege hadde teke over regjeringmakta.³⁷⁸ Folkehjelpa var etter kvart viljuge til å setja i gang eit prosjekt, men hadde ingen kompetanse på området.³⁷⁹ Det var ikkje noko problem for Palestinafronten: *Dei* hadde då både kompetent personell og røynsle frå Midtausten.

Terje Lund frå sentralstyret vart sett til å leia ei gruppe på fire som flytta inn på eit

³⁷⁴Ebba Wergeland, 29. november 2006.

³⁷⁵Eldbjørg Holthe, 21. november 2006. Historia om Al-Quds syner elles at det norske palestina miljøet var mindre splitta enn ein kan få inntrykk av når ein les den hatske tonen i det trykte materialet. Bak prosjektet stod Karin Linstad frå Palkom og Vesla Lange-Nilsen frå Palfrent; “det var aldri noko problem med Vesla” fortel Holthe.

³⁷⁶Ebba Wergeland, 29. november 2006. fortel at fyrste gong Palestinakomiteen skulle møta Yasir Arafat, sendte dei ein spedisjonsarbeidar.

³⁷⁷Odd Karsten Tveit, *Krig og diplomati*, 60.

³⁷⁸Kjell Bygstad, 23. august 2006.

³⁷⁹Terje Lund, 20. september 2006.

kontor hjå Folkehjelpa og byrja å organisera arbeidet. Han var nyutdanna lege, og hadde arbeidd eit halvt år i turnus. På det tidspunktet hadde han ferie, og sendte eit brev til sjukehuset sitt om at han ikkje kom tilbake, han skulle til Libanon.³⁸⁰ Så byrja dei å samla inn pengar, rekruttera personell og organisera utstyr. Det gjekk ut brev til lokallaga i både Norsk Folkehjelp og Palestinafronten om å samla inn og løyva pengar.³⁸¹ Det siste gav gode resultat. 7. juli hadde prosjektet fått inn 2,75 millionar kroner, der 2,3 millionar var løyvde frå regjeringa. Resten kom frå lokale organisasjonar, fagforeiningar og innsamlingsaksjonar, om lag 20 000 kr om dagen.³⁸² Dimensjonane over arbeidet må ha verka enorme. Eit halvt år tidlegare hadde årsmeldinga problematisert at Palfronts helsearbeid i hadde kosta heile 42 000 kr, medan ein hadde samla inn 7000 til å stø arbeidet.³⁸³ Ein del av denne summen skulle rett nok gå til naudhjelpsrasjonar, organisert av Norsk Folkehjelp og den sosialdemokratiske hjelpeorganisasjonen i Austerrike – ”uten at Fronten har så mye med det å gjøre”³⁸⁴

Ei fortropp med ein ambulansesjåfør og anestesilege dro nedover allereie 24. juni “med en ambulanse fullstappet med medisiner og spesialutstyr”.³⁸⁵ Terje Lund kom etter, etter at han hadde organisert arbeidet ferdig frå Oslo.³⁸⁶ Turen gjekk fyrst gjennom Damaskus, og dinest inn til Libanon. I Damaskus hamna han på same hotellet som kriseteamet frå Palkom, og han vart overraska over at ”me hadde for så vidt ein ålreit tone mellom oss. Det var fyrste gong eg hadde opplevd, sidan splittinga”.³⁸⁷ Etter kvart hamna nordmennene på same sjukehus, som vart etablert i ein underjordisk garasje i Vest-Beirut. Den norske kontingenten var ein periode heile 15 personar, “og det var den suverent største internasjonale kontingenten som var der. Det var me nøgde med.”³⁸⁸ Samarbeidet mellom Palfront og Palkom ser ut til å ha gått heilt smertefritt denne sumaren. “Det skulle berre mangla.”³⁸⁹

³⁸⁰ Terje Lund, 20. september 2006.

³⁸¹ *Medlemsblad*, “Palestinafrontens humanitære arbeid”, 1982, nr. 7 (27.06.1982): 2.

³⁸² *Medlemsblad*, “Orientering om hjelpearbeidet i Libanon”, 1982, nr. 8 (08.07.1982): 2.

³⁸³ *Medlemsblad*, “Beretning 1981”, 1982, nr. 11 (januar 1982): 2.

³⁸⁴ *Medlemsblad*, 1982, nr. 8 (08.07.1982): 3. Orientering om hjelpearbeidet i Libanon. Denne delen av prosjektet ser ikkje ut til å ha vorte gjennomført, jf *Medlemsblad*, 1982, nr. 10 (06.09.1982): 6: “[...] Matvareprogrammet er ikke iverksatt”.

³⁸⁵ *Medlemsblad*, “Palestinafrontens humanitære arbeid”, 1982, nr. 7 (27.06.1982): 2.

³⁸⁶ Terje Lund, 20. september 2006. Opphavelag var planen å kjøpa inn ei mobil operasjonsstove i ein container, men dette vart skrinlagt fordi det allereie fanst to slike i området. Denne endringa ser ut til å ha forseinka avreisa noko. (*Medlemsblad*, 1982, nr. 8: 3).

³⁸⁷ Terje Lund, 20. september 2006.

³⁸⁸ Terje Lund, 20. september 2006.

³⁸⁹ Terje Lund, 20. september 2006.. Kjell Bygstad kunne likevel fortelja på landsstyremøtet i 21.–22.

Medan Palestinafronten let Norsk Folkehjelp ta over hjelpearbeidet i Libanon, skjedde det ei liknande profesjonalisering i Palestinakomiteen. Etter at PLO-leiinga var evakuerte til Tunis i 1983, vart dei utanlandske solidaritetsorganisasjonane kasta ut av Libanon. Etter råd frå Utanriksdepartementet etablerte då Palestinakomiteen hjelpeorganisasjonen NORWAC (Norwegian Aid Committee), som fekk eit koordinerande ansvar.³⁹⁰ I byrjinga var det mest formalia, men etter kvart vart NORWAC meir og meir ein uavhengig organisasjon som drev sin rekruttering og sjølv søkte om statleg støtte. Palestinakomiteen fekk òg støtte av NORAD til å driva eit sjukehus på Vestbreidda frå 1982.³⁹¹

UNIFIL i Libanon

Frå sumaren 1978 hadde Noreg militært personell i Sør-Libanon som ein del av FNs UNIFIL-styrke (United Nations Interim Force in Lebanon). Etter nøye vurdering valde Palestinakomiteen å støtta desse styrkane. Dei vurderte det slik at styrkene i all hovudsak fungerte positivt; dei heldt eit auga med Israel, og soldatane fekk høve til å sjå røynda med eigne augo og høve til å endra syn på Israel. Fleire frå Palestinafronten reiste dessutan nedover som FN-soldatar.³⁹² Før fyrste kontingenten skulle nedover, hadde Palkom bestemt seg for å syta for at dei norske styrkene kom vel førebudde. Dei reiste opp til Trandum med flygeblad, og sa til portvaken at dei var der for å dela ut informasjonsmateriell. Dei fekk halda på ein halvtime før nokon fann ut kva dei gjorde, og fekk dei kasta ut. På flygebladet stod det mellom anna: “Uansett hva som skjer: La dere ikke bruke til å skyte på palestinerne eller libanesiske nasjonale. Glem ikke hvem som har retten på sin side [og] at palestinernes kamp for sitt land er rettfærdig”.³⁹³

I Libanon hadde helseteama eit godt tilhøve til FN-kontingenten. Eldbjørg Holthe kan fortelja at dei dei norske soldatane ofte kom på vitjing til helsearbeidarane når dei hadde perm, og ein faksimile av avisa *Blue Beret* viser intervju med sjukepleiaren Ulla: “Nordmenn finner man i flere sammenhenger i Syd-Libanon. Ulla Andersen fra Narvik er reist hjem nu. Men hun har jobbet som sykepleier for PLO.”³⁹⁴

Palestinafronten hadde same oppfatninga, at UNIFIL-soldatane stort sett fungerte

august at “[s]amarbeid med Palkom er ikke aktuelt for Folkehjelpen” (*Medlemsblad*, 1982, nr. 10: 6).

³⁹⁰Gunnar Hybertsen, *Vitne* (Samlaget, 2006), 16.

³⁹¹Eldbjørg Holthe, 21. november 2006.

³⁹²Boye Ullmann, 23. juni 2006.

³⁹³Faksimile av flygebladet, i *For PLO i Libanon*, 100.

³⁹⁴Faksimile, *Ibid.*, 101.

positivt, men sette ikkje i verk nokon propaganda andsynes dei. Kjell Bygstad fekk på eit tidspunkt spørsmål om Palestinafronten kunne stilla med ein kontaktmann PLO kunne bruka i kontakten med UNIFIL, og sendte spørsmålet vidare til Terje Lund. Det vart ikkje noko av det; Lund følte seg ikkje på nokon måte kompetent til å ta på seg slike militære oppdrag.

Oppsummering

Stemningsbiletet frå 1980-åra er eit heilt anna enn det frå 1970-åra. Den harde tonen var borte, eller for å seia det med Ebba Wergeland: “Det roa seg jo etter kvart, når Palestinastandpunktet ikkje var så uvanleg lenger.”³⁹⁵

Både det planfaste arbeidet Palestinafronten hadde drive andsynes fagrørsla og den breide kompetansen Palestinakomiteen og NORWAC hadde bygt opp i helsearbeidet, gav resultat i 1980-åra. Både LO og Arbeiderpartiet vedtok PLO-venlege parolar, og byrja å knyta sjølvstendige kontaktar til palestinske leiarar. Den norske staten, gjennom Utanriksdepartementet og NORAD, byrja å engasjera seg i helsearbeidet. òg dersom opinionen var målet på kor vellukka solidaritetsarbeidet var, var det grunn til å jubla i 1980-åra. Ein artikkel i *Palestina-Nytt* oppsummerte stoda slik, rett etter at Israel hadde gått inn i Libanon i 1982: “I dag kommer folk med sine tiere og hundresedler, anerkjennende nikk og kanskje et varmt håndtrykk”.³⁹⁶

Sigrane hadde ein attåttsmak: Den militære makta til PLO var kraftig redusert; leiinga vart forvist fyrst til Tripoli og så til Tunis, og fleire grupper braut ut. Det var vanskelegare å sjå at PLO representerte eit samla, kjempande palestinsk folk. Attåt dette kom den store sympatien for palestinarane fyrst til uttrykk då det var klårt at dei stod makteslause andsynes fiendane sine og vart utsette for overgrep som massakren i Sabra og Shatilla.

På det organisatoriske planet i Noreg var dukka det òg opp problem. Det byrja å verta vanskelegare å få ta i nye aktivistar. Det var ikkje slik at dei gamle forsvann aktivismen forsvann, men det vart stadig vanskelegare å rekruttera nye. Nils Butenschøn skildrar endringa slik:

Midt på 1970-talet kunne ein når som helst få ut 600 menneske på gatene.

Tidleg på 1980-talet følte me at krafta, dynamikken, framdrifta i miljøet var

³⁹⁵ Ebba Wergeland, 29. november 2006.

³⁹⁶ *Palestina-Nytt*, “Oppgavene i solidaritetsarbeidet”, 1982, nr. 4-5

forsvunne, men me fekk med organisasjonane i paraplyorganisasjonen.³⁹⁷

Eit teikn på at dynamikken var i ferd med å forsvinna, kan vera at organisasjonsleiningane vart sitjande: Kjell Bygstad vart leiar i Palestinafronten i 1982, etter å ha vore strategen sidan 1976, og Trond Linstad sat som leiar i Palestinakomiteen frå 1977 til 1986. Tidlegare hadde leiarskifta vore hyppigare, og same leiaren hadde sjeldan sete i meir enn to-tre år. Når fleire og fleire av arbeidsområda dessutan vart flytt ut av organisasjonane, er det freistane sjå dette som ein tendens til at solidaritetsorganisasjonane miste grepet om og definisjonsmakta over Palestina-arbeidet.

Forklaringane på denne snunaden ligg kanskje mest av alt i sjølve konflikten. Det var lettare for styremaktene å støtta eit hjelpelaust og heimlaust folk som trong humanitær støtte enn eit kjempande folk som kjempa for eige land, særleg på 1980-åra, då utviklingshjelpa vart ein viktigare del av utanrikspolitikken.³⁹⁸ Ut over dette spela nok palestinarørsla sitt langvarige arbeid for å gjera palestinarane til ei *sak* inn, det er svært vanskeleg å måla denne effekten.

³⁹⁷Nils Butenschøn, 28. november 2006.

³⁹⁸I prosent var auken i u-hjelp større frå 1970–80 (frå 104 millionar kr. til 879 millionar kr.) enn frå 1980–90 (1,4 milliardar kr. til 4,4 milliardar kr.), men det likevel gode grunnar for å skildra 1980-åra som u-hjelpsåra. Tala er henta frå NORAD, og viser samla sum for bilaterale overføringar i åra. For Midtausten er biletet klårare; i reine kronebeløp var støtta 1980–89 ti gonger så stor som støtta 1970–79. Tala er henta frå NORAD, “Bilateral development assistance by year, main region and country 1960-2005”, http://www.norad.no/default.asp?V_ITEM_ID=3495 (lesedato: 24. april 2007)

Kapittel 5.

Analyse av grunndraga ved palestinarørsla

I innleiinga definerte eg hovudproblemstillinga for oppgåva slik:

Korleis organiserte palestinarørsla seg i denne perioden, og kva strategiar valde dei for å vinna oppslutnad i opinionen og hjå viktige aktørar?³⁹⁹

Dei tre førre kapitla har synt korleis palestinarørsla byrja som Peder Martin Lysestøls einmannsprosjekt i 1967 og enda opp godt integrert med offisiell norsk utanrikspolitikk tjue år seinare. I dette kapitlet vil eg freista å oppsummera den organisasjonspraksisen og ideologien som manifesterer seg i perioden, og dinest drøfta korleis tre faktorar påverka rørsla: den indre dynamikken, det norske politiske miljøet og stoda i Midtausten.

For å gje eit bilete av anatomien i palestinarørsla, vel eg å nytta det teoretiske rammeverket frå forskinga på sosiale rørsler, særleg Sidney Tarrow's framstilling.⁴⁰⁰ Dette gjer eg fyrst og fremst fordi omgrepsapparatet derifrå er eigna til å kasta lys over ein del problemstillingar.

Er solidaritetsrørslene “sosiale rørsler”?

Trass i at verktøykassa frå Tarrow er nyttig, er det mogleg å hevda at solidaritetsrørslene slett ikkje er “sosiale rørsler”.

Den viktigaste innvendinga er storleiken: Korkje Palestinakomiteen eller Palestinafronten var særleg store, korkje eit medlemstal eller i kor mange dei kunne mobilisera. Den store demonstrasjonen i 1978 mot Nobelprisen, var eit unnatak.⁴⁰¹ Rørslene Tarrow skildrar, er vesentleg større. Palestinaorganisasjonane var definitivt

³⁹⁹ Sjå kapittel 1

⁴⁰⁰ Sidney Tarrow, *Power in movement*.

⁴⁰¹ 4000 frå Palestinakomiteen og 4000 frå Palestinafronten. Sidan organisasjonane ikkje greidde å semjast om parolegrunnlaget, skipa kvar til sin eigen demonstrasjon. Det er grunn til å tru at bae freista å overby den andre, og at det reelle talet kan vera vesentleg lågare. Pengeinnsamlingane i 1976 gav til saman 340 000, noko som kan indikera at ein hadde støtte i eit noko større omland.

“den motor som skapar rörelse”⁴⁰² på gata for Palestina, men kan rørsla berre vera motor? Kan henda Palestinarørsla kan karakteriserast som ein liten del av den sosiale rørsla “1970-talsvenstre”, med mange organisatoriske former.

Den andre innvendinga er at solidaritetsrørsla organiserte seg på vegner av andre, i eit anna land. På den måten liknar dei på det Tarrow kallar transnasjonale støttenettverk.⁴⁰³ Han er skeptisk til om dei let seg integrera i ein modell for transnasjonale sosiale rørsler: “(...) although they are the most rapidly growing sector of transnational politics today, we do not advance understanding by assimilating them to social movements”.⁴⁰⁴ Vidare hevdar han at slike nettverk fyrst og fremst fungerer som ein ekstra ressurs for sosiale rørsler som har vanskar med sjølve å nå fram. Det er heva over ein kvar tvil at palestinarørsla ynskte å fungera på denne måten, og at PLO (eller grupper innanfor PLO) ynskte å bruka palestinarørsla slik. Like fullt er det mogleg å hevda at palestinarørsla ikkje var eit slikt støttenettverk. Konflikten frå Midtausten vart integert i ein norsk samanheng, og gjort til ein kamp mot dei som støtta Israel i Noreg. Strategiske og taktiske vurderingar i organisasjonane spegla det norske politiske miljøet og norske politiske konflikter.

Den karakteristikken som kan henda dekkjer palestinarørsla best, er nemninga “politisk altruistiske” organisasjonar. Florence Passy dreg linene attende til anti-slaverirørsla i England og viser korleis det har vakse fram eit spesifikt felt av sosiale rørsler som har velferda til andre som eksplisitt mål, og nyttar denne nemninga på solidaritetsorganisasjonane.⁴⁰⁵ At desse få ein nasjonal orientering, følgjer naturleg av at rørsler har det med å organisera seg på det nivået der makta dei vil påverka ligg.

Men ville rørsle skildra seg sjølve på denne måten? Det er stor sannsynlegheit for at dei ville protestert på at dei var “støttenettverk”, og hevda at solidaritet eigentleg handla om at folk stod saman mot ein felles fiende. Likeeins ville dei nok vegra seg frå å verta skildra som sosiale rørsler, avhengige av kjensler og stemningar i folkedjupet. Snarare ville dei hevda å vera politiske rørsler, med ein klar agenda om å få folk til å ta politisk stilling for palestinarane. Trass at det kan vera tvil om korleis palestinarørsla skal klassifiserast, vonar eg at denne analysen vil syna at omgrepa til Tarrow har

⁴⁰²Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, 17.

⁴⁰³Det engelske omgrepet som vert nytta i faglitteraturen er *transnational advocacy networks (TAN)*

⁴⁰⁴Sidney Tarrow, *Power in movement*, 188.

⁴⁰⁵Florence Passy, “Political altruism and the solidarity movement: An introduction,” i *Political altruism? Solidarity movements in international perspective*, red. av Marco Giugni og Florence Passy (Lanham m.fl.: Rowman & Littlefield, 2001).

forklaringskraft på henne.

Handlingsrom – vilkåra for rørsla

Tarrow meiner at protestpolitikk ikkje oppstår som ei følgje av sosial eller økonomisk urett, men at folk organiserer seg når dei ser at dei har høve til å oppnå noko: ei relativ forbetring, eller makt andsynes styremaktene.⁴⁰⁶ Det er når makttilhøva skifter at slike høve oppstår: Ei gruppe kan få betre ressurstilgang, makteliten kan vera kløyvd eller det kan vera mektige vener å spela på lag med. I tillegg kan protestar for ei gruppe opna opp for at andre kan slutta seg til – eller nytta høvet til å koma med motkrav. Denne synsmåten har mykje til sams med det som ofte vert kalla eit strukturperspektiv innan historiefaget, og bryt med historia slik aktørane sjølve hugsar henne. Lysestøl og Sjøe fortel bae at dei “starta frå ingenting”, og oppfatta at dei måtte byggja seg sakte opp derifrå, “stein på stein”.

Kva for høve var det som bydde seg fram for pionerane i arbeidsgruppa? For det fyrste hadde protestane mot Vietnam-krigen opna opp for solidaritet med frigjeringsrørsler i tredje verda og fortolka desse kampane inn i eit anti-imperialistisk perspektiv med klår støtte til ein av dei stridane partane. Tarrow kallar slike døropnarar for *early risers*, som kan rydja veg for andre rørsler som ikkje har same ressursane. Sør-Afrika-arbeidet spelte ei viss rolle, men i mindre grad sidan dette var mindre omstridd Noreg. Det var færre krigshandlingar i Sør-Afrika, og Fellesrådet femna om fagrørsla, kyrkja og heile det partipolitiske spekteret.⁴⁰⁷

For det andre fall Palestina-konflikten saman med at den unge ml-rørsla revolusjonerte den norske venstresida med ein kombinasjon av oppofrande aktivisme og maoisme. Heilt frå starten var Palestina-solidariteten tett knytt til SUF og AKP(ml), og fekk tilgang til både aktivistar og politisk retorikk derifrå. Denne styrken heldt Palkom på heile tida, og kunne dimed trekkja til seg aktivistar og kompetanse sjølv i ein periode då dei stod politisk isolert. Utover 1970-talet vert òg resten av venstresida, SV og kristne sosialistar, “mobiliserbare”.

Den viktigaste ressursen var likevel at situasjonen i Midtausten var dramatisk, og at media kunne rapportera om stadig nye krigar, konflikhtar og overgrep. Slik kunne ein stadig appellera til opinionen om å ta moralsk stilling på bakgrunn av dagsaktuelle

⁴⁰⁶ Sidney Tarrow, *Power in movement*, 71.

⁴⁰⁷ Av informantane mine nemner Kjell Bygstad og Nils Butenschøn å at dei hadde hatt noko særleg å gjera med Sør-Afrika.

konflikatar. Lysestøl fortel at han vart overtydd om at palestinarane hadde rett då han vitja ein flyktningeleir i Gaza i 1967, men for det store fleirtalet var det det dei såg på nyhenda som var peikepinn om kva som skjedde i verda. Sameleis opplevde rørsla ein massiv støtte etter Libanon-krigen i 1982.

Repertoar – korleis handla rørsla

Tarrow går gjennom handlingskategoriar som kan særprega sosiale rørsler: vald, øydelegging og konvensjonell protest.⁴⁰⁸ Dei konvensjonelle protestformene er karakteriserte ved at både utøvarane og styremaktene veit kjenner til aksjonsformene, og at protesten kan avviklast utan at det i seg sjølv aukar konfliktnivået. Eit demonstrasjonstog har eit nærast formelaktig preg: Ein stiller seg opp, høyrer på nokre appellar og går ei oppmerkt rute.

Nesten alt palestinarørsla gjorde, fell inn under desse konvensjonelle formene: Då tida var klar for å skipa ein organisasjon, kalla dei inn til eit skipingsmøte og valde eit interimstyre. For å få fram meiningane sine, skreiv dei blad og hefte, stod på stands, skipa til fotoutstillingar, bad inn til studiemøte rundt godt førebudde studiebreve, dei hadde opne møte og gjekk i demonstrasjonstog. Etter Libanon-krigen i 1976 utvida dei repertoaret med pengeinnsamling og helseteam. Bortsett frå helseteama var det lite av dette som var heilt nytt, men det kjendest sjølvstilt heilt nytt for deltakarane. Då Lysestøl skreiv boka *Palestinerne – historie og frigjøringskamp* i 1973, måtte han samla saman mesteparten av kjeldematerialet sjølv: “Det fanst ingen bøker som handla om Palestina-spørsmålet, det fanst ingen stader å lesa. Me hadde ikkje Internett, leksika skreiv ikkje om det.”⁴⁰⁹ Sameleis opplevde Trond Linstad å verta jaga frå torget i Larvik, der lokalgruppa hadde stilt seg opp med eit heimemåla banner med slagordet “Støtt PLO”.⁴¹⁰ Så sjølv om handlingsformene var gamle og velkjende, var innhaldet like fullt nok til å provosera (det at ei meining provoserer folk flest, gjer det ikkje til øydeleggjande (*disruptive*) å hevda meininga.

Frå midten av 1970-talet byrjar særleg Palestinakomiteen å ta i bruk meir aksjonistiske handlingsmåtar, utan at dette markerer noko direkte brot. Boye Ullmann, som sat i sentralstyret frå 1977, fortel om fleire aksjonar som førte til at dei vart arresterte: Blokadar av førelesingssalar før israelske akademikarar skulle halda

⁴⁰⁸ Ibid., 104. Orda Tarrow brukar er *violence*, *disruption* og *convention*.

⁴⁰⁹ Peder Martin Lysestøl, 22. september 2006.

⁴¹⁰ Trond Ali Linstad, 24. november 2006.

gjesteforelesingar, dramatiske gateteater og ikkje minst at han heisa det palestinske flagget på Grand Hotel medan Moshe Dayan budde der.⁴¹¹ Det er mest sannsynleg at dette kom av at det ein ung og kreativ generasjon hadde kome inn i Palkom. Då Palfront og Palkom skulle samarbeida om Palestina Grand Prix, føreslo Trond Linstad at dei skulle ha eit gateteater der folk utkledde som fedayeens skulle springa rundt med noko som likna på Kalashnikov-rifler. Odd Kristian Reme la ned veto.⁴¹² Slike aksjonsformer var meir i tråd med det Tarrow kallar øydeleggjande (*disruptive*), men ut over at arrestantane var demonstrerte og media fekk gode saker, vart ikkje konfliktnivået trappa opp i særleg mon. “Vi var nok litt sekteriske”, vedgår Boye Ullmann.

Helseteama frå 1976, derimot, var nyskapande. Elementa var for så vidt velkjende: Rørsla hadde byrja med unge menn på daningsreise i Midtausten (Lysestøl og Sjøe), og Trond Linstad hadde vore lækjar for PFLP-soldatar under geriljakrigen i Jordan i 1970–71. Men det at nyutdanna norsk helsepersonell kunne reisa ned til Midtausten og gjera ein skilnad med sine egne kroppar, var nytt. Tarrow reserverer omgrepet “paradigmeforandrande” om nyvinningar i repertoaret som endrar karakteren til ei sosial rørsle og gjev massane høve til å uttrykkja noko dei ikkje har uttrykt før.⁴¹³ Døma hans er frå brå og utventa endringar som den ville og kaotiske forma demonstrasjonane i Frankrike (mai 1968) fekk. I eit slikt perspektiv er ikkje helsetema eit “paradigmeskifte”, men dei bidrog til å gje heile palestinarørsla eit nytt preg.

Eit spørsmål som melder seg, er om organisasjonsformene rørsla opptredde i kan kallast ein del av det repertoaret. I alle fall framstår desse som svært velkjende og konvensjonelle: Den hierarkiske lagsorganiseringa og ikkje minst organiseringa av eit fellesutval – ingen av desse var på noko vis avla fram i palestinarørsla.

Innramming – kvifor handla rørsla slik ho gjorde?

Tarrow nyttar omgrepet innramming om dei symbola ei rørsle bruker for å presentera saka si.⁴¹⁴ Ordet symbol vert nytta i ei ganske vid tyding, frå openberre “symbol”, til dømes klesdrakt og språkbruk, til retoriske figurar rørsla kan nytta for å appellera om handling. Slike figurar kan vera appellar til sams moralsk norm eller å samanlikna ei

⁴¹¹Boye Ullmann, 23. juni 2006.

⁴¹²Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.

⁴¹³Sidney Tarrow, *Power in movement*, 103.

⁴¹⁴Ibid., 106-22. Eg har valt å omsetja dei engelske metaforane framing og frame med innramming og ramme(verk). Denne omsetjinga er kan henda ikkje fullgod: eit ord som ‘iscenesetjing’ kunne vore like dekkjande.

moralsk norm med ei anna. Men, held Tarrow fram, det er ikkje tale om statiske symbol som aktørane bruker i ein slags litterær diskurs:

But if meaning is constructed out of social and political interaction with supporters and opponents, then we must ask how the “text” of movement messages relates to the *context* of interests and conflicts in play.⁴¹⁵

Forskinga som har vore gjort på transnasjonale støttenettverk viser det nettverk som lukkast i å få fram saka si, er avhengig av tre faktorar som alle er knytte til innramminga.⁴¹⁶ (1) nettverket må leggja fram saka si slik at saka si slik at partane i konflikten er lette å kjenna att, helst slik at ein identifiserbar overgripar med overlegg utøver vald mot uskulde offer,⁴¹⁷ (2) saka har størst sjanse til å få gjennomslag dersom det er mogleg å ta stilling til henne på bakgrunn av moralske normer som allereie ligg føre og (3) den som appellerer til handling – normdannaren – må framstå med “reine”, altruistiske motiv.⁴¹⁸

Tilhøvet mellom innramming og “det faktiske stridstemaet” er komplekst, særleg når striden står om eit symbolsk spørsmål. Tiltak som pengeinnsamling, helseteam og arbeid for å få styremaktene til å endra midtaustenpolitikken er konkrete, og det er mogleg å velja innramming strategisk for å vinna oppslutning om dei. Hovudmålsetjinga for palestinarørsla var likevel ikkje desse konkrete solidaritetshandlingane, men å samla støtte til den palestinske frigjeringskampen. Då Palestinafronten starta innsamlingsaksjonen “Krisehjelp til Libanon”, kritiserte Palestinakomiteen dette for å vera eit svik mot palestinarane, og ei nedvurdering av kampen dei førde.⁴¹⁹ Sameleis oppgjev både Palestinakomiteen og Palestinafronten at det viktigaste føremålet med helseteama var “vitneeffekten”: at folk kom attende og kunne fortelja med eigne augo korleis det eigentleg er i Palestina. Det er såleis

⁴¹⁵Ibid., 107.

⁴¹⁶Keck og Sikkink, referert i R. Charli Carpenter, “Setting the advocacy agenda. Theorizing issue emergence and nonemergence in transnational advocacy networks,” *International Studies Quarterly* 51(2007), 103-04. Arbeidet til Keck og Sikkink har i stor grad vore fokusert på nettverk som tek i bruk Internet og moderne teknologi, men eg meiner at desse observasjonane òg let seg nytta på solidaritetsrslene.

⁴¹⁷The attributes most helpful in terms of framing issues are ‘causes [that] can be assigned to the deliberate actions of identifiable individuals’; ‘issues involving bodily harm to vulnerable individuals, especially when there is a short and clear causal chain assigning responsibility; and issues involving legal equality of opportunity’ Keck og Sikkink (1998), sitert i Ibid., 103.

⁴¹⁸Ibid., 113–14. meiner at det er naudsynt å forska meir på kva som krevst for å vera ein effektiv normdannarar (“norm entrepeneur”).

⁴¹⁹*Fritt Palestina*, “Solidaritet Norge – Palestina!”, 1976, nr. 6: 2.

vanskeleg å skilja mellom innramminga (argumentasjonen om *kvifor* ein skal støtta frigjeringskampen) og den politiske saka ein ynska oppslutnad om (kva *tyder* støtte til frigjeringskampen). Samstundes gjekk det føre seg ei viss utvikling i innramminga gjennom perioden eg har studert, utan at det får konkrete utslag i paroleendringar. Eg finn det nyttig å setja opp ein “katalog” over dei innrammingsstrategiane rørsle brukte, og diskutera avvika under kvart punkt.⁴²⁰

Innramming 1: “Den palestinske kampen er rettviss”

Som før nemnt, hadde solidaritetsarbeidet for Vietnam starta som ei relativt fleirstemd rørsle samla om at krigen måtte ta slutt. Det var ikkje før etter to-tre år at SUF “kuppa” Solkom og gjorde han til ein organisasjon som agiterte for støtte til FNL. I palestinarørsle vart det slått fast heilt frå starten at palestinarane, representert ved PLO, kjempa ein rettviss kamp mot ein sionistisk undertrykkjar. Denne parolen var openbert *konfliktskapande*. Medan norske styremakter og media før 1967 var viljuge til å sjå på dei palestinske flyktingane som eit humanitært problem, kravde ei uttala støtte til PLO (i 1970) at ein samstundes tok stilling mot den israelske staten.

I augo til palestinarørsle, kvifor var det legitimt å føra ein væpna kamp mot Israel? For det fyrste fordi den Israel var ein illegitim stat, bygt på ulovleg sionistisk innvandring i taktisk allianse med England og FN. For det andre vart det understreka gong på gong at imperialismaktene hadde klare interesser av det oljerike Midtausten, og trong bruka Israel som eit bruhovud. Den væpna, palestinske frigjeringskampen vart sett på som naudsynt, og eg har ikkje funne spor av at dette vart problematisert før i 1984. Ein annan grunn til at Israel var illegitim, var at det var ein reint etnisk stat.⁴²¹

Når solidaritet med PLO tydde at ein støtta deira rett til å driva væpna frigjeringskamp, vart det samstundes naudsynt å slå ned på tilsprang til “borgarleg humanisme” – som kunne tolkast som at ein veik bort frå ideen om at palestinarane måtte frigjera seg sjølve. Som Palestinakomiteen spissformulerte det i arbeidsprogrammet frå 1976: “Bare folkekrig kan frigjøre hele Palestina”.⁴²²

Dette rammeverket var ikkje problemfritt. Om PLO vart framstelt som eit kjempande folk på frammarsj, vart ikkje lidingane til det palestinske folket gløymde.

⁴²⁰ Dei ulike punkta i innramminga er mine formuleringar, altså ikkje formuleringar eg har henta frå kjeldene.

⁴²¹ Særleg Nils Butenschøn, 28. november 2006. kommenterer dette: Det som lå under for meg som prinsipp var at me ikkje kunne godta ‘etnisk definerte statar’.”

⁴²² *Fritt Palestina*, “Palkom sitt arbeidsprogram”, 1976, nr. 6

Massakrane av sivile i til dømes Deir Yassin (1948), Tal al-Zatar (1976) og Sabra og Shatila (1982) vart framstelte gong på gong. Det same vart undertrykkinga av palestinarar i dei okkuperte områda og den miliært overlegne israelske hæren. Korleis kunne “folkekrigen” redde eit folk som var så til dei grader overkøyrde og vart utsette for slike overgrep? I arbeidsprogrammet frå 1976 slo Palkom fast at ei hovudoppgåve for Palestinakomiteen var å “utvikle forståelsen [i Norge] for det palestinske folket sin *livssituasjon*” (mi utheving). Spørsmålet melde seg stadig sterkare då helseteama vert ein dominerande del av Palkoms arbeid: Var ikkje helsearbeidet, og tilhøyrande pengeinnsamling, “borgarleg humanisme”? Kvar gjekk grensene? Dette ser i liten grad ut til å ha slått Palestina-aktivistane som ein ideologisk sjølvmotseiing. Snarare tvert om: Helseteama vart rekna på som handfast og progressivt solidaritetsarbeid – “*Leger uten grenser på solidarisk plan*”.⁴²³

Her stod altså to innrammingsprinsipp i konflikt mellom einannan: På ein sida var det viktig å framstella Midtausten-konflikten som ein del av striden der undertrykte folk i den tredje verda førte kamp mot imperialismen som “historias fortropp” – ei forlenging av Vietnam-krigen.⁴²⁴ På den andre sida, derimot, var det naudsynt å påvise at Israel var overgriparen. Ein mogleg syntesen finst i innleiinga til *Palestinerne*:

Det palestinske folkets historie viser at folket aldri vil gi opp kampen, uansett hvor brutal og sterk fienden er. Dette gir oss et solid grunnlag for å håpe at framtida tilhører palestinerne. Det sionistiske Israel og den amerikanske imperialismen kan virke svært sterk i dag. Men de rasende forfølgelsene mot palestinerne viser at også i Tel Aviv og Pentagon finnes det folk som ser forbi dagens situasjon og inn i framtida, og derfor også frykter at det kan bli ‘fienden’ som en gang seirer.⁴²⁵

⁴²³Finn Sjøe, 6. november 2006. Boye Ullmann, 23. juni 2006., fortel at “det var diskutert litt, om det var ‘borgerlig humanisme’ eller ikke, men det ble da vedtatt at dette var ekte solidaritet”, men då eg konfronterte andre intervjuobjekt med dette (Peder Martin Lysestøl, Finn Sjøe, Eldbjørg Holthe, Ebba Wergeland, Trond Linstad, Terje Lund), var det ingen som kunne hugsa at det hadde vore slike diskusjonar.

⁴²⁴Terje Tvedt, *Verdensbilder og selvbilder*, 23-27. viser korleis “fortropp”-perspektivet var dominerande i den vestlege venstre-diskursen om frigjeringsrørslene i den tredje verda. Eg har ikkje funne døme på at palestinarørsla brukte nett dette omgrepet. Det er viktig å peika på at norske maoistar ikkje delte analysen til den danske maoisten Gottfred Appel, som såg på heile den vestlege arbeidarklassen som bestukken av arbeidararistokratiet, og difor ikkje lenger ein progressiv kraft. Med bakgrunn i denne teorien legitimerte Appel bankran og terrorisme, og hadde kontaktar med PFLP, RAF (“Baader-Meinhof”) i Tyskland og Brigade Rosse i Italia. (sjå Jon Rognlien, “Bestikkelse og terror”, *Klassekampen*, 24. mars 2007)

⁴²⁵Peder Martin Lysestøl, *Palestinerne*.15 (del av føreord, signert september 1973)

Den same argumentasjonen vart brukt etter etter terror-aksjonen mot OL i München i 1972, då den israelske valdsbruken i etterkant vart forklart med at “den palestinske frigjøringsbevegelsen igjen er i sterk utvikling og har vunnet viktige politiske og militære framgangar det siste året”.⁴²⁶

Det er teikn til at prinsippet om at palestinarane var eit kjempande folk, får mindre vekt mot slutten av perioden. Då NORAD valde å gje pengar til eit sjukehus på Vestbreidda, var det ikkje diskusjonar om dette var humanisme eller solidaritet,⁴²⁷ og i *Palestina-Nytt*s reportasjar frå Libanon-krigen i 1982 er skildringane av heroiske geriljasoldatar fråverande.

Innramming 2: “PLO fører ein nasjonal frigjeringskamp”

Samstundes som palestinarørsla måtte forklara kvifor PLO førte ein legitim kamp, måtte dei òg forklara kva for konflikt det var. Var det ein nasjonal, palestinsk frigjeringskamp (det dominerande synet innan Fatah/PLO), var det ein del av ein arabisk sosialistisk revolusjon (PFLP) eller ein kamp for islam (til dømes Hamas)? Palestinakomiteen følgde her synspunkta til Fatah, og såg på kampen som ein nasjonal frigjeringskamp. I *Palestinerne* freista Lysestøl å føra det eigentlege folket i Palestina attende til kanaanittane, som kom til området om lag 1000 år f.v.t, og etter dess var prega av 31 ulike erobringar.⁴²⁸ Slik meinte han å ha tilbakevist det sionistiske slagordet “et land uten folk til et folk uten land”, og set konflikten inn i ei ramme som var lett å skjønna frå eit norsk perspektiv.⁴²⁹

I Palestinafronten vart denne forståinga utfordra, om enn ikkje slik at det markerer eit klårt brot med den nasjonale linja. På eit overordna plan tolka Palfront det å stø “hele frigjøringsbevegelsen” å stø både PLO/Fatah og PFLP. Det tydde at dei var opptekne av å halda kontakten med baae gruppene, og dei tok òg i bruk parolen om “kamp mot de reaksjonære araberstatene”. Den parolen hadde ein viss dobbelbotn. Frå ml-hald tydde bruken av “reaksjonær” at ein delte inn verda i “progressive statar” (som støtta Sovjet)

⁴²⁶ *Fritt Palestina*, “Hva betyr München-aksjonen?” (leiarteig), 1972, nr. 4: 2

⁴²⁷ “Mykje hadde skjedd på desse åra, og eg trur at me var komne dit at me forstod at vi så det som stor siger at òg offisielle deler av Noreg var komne dit at dei ville stø Palestina,” fortel Trond Ali Linstad, 24. november 2006.

⁴²⁸ Peder Martin Lysestøl, *Palestinerne*, 21–35.

⁴²⁹ Litt seinare vert referansen til den nære norske historia gjort heilt tydeleg. I samband med FN-godkjenninga av Israel spør Lysestøl om “Hvordan kunne (...) Trygve Lie, FN’s generalsekretær, som selv tilhørte en nasjon som i fem år hadde slåss for nasjonal selvsendighet, støtte en minoritets krav om å opprette en religiøs, udemokratisk stat, mot ein majoritets krav om å opprette en demokratisk, ikke-sekterisk stat?” *Ibid.*, 139.

og “reaksjonære statar” (som støtta USA).⁴³⁰ I sentralstyret i Fronten såg dei heller på ordet som at det tydde “alle som motarbeidde palestinarane”,⁴³¹ men det fanst element som gjekk lengre, og støtta PFLP-linja om at dersom Palestina skulle frigjerast, måtte det arabiske folket reisa seg mot dei despotiske herskarane sine.⁴³²

Å sjå på konflikten som eit spørsmål om nasjonal frigjering for palestinarane passa med “tredje verden”-perspektivet til AKP(ml), der land i tredje verda hadde rett når dei slåst mot innblanding frå USA eller Sovjetunionen, men det var samstundes ei line som passa godt saman med utgangspunktet til Fatah, og særleg maoist-fraksjonen kring Abu Fadi.

Innramming 3: “PLO er den legitime representanten for Palestinarane”

Både Palestinafronten og Palestinakomiteen slo fast at PLO var den legitime representanten for Palestinarane. Fyrst og fremst følgde dette som ei forlenging av (a) og (b). PLO førte ein kamp for å verta sette på som ein legitim representant for eit folk. Dette kravet fekk dei gjennomslag for fyrst i FN då dei vart gjevne observatørstatus i 1974, men kampen om å verta reelt anerkjende heldt fram til slutten av 1980-talet – noko striden rundt opprettinga av eit informasjonskontor i Oslo på midten av 1980-året syner.

Innramming 4: “Fienden er sionismen i allianse med imperialismen”

Når det var slått fast kven som var vener (PLO) og at dei førte ein legitim nasjonal frigjeringskamp, var det naudsynt å slå fast kven som var fienden. Hovudskulda fekk sionismen, saman med USA og Sovjet.

I *Palestinerne* vart sionismen framstelt som eit borgarleg og reaksjonær løysing på anti-semittismen i Europa på 1800-talet.⁴³³ Det vart naturleg lagt vekt på at ein tok avstand frå dei brutale jødeutryddingane og forfølgjingane frå Nazi-Tyskland, som kunne forklara ein god del av innvandringa til Palestina før 1939. Her vart skulda fyrst

⁴³⁰Kyrre Granås, “3 verdener.” Dette vart sjølvsagt ei djupt feilaktig framstilling sett med ml-augo, sidan Sovjet var ein like aggressiv imperialistmakt som USA

⁴³¹“Vel, slik me såg det, var arabarstatane på høgde med Israel” Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.

⁴³²Denne linja kom til synes i striden med Bergensgruppa (våren 1978). GH/HÅ skreiv at “Bare ved hjelp av [prinsippet om prolarisk internasjonalisme] kan kampen vinnes, og bare ved hjelp av det kan den palesinske kampen si den norske venstresiden noe om klassekarakteren til diverse mer eller mindre progressive regimer, og hva som ligger til grunn for deres stillingstagen” *Medlemsblad*, “Gro Hansen og Hans Ågotnes om Palestinafronten”, 1978, nr. 3: 5.

⁴³³Peder Martin Lysestøl, *Palestinerne*, 54-67.

og fremst lagt på Storbritannia, som tillét nærast uavgrensa jødisk innvandring, trass palestinsk motstand. Likevel, sjølvve ideen om ein etnisk jødisk stat vart avvist som reaksjonær og rasistisk. Denne forståinga av fienden vart òg tilskrive PLO, som uttalar at dei ikkje slåst mot jødane, men mot sionistane. Supermaktene (USA og Sovjet) fekk båe skulda for å vera støttespelarar for Israel, for for å ynskja å dominera Midtausten. Provet på dette var USAs solide støtte til Israel (og Jordan) – Sovjet si rolle vart stort sett prova gjennom å visa at dei hadde store *interesser* i Midtausten. Samstundes vart båe kritiserte for å ynskja å gjennomføra stormaktsløysingar over hovuda på palestinarane, og såleis “likvidera folkekrigen”. Av og til trekte ein fram det økonomiske og militære samkvemet som var mellom Israel og Sør-Afrika for å visa kva selskap Israel heldt seg med, men dette vart ikkje innarbeidd i det politiske grunnlaget.

Fiendebiletet var tidlegare nemnt eit punkt der Palkom og Palfront var usamde om rammeverket. Medan Palestinafronten uttala at dei ikkje såg Sovjetunionen som ein ven med det palestinske folket, meinte dei likevel at PLO kunne vera tente med ein taktisk allianse. Palestinakomiteen, på si side, avviste at det var mogleg og umoralsk å ha eit taktisk samarbeid med ein imperialistmakt.

Innramming 5: “Målet er å endra opinionen i Noreg”

Den siste ramma galdt kva som var den norske solidaritetsrørsla si oppgåve. Her var ein soleklar på at det galdt å vinna støtte i den norske opinionen. Her vart linja lagt ganske tidleg: Ein skulle avstå frå å lata seg involvera direkte konflikten, oppgåva til solidaritetsrørsla var å arbeida for solidaritet her i Noreg. Akkurat som i spørsmålet om kven ein skulle støtta og kvifor, vart kopla til Vietnam: “når opinionen blir en virkelig internasjonal solidaritetsbevegelse tror vi den, som i Vietnam, vil være med på å sikre seier og frihet for det palestinske folket.”⁴³⁴

Ei følge av linja var at solidaritetsrørsla ikkje skulle engasjera seg i den konkrete krigføringa, men drive ope arbeid. Eg har ikkje funne eit einaste avvik frå denne linja, korkje hjå Palkom eller Palfront. Rett nok er det teoretisk mogleg å problematisera om helsearbeidet var heilt “reint”: Som medisinsk personell gav dei jo direkte støtte til geriljakrigføringa, og dei var avhengige av at PLO kunne garantera tryggleiken deira. Denne problematiseringa vart aldri gjort, og det er dimed vanskeleg å seia at arbeidet bryt ramma. Dessutan fanst det nok av tilfelle der aktivistane vart utfordra: Odd Kristian

⁴³⁴Ibid., 12.

Reme fortel at dei godtok å prøvaskyta med automatgevær i ein flyktingleir i 1977, men var engstelege for at nokon skulle tru at det var geriljaopplæring.⁴³⁵ Terje Lund fortel at han vart førespurd å vera liasonoffiser mellom PLO og den norske FN-kontingenten, men takka nei på grunn av manglande militær erfaring.⁴³⁶ I eit avisintervju fortel Finn Sjøe om korleis både Palkom og AKP(ml) fekk fleire førespurnader om å smugla våpen og kommunikasjonsutstyr.⁴³⁷

Det er grunn til å tru at det styrka den norske solidaritetsrørsla at dei med handa på hjarta kunne seia at dei tok fråstand frå “terrorisme”.

Alle desse fem rammene var, som eg har vist, komplekse konstruksjonar med rom for ulik fortolking og potensielle motsetnader. I fleire av usemjene som forekom internt i rørsla, var det ikkje usemjer om sjølve rammeverket som skilde, men usemjer om korleis rammeverket skulle fortolkast. I ei brei framstilling av norsk mentalitet andsynes tredje verda på 1970–2000, lét Terje Tvedt AKP-ml og solidaritetsrørslene definera 1970-talet under overskrifta “Den tredje verden som historiens fremtid”.⁴³⁸ Tvedt tek i stor grad utgangspunkt i SUF-ml, AKP-ml og romanfigurane til Dag Solstad og deira tilhøve til Vietnam og Kina, og konkluderer:

Verdensbildet og teorien om hvordan historiens utvikling bandt menneskets muligheter, anerkjente ikke, og kunne ikke anerkjenne “den andres” annerledeshet ... verden utenfor Europa ble objekter plassert inn i et marxist-leninistisk språkunivers; et språk og et perspektiv som gjorde land og folks partikulære historie og kultur uinteressant og irrelevant.⁴³⁹

Innrammingsstrategiane til Palestinakomiteen følgde gjerne ein slik trend, men eg finn lite av denne framandgjeringa i Palestinarørsla. Snarare tvert om: Leiinga i rørsla levde i “nærkontakt” med Midtausten over lang tid, og det vart lagt stor vekt på at aktivistane skulle studera konflikten grundig og helst reisa til området. Mengda av kunnskap om Palestina, palestinsk kultur og palestinsk historie som vart formidla i aviser, studiesirklar og publikasjonar er overveldande. Ikkje minst var aktivistane ofte i Midtausten, og snakka med palestinarane sjølv, og diskuterte politikk med dei.

⁴³⁵ Odd Kristian (Kian) Reme, 9. oktober 2006.

⁴³⁶ Terje Lund, 20. september 2006.

⁴³⁷ *Klassekampen*, “Ville ha våpenhjelp”, 29. oktober 2005

⁴³⁸ Terje Tvedt, *Verdensbilder og selvbilder*.

⁴³⁹ *Ibid.*, 26–27.

Mobilisering og organisering – korleis organiserte palestinarørsla seg?

Det tredje spørsmålet Tarrow set opp for å karakterisera sosiale rørsler, er korleis dei er organiserte. Eg har tidlegare (kapittel 2) vist korleis Palestinakomiteen var medvitne om organiseringa si heilt frå starten, og korleis Palestinafronten vidareførte organisasjonsforma. Alt på skipingsmøtet vart det slått fast at ein skulle organisera seg i ein klart strukturert medlemsorganisasjon med individuelt medlemskap og lokallaga som grunneining. Det var både praktiske og politiske grunnar til denne organiseringa.

For det fyrste var det neppe mogleg å organisera seg annleis. Der Fellesrådet for Sør-Afrika, og Solidaritetskomiteen for Chile på kort tid kunne samla støtte frå fleire andre store organisasjonar, var det ikkje mogleg å samla liknande oppslutnad om ei solidaritetsrørsle for Palestina. Palkom voks ikkje ut av trongen for å koordinera ein veksande Palestina-sympati som var i ferd med å danna seg i opinionen, det var ei rørsle for å skapa denne sympatien. Alternativet til ein medlemsorganisasjon var ikkje eit Fellesråd, eller individuelle aksjonskomitear (slik Vietnam-rørsla i Sverige hadde vore organisert før samlinga), det var å stå med ei samling flinke individ.⁴⁴⁰

Det ser òg ut til at ml-arane hadde ei politisk oppfatning om at ”aktivistprinsippet” var rett måte å organisera ein front på: at dei som dreiv det daglege arbeidet òg skulle vera dei som avgjorde dei politiske linene.⁴⁴¹ Frå SV-hald vart denne modellen, ikkje utan eit visst empirisk grunnlag, kritisert for å opna for ”kopping” av organisasjonen – i motsetnad til ein modell der organisasjonar gjekk saman i frontar og vart samde om dei politiske linene.⁴⁴² Det er ikkje gjort nokon større undersøkingar av frontpolitikken til AKP (ml), men det er grunn til å tru at partiet ikkje berre føretrekte denne modellen fordi dei hadde dei fleste og ivrigaste aktivistane og dimed kunne kontrollera frontane, men òg fordi dei hadde ei moralsk oppfatning om at aktivisme var den rette måten å driva politikk på.⁴⁴³ Modellen var heller ikkje meir ml-typisk at han vart vidareført i ein slags kader-variant i Palestinafronten etter brotet.⁴⁴⁴ Ein annan grunn at

⁴⁴⁰. ”Me kjende tilhøva der ute, og då var det naudsynt å ikkje gå åleine ut i stormen.” Finn Sjøe, 6. november 2006.

⁴⁴¹. Slik Boye Ullmann presenterer prinsippet, var det òg eit prinsipp at dei som var medlemmer av sentralstyret skulle ta del i lokallagsarbeidet.

⁴⁴². Steinar Hansson, ”Front.”

⁴⁴³. Håkon Kolmannskog, ”Ideologisk leiarskap i ml-rørsla.” syner korleis den praktiske aktivismen stod sentralt i ml-rørsla og legitimerte det ideologiske prosjektet.

⁴⁴⁴. Hovudskilnaden i PF-varianten låg i at dei opererte med eit skilje mellom aktive medlemmer (med plikt til å delta på møte og aksjonar) og passive medlemmer (støttemedlemmer), der berre dei aktive medlemmene hadde rett til å utforma politikken. Sjå *Medlemsblad*, 1977, nr. 3:9-10 for ein diskusjon om dette. Desse vedtektene vart endra etter nokre år for å koma inn under statlege støtteordningar.

Palestinakomiteen valde den organisasjonsforma han gjorde, kan ha vore at medlemsorganisasjonar på ingen måte er uvanleg i Noreg, det er ei organisasjonsform folk flest er godt kjende med, same kva for politisk miljø dei kjem frå.

I lagsorganiseringa låg det òg eit prinsipp om demokratisk sentralisme, altså at eit mindretal plikta å retta seg etter fleirtalsavgjersler, og at det var forbod mot å gå offentleg ut *mot* organisasjonen. Eg har kome over tre gonger der dette vart nytta som ein strategi for leiinga for å halda orden i rekkjene: I Palkom i splittingsåret 1975 og i Palfront sakene mot Knut og Ellen og lokallaget i Bergen. Dette er sjølv sagt ikkje eit uttømande oversyn: Det kan ha vore tallause gonger der prinsippet vart nytta, vart trua med eller låg underforstått for korleis aktørane handla.

Elles har biletet òg fleire nyansar enn det som kjem fram. Det var tydeleg rom for lokalt initiativ: Trond Linstad hugsar ikkje at han hadde særleg kontakt med Sjuo og Lysestøl då han skipa opp lokale Palestinakomitear Sauda og Larvik.⁴⁴⁵ Odd Kristian Reme skipa lokale fellesutval då han kom til Stavanger på starten av 1980-talet.

Protestsyklus

Tarrow observerer at protestpolitikk opptre i bølger, og nyttar omgrepet protestsyklus (*cycle of protest*) om høgdepunkta for desse bølgjene. Kjenneteiknet på ein slik bølgetopp er at dei sosiale røslene ser ut til å leva sine egne liv, og riv seg laus frå dei institusjonane som har bore dei fram. Grupper som ikkje har late seg mobilisera til handling, kastar seg brått med i protestane; nye handlingsformer opptre spontant og tilhøvet til styremaktene vert meir tilspissa. Om me berre ser på ein enkelt institusjon eller organisasjon, kan denne bølgetoppen vera vanskeleg å identifisera. Rørsla byrjar, og vert bore fram innanfor institusjonen (-ane), men desse ”toppane” er nett særmerkte av at protesten ikkje lenger let seg kontrollera innanfor ordna former: ”To encompass cycles, our accounts must bridge institutional and noninstitutional conflict.”⁴⁴⁶

Dette problemet vert særleg tydeleg når me freistar å skildra Palestina-rørsla. Dersom styrken til rørsla skal målast ut frå den organisatoriske styrken til Palestinakomiteen og Palestinafronten, er det freistande å leita etter bølgetoppen på slutten av 1970-talet, då organisasjonane kunne laga store demonstrasjonar og mangfaldet i handlingsformer var størst. Ein hadde hatt nok organisatorisk styrke til å driva to nesten like solidaritetsorganisasjonar, og likevel veksa. Ein gjennomlesing av

⁴⁴⁵Trond Ali Linstad, 24. november 2006.

⁴⁴⁶Sidney Tarrow, *Power in movement*, 143.

internbladet til Palestinafronten frå desse åra gjev definitivt kjensla av eit slikt høgdepunkt: Aktiviteten er hektisk, og sentralstyret set i gang store prosjekt (som dei fyrste helseteama) rett og slett fordi sjansen byr seg, utan at dette er koordinert med landsstyret eller drøft i strategidokumenta.

Dersom me berre ser på Palestina-rørsla som ein integrert del av venstre-rørsla, er det òg mest naturleg å leita etter topp-punktet her: AKP(ml) var på sitt største i 1978, same året som dei store demonstrasjonane i høve Israel sin invasjon av Sør-Libanon. Året etterpå ser me teikn til dei institusjons-overskridande handlingsformene: I spissen for Palestina Grand Prix stod eit kunstnaropprop, og dei fyrste spirene til kontakt mellom norsk og palestinsk fagrørsla byrjar. Å finna det spontane i desse tiltaka er likevel vanskeleg: "Alle" visste at kunstnarane og skodespelarane var medlemmer eller sympatisørar av AKP(ml)⁴⁴⁷, og fagrørsla-delegasjonane var organiserte av Palestinafronten og Kjell Bygstad. Det var framleis organisasjonane som dreiv fram Palestina-støtta.

Dersom me ikkje berre ser på oppslutnaden rundt palestinarørsla, men på støtta til PLO i ein breiare del av samfunnet, er det meir naturleg å leita etter toppen seinare, frå om lag 1980. Då byrjar dei pro-palestinske haldningane, i form av kravet om anerkjening av PLO, å få fotfeste i ei rekkje organisasjonar: Fyrst og fremst gjennom Fellesutvalget (frå 1980) men òg internt i LO (1981) og i Arbeiderpartiet (1983?). Den israelske krigen i Sør-Libanon i 1982 og massakren i Sabra og Shatilla vart møtt med fordømming i media og frå dei politiske partia, og tunge (halv-)statlege organisasjonar som NORAD og Norsk Folkehjelp gjekk inn i hjelpearbeidet. Samstundes sa Kjell Bygstad seg lei for at Palestina-saka byrja å forsvinna frå gata: Aktivistane vart færre, standsverksemda prioritert ned og det er vanskeleg å samla store massedemonstrasjonar.

Tarrow merker seg at ein vanleg strategi som styremaktene bruker for å møte sosiale rørsler, er ei form for splitt-og-hersk ("facilitation and repression").⁴⁴⁸ Nokre krav vert aksepterte og tekne opp i det etablerte systemet, medan dei mest ekstreme krava vert undertrykte. Dersom ein samanliknar dei programatiske krava frå Palestinarørsla (full støtte til PLO, eitt demokratisk Palestina der òg den israelske staten inngjekk) med dei krava som etter kvart fekk oppslutnad (anerkjening av PLO som legitim representant for det palestinske folket, naudhjelp til flyktningane og norske diplomatiske framstøytar for å få i gang forhandlingar om ein fredsavtale), ser det ut

⁴⁴⁷. "(...) ml-bevegelsen drev det, men det var masse kjendiser" Boye Ullmann, 23. juni 2006.

⁴⁴⁸. Sidney Tarrow, *Power in movement*, 149-50.

som om det var nett dette som skjedde. Likevel er det ikkje sikkert at det gjev meining å sjå på vendinga på 1980-talet som at styremaktene prøvde å møta kravet frå palestinarørsla på halvvegen.

Solidaritetsrørsla gjekk sjølv inn for å få gjennomslag for “delkrav” i den breie opinionen. Frå midten av 1970-åra hadde PLO sjølv opna for ei ”tostatsløyning”, og det hadde vore illojalt av solidaritetsrørsla om dei ikkje hadde gått inn for å få gjennomslag for det grunnleggjande kravet. Det er mogleg at ivrige aktivistar følte at ein gav slepp på målet for å oppnå korte sigrar, men det er lite som tyder på at dette var ei gjengs oppfatning. Palestinafronten arbeidde heilt frå 1978 målretta for å i gang sjølvstendig solidaritetsarbeid utanfor Palestina-miljøet, og det er heller ingen ting som tyder på at Palestinakomiteen sette seg imot dette.⁴⁴⁹ Me må òg stilla spørsmålet om det eigentleg var i styremaktene si interesse å splitta palestinarørsla. Tidlegare framstillingar har vist at den sterke sympatien med Israel låg i Stortinget, og at han i stor grad hadde ei ideell grunngeving.⁴⁵⁰ Slik sett er det ikkje grunn til å tru at Palestina-sympatien var ei sak der det var naudsynt å koma folket halvvegs i møte.

Sidan Palestina-rørsla ikkje eintydig kan kallast ei sosial rørsla, er det tvilsamt om dynamikken Tarrow skildrar, fungerer heilt og fullt. Det kan heller sjå ut som om gjennomslaget (og dimed bølgetoppen) fall saman med – eller kan henda til og med kan karakteriserast ved – at etablerte politiske institusjonar inntok eit meir pro-palestinsk synspunkt.

Ei eiga rørsla?

Var palestinarørsla ei eiga rørsla, eller var ho berre eit uttrykk for støtta til den palestinske frigjeringskampen hadde i andre politiske miljø? Tidlegare argumenterte eg for at det er mogleg at Palestinarørsla berre var ein del av ei større rørsla, ei anti-imperialistisk, marxistisk venstrerørsla.

Det er ting som kan tyda på at dette perspektivet har noko føre seg. For det fyrste var ikkje det ideologiske grunnlaget for palestinarørsla henta frå ingenting, men tufta på verdsforståingar som elles fanst på venstresida i Noreg, anten dette var den norske maoismen til AKP(ml) eller ei meir generelt “anti-imperialistisk” venstreline. Miljøa rundt desse partia stilte ressursar til rådvelde for palestinarørsla, fyrst og fremst i form

⁴⁴⁹Korkje Ebba Wergeland eller Trond Linstad hugsar nokon skepsis til at NORAD gjekk inn og byrja å stø helsearbeidet. Det at det var Palestinafronten dreiv fram haldningsendringa innetter i fagrørsla, forklarar dei fyrst og fremst med at Bygstad hadde kontaktar og dimed høve til å gjera det.

⁴⁵⁰Mellom anna Øystein Jackwitz Rovde, “I solidaritetens navn.”

av medlemmer og aktivistar. Som framstillinga mi har vist, er det vanskeleg å skildra utviklinga i palestinarørsla utan å samstundes sjå på historia til venstresida i Noreg. Dår AKP(ml) ynskte å skjerpa kampen mot “revisjonistar” og sosialdemokratar, vart kampane førde i Palestinakomiteen. Då AKP(ml) ynskte å stilla seg opnar for samarbeid med andre, la Palestinakomiteen om lina si. I drøftinga mi av rolla AKP(ml) spelte under splittinga, synte eg at det ikkje er så sikkert at det er mogleg å definera årsak–verknad så tydeleg.

Snarare trur eg at det er fruktbart å sjå på palestinarørsla og venstresida som ein del av det same politiske universet, men eit univers der aktørane og organisasjonane likevel spelte ei sjølvstendige roller og hadde eit indre liv. Ekspertane på Palestina-spørsmålet fanst i Palkom og Palfront, og personlege innsatsen dei la ned og den lojaliteten dei viste mot det palestinske folket, gjer at me må rekna rørsla som ei særige ovring.

Konjunkturane i Midtausten

Hendingane og aktørane i Midtausten har så langt stått noko utanfor analysen. Det er ikkje fordi dette er ein lite viktig faktor, snarare tvert om. I ein analyse av kvifor norsk opinion har snudd i Palestina-spørsmålet frå 2004, legg Kjell Bygstad hovudvekta på PLO, Israel og norske media.⁴⁵¹ Denne framstillinga er det liten grunn til å kritisera. Akkurat som fjernsynsbileta frå vietnamkrigen var naudsynt brennstoff for den internasjonale protestrørsla, vekkjer reportasjar frå den israelske framferda i Midtausten kjensler som, for å seia det med Tarrow, “outrages our sense of justice”.⁴⁵² Bygstad har dertil like rett i å leggja vekt på PLO og Israel som “opinionsdannarar”: Utan deira handlingar på bakken i Midtausten og handlingar på den diplomatiske arenaen, hadde det ikkje vore nokon opprivande scener å formidla i nyhenda. Når eg vel å meir eller mindre sjå bort frå desse faktorane i analysen, er det altså ikkje fordi dei var uviktige. Snarare tvert om: Dei var avgjerande og definerte handlingsrommet for solidaritetsrørsla, men dei stod i stor grad utanfor det denne kunne kontrollera. Difor har dei lite å tilføra ein analyse som fokuserer på solidaritetsorganisasjonane og særleg den sentrale leiinga i desse organisasjonane. I oppsummeringa etter kvart kapittel har eg dessutan freista å illustrera kor viktig dei konjunkturane som sjølve konflikten skapte, var.

⁴⁵¹Kjell Bygstad, “Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne.”

⁴⁵²Sidney Tarrow, *Power in movement*, 71.

Konklusjon

Etter å ha følgt ein periode på tjue år, er det freistande det å runda av med spørsmålet om solidaritetsrørsla for Palestina var vellukka. Nådde ho dei måla ho hadde?

Det spørsmålet er vanskeleg å svara på når det gjeld ein solidaritetsorganisasjon. Houvdføremålet med ein solidaritetsorganisasjon er nærast definert til å vera å arbeida for solidaritet med nokon andre. I palestinarørsla vart dette føremålet formulert som “full støtte til det palestinske folkets nasjonale frigjøringskamp på deres egne vilkår.”⁴⁵³ Men både støtte og solidaritet er ord som treng eit operativt innhald for å vera meiningsbærande i det heile. Støtta må gje seg konkrete utslag i handling, elles er ho verdilaus for mottakaren.

Pionerane i Arbeidsgruppa, særleg Sjue og Lysestøl la ned eit imponerande arbeid i å formidla den palestinske saka i Noreg. Den palestinske saka vart presentert som ein nasjonal frigjøringskamp, ikkje humanitært problem. Dei fann allierte i Palestina som korkje lente seg på Sovjetunionen eller dreiv med terrorisme, men derimot kjempa noko som kunne framstillast ærleg folkekrig mot imperialismen. Maoistane i Fatah var dei perfekte allierte for ei solidaritetsrørsla i Noreg. Etter vietnamkrigen låg det nærast i korta at det måtte koma ei solidaritetsrørsla som støtta PLO, men at ho fekk den forma ho gjorde, er eit resultat av spesifikke norske tilhøve og særdrag ved den norske venstresida. Det spørsmålet som programmet frå 1970 ikkje gav noko konkret svar på, kva korleis ein i praksis skulle støtta palestinarane. Det ålmenne programmet, som for så vidt låg fast heilt frå starten, var å informera om saka, og såleis vinna folk til støtte for PLO. Men det var ikkje programfest kva ein eigentleg skulle oppnå med denne støtta, kva for endringar i norsk utanrikspolitikk, td., ein såg føre seg. Utover i perioden etablerte palestinarørsla forståingar av kva solidaritet betydde i praksis, særleg arbeid mot politiske institusjonar og helsearbeid. Målt opp mot desse måla var lukkest ho absolutt. Vurdert opp mot det målet som vart utforma i byrjinga, derimot, “full støtte til eit kjempande palestinsk folk”, var rørsla mindre vellukka. Den støtta PLO oppnådde i Noreg, var like mykje tufta på den lidinga dei opplevde som den retten palestinarørsla meinte dei hadde på si side. Men var dette noko palestinarørsla kunne gjera noko med? Var det ikkje sjølve frigjøringskampen, eller PLO, som hadde endra karakter?

Det er vanskeleg, nesten uråd, å seia kva rolle solidaritetsrørsla spelte for den i

⁴⁵³Den fyrste Palkom-parolen frå 1970. Sjå kapittel 2, “Det ideologiske grunnlaget”

den opinionsendringa som gjekk føre seg og dei lineskiftene som gjekk føre seg i Arbeidarpartiet. Opinionsendringar er vanskeleg å årsaksforklara, og faktorar som mediabilete og tidsand kan vera vel så viktige som sakleg informasjon og argument. Det same gjeld dei einskilde aktørane: Palestinarørsla dreiv fram vedtaket i LO i 1981, men kva var det som fekk dei einskilde kongressrepresentantane til å ta stilling?

Vidare forskning

Sjølv om eg med denne oppgåva vonar å ha gjeve ei framstilling av dei tjue fyrste åra til solidaritetsrørsla for Palestina i Noreg, er det framleis mange oppgåver å ta fatt i på dette feltet. Den mest openberre er å halda fram der eg slutta: Korleis greidde palestinarørsla å fornya seg i det eg på starten kalla for “den andre syklusen”. Etter 1987 stod rørsla andsynes heilt andre føresetnader enn i 1967. Ikkje berre var stoda i Noreg ei heilt anna, men ein hadde òg tjue år med praksis og ideologi i ryggen.

Utover dette er det fleire perspektiv som vera utfyllande i høve til det eg har presentert i denne framstillinga. Mest interessant er det kan henda å undersøkje korleis solidaritetsrørsla vart forstått utanfrå, av dei palestinske frigjeringsrørslene sjølve. Eit ein annan innfallsvinkel eg har sakna, er ei brei framstilling av heile det norske solidaritetsmiljøet med vekt på dei diskursane som vart utvikla, til dømes korleis ord som “anti-imperialisme” og “solidaritet” fekk heilt spesifikt tydingsinnhald.

Kjelder

Skriftlege kjelder

Publiserte kjelder

- *Fritt Palestina*, Palestinafronten 1970–
- *Palestina-Nytt*, Palestinakomiteen 1976–

Upubliserte kjelder

Kjell Bygstads private arkiv:

- Brev distriktsstyret i Oslo AKP, “Vedrørende henvendelse fra DS om KBs medlemskap i partiet”, september 1975
- “Historisk tilbakeblikk”, udatert notat

Palestinakontoret, Grønland 12, Oslo:

- *Medlemsblad* (òg kalla *Al-Thawra* [revolusjonen]). Internt, stensilert meldingsblad for Palestinafronten (1976–) med meldingar, møtereferat, sakpapir og debattstoff.

Munnelege kjelder

- Nils Butenschøn vart intervjuet 28. november 2006
- Kjell Bygstad vart intervjuet 23. august 2006
- Eldbjørg Holthe vart intervjuet 21. november 2006
- Trond Ali Linstad vart intervjuet 24. november 2006
- Terje Lund vart intervjuet 20. september 2006
- Peder Martin Lysestøl vart intervjuet 22. september 2006
- Odd Kristian (Kian) Reme vart intervjuet 9. oktober 2006
- Finn Sjøe vart intervjuet 6. november 2006
- Boye Ullmann vart intervjuet 23. juni 2006
- Ebba Wergeland vart intervjuet 29. november 2006

Litteratur

- Bergh, Trond og Knut Einar Eriksen. *Den hemmelige krigen. Overvåking i Norge 1914-1997*. Oslo: Cappelen, 1998.
- Brennpunkt Palestina*. Oslo: Sosialistisk Opplysningsforbund, 1979.
- Butenschøn, Nils. "Palestinakomiteen." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Bygstad, Kjell. "Vedrørende henvendelse fra DS om KBs medlemskap i partiet." (1975):
- Bygstad, Kjell. "Norsk Midt-Østen politikk og solidaritetsarbeidet for palestinerne." *Vardøger* 29 (2004): 172-90.
- Carpenter, R. Charli. "Setting the advocacy agenda. Theorizing issue emergence and nonemergence in transnational advocacy networks." *International Studies Quarterly* 51 (2007): 99–120.
- Cleveland, William L. *A History of the Modern Middle East*. 2 ed. Boulder, CO: Westview, 2000.
- Drolsum, Nina. "The Norwegian Council for Southern Africa (NOCOSA): A study in solidarity and activism." I *Norway and national liberation in Southern Africa*, redigert av Tore Linné Eriksen, 211–65. Stockholm: Nordiska Afrikainstitutet, 2000.
- Holthe, Eldbjørg, intervju av Tarjei Vågstøl, 21. november 2006.
- Tjønneland, Elling Njaal. "Solidaritetskomiteen for Vietnam." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- For PLO i Libanon. Brev fra Palestinakomiteens helseteam 1976–78*. Oslo: Palestinakomiteen, 1978.
- Framtid for Midtøsten?* Oslo: Sosialistisk opplysningsforbund, 1994.
- Nilsen, Fritz. "Folkekrig." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.

- Furre, Berge. *Norsk historie 1914–2000*. Oslo: Samlaget, 2000.
- Godbolt, James. "Vietnam-spørsmålet og det norske samfunnet." Høgskolen i Vestfold, upublisert.
- Granås, Kyrre. "3 verdener – en kommentar til angrepene mot Mao Tse-tungs inndeling av verdens land i 3 grupper." *Røde Fane* 1978, nr. 1 (1978): 2-96.
- Hagelin, Bjørn og Rune Slagstad. "Ideologi." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Halvorsen, Terje. *Partiets salt. AUFs historie*. Oslo: Pax, 2003.
- Dahl, Hans Fredrik. "Folkefront." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Hansen, Rolf Rynning. "Historieforfalskning?" *Rødt* 2005, nr. 3 (2005): 76-78.
- Hansson, Steinar. "Aksjonsenhet." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Hansson, Steinar. "Front." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Hansson, Steinar. "Solidaritetskomiteen for Chile." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Harris, Lillian Craig. "China's relations with the PLO." *Journal of Palestine Studies* 7, nr. 1 (1977): 123-54.
- Hobson, Rolf. *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500–1945. Samfunnsendring, statssystem, militær teori*. Oslo: Cappelen, 2005.
- Hybertsen, Gunnar. *Vitne*. Samlaget, 2006.
- Ivarsen, Morten. "Holdning til Seks-dagers krigen mellom Israel og araberne i 1967 i et utvalg av norske aviser." Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1995.
- Kjeldstadli, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget, 1992.
- Kolmannskog, Håkon. "Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla. Det umogleges kunst 1965–1980." Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2006.

- Linstad, Trond Ali, intervju av Tarjei Vågstøl, 24. november 2006.
- Lund-kommisjonen. "Lund-rapporten. Rapport til Stortinget fra kommisjonen som ble nedsatt av Stortinget for å granske påstander om ulovlig overvåking av norske borgere." *Dokument 15 (1995-96)* (1996): 624 s.
- Lysetøl, Peder Martin. *Palestinerne – Historie og frigjøringskamp*. Oslo: Oktober, 1974.
- Mork, Ragnhild. "Kinas raude sol." Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1996.
- Olsen, Heidi. "Seksdagerskrigen – et vendepunkt? Norge og Midtøsten-konflikten på 1960-tallet." Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1998.
- Pappe, Ilan. *A History of Modern Palestine. One Land, Two Peoples*. Cambridge: Cambridge University Press, 2004.
- Passy, Florence. "Political altruism and the solidarity movement: An introduction." I *Political altruism? Solidarity movements in international perspective*, redigert av Marco Giugni og Florence Passy, 3–26. Lanham m.fl.: Rowman & Littlefield, 2001.
- Rovde, Øystein Jackwitz. "I solidaritetens navn. LOs forhold til Midtøsten 1947–2002." Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2004.
- Sahliyah, Emilie F. *The PLO after the Lebanon War*. Boulder, London: Westview Press, 1986.
- Salomon, Kim. *Rebeller i takt med tiden. FNL-rörelsen och 60-talets politiska ritualer*. Stockholm: Rabén Prisma, 1996.
- Schultz, Eckehard, Günther Krahl og Wolfgang Reuschel. *Standard Arabic. An elementary-intermediate course*. Cambridge: Cambridge University Press, 2000.
- Seierstad, Dag. "Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund." *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* 9, nr. 1 (1984): 139-68.
- Shlaim, Avi. *The Iron Wall. Israel and the Arab World*. London: Penguin, 2000.
- Sjøli, Hans Petter. "Fra raddis til kader: Kineseri i tidens ånd. Om ml-erne og det antiautoritære opprøret." Universitetet i Oslo, 1996.

- Sjøli, Hans Petter. *Mao, min Mao. Historien om AKPs vekst og fall*. Oslo: Cappelen, 2005.
- Steigan, Pål. "AKP(m-l) 5 år – Pål Steigans tale på festmøtet." *Røde Fane* 1978, nr. 1 (1978): 97-102.
- Steigan, Pål. *På den himmelske freds plass. Om ml-bevegelsen i Norge*. Oslo: Aschehoug, 1985.
- Stjernø, Steinar. *Solidarity in Europe. The history of an idea*. 2005.
- Stø, Eivind. "AKPs sovjetanalyse – et tilbakeblikk." *Røde Fane* 1991, nr. 1-2 (1991):
- Tamnes, Rolf og Tom B. Jensen. *Oljealder: 1965–1995*. Oslo: Universitetsforlaget, 1997.
- Tarrow, Sidney. *Power in movement. Social movements and contentious politics*. Cambridge: Cambridge University Press, 1998.
- Tvedt, Terje. *Verdensbilder og selvbilder*. Oslo: Universitetsforlaget, 2002.
- Tveit, Odd Karsten. *Alt for Israel. Oslo–Jerusalem 1948–78*. Oslo: Cappelen, 1996.
- Tveit, Odd Karsten. *Krig og diplomati. Oslo–Jerusalem 1978–1996*. Oslo: Aschehoug, 2005.
- Keul, Vidar. "AUF." I *PaxLeksikon*, redigert av Hans Fredrik Dahl m.fl., Oslo: Pax, 1982.
- Waage, Hilde Henriksen. *Norge – Israels beste venn. Norsk Midtøsten-politikk 1949-1956*. Oslo: Universitetsforlaget, 1996.
- Waage, Hilde Henriksen. *Peacekeeping is a risky business. PRIO Report*. Oslo: PRIO, 2004.
- Yapp, M. E. *The Near East since the First World War*. Harlow: Pearson Education, 1996.